# V e s t m a n n a l a g e t

## Årsmelding 1967.

**Stjorni:** På årsmötet 18. april 1967 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Johs. Fjeldstad, Ivar Gjelsvik, Olav Brattegard og Solveig Fjellbirkeland. Brattegard vart vald i staden for Per Thorson som bad seg fri, for dei andre var det attval. Varamenn vart Ingerd Hirth, Besse Bönes og Torgrim Titlestad. Stjorni valde etterpå Johs. Fjeldstad til varaformann, og Solveig Fjellbirkeland til kassastyrar og skrivar. Solveig Fjellbirkeland måtte av helsegrunnar segja ifrå seg arbeidet i august 1967. Ingerd Hirth vart då fast med i stjorni, og vart vald til skrivar. S. J. Nigar vart vald til ny kassastyrar.

**Målsmenn:** I Bygdelagsnemndi: Johs. Fjeldstad, Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal. Varamenn: Arnfinn Haga, Ivar Gjelsvik. I Kyrkjenemndi: Solveig Fjellbirkeland, varamann Anna Gjerlöw. (Der hev Eigil Lehmann mött på slutten av arbeidsåret, etter serskild uppnemning i stjorni).
I Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik, varamann Georg Nyborg.
I Det norröne Grönlandslaget: Sören Ve, (Johs. Fjeldstad,) Ludv. Jerdal. Varamenn: Ivar Gjelsvik, (Eigil Lehmann.)
Fanevakter: (Olav Åsvang,) Torkel Björkheim, Steinar Drösdal, Torgrim Titlestad.
Bladstjorn for "Tuftekallen": S. J. Nigar, Arnfinn Haga, Mari Madland, Fridtjov Vik.
Ettersynsmenn: Ingv. Olsvold, Sören Ve.

**Möte og samkomor:** Laget hev sidan årsmötet halde 7 vanlege möte, alle på Kaffistova til Bondeungdomslaget, Torget 1. Stjorni hev halde 10 möte. Det hev vore eit godt arbeidsår, med jamnt godt frammöte, men me saknar framleis dei fleste av dei yngre ~~lagsmötet~~ lagsfolki på lagsmöti.

**Fyredrag og talor:** På lagsmöti er det haldne i alt 9 fyredrag og talor, og dertil 2 hovudtalor på 100-årsgildet, forutan ei lang rad helsingstalor på dette jubileumsgildet. Samla på möte og gilde er det soleis halde 11 fyredrag og talor, og dertil alle helsingane.

Årsmötet 18. april var forutan årsmöte ogso minnemöte for Lars Eskeland (100 år sidan han vart född). Fylkesagronom Henry Oma gav eit bilete av læraren Lars Eskeland, og skulestyrar Besse Bönes kom serskilt inn på kor stor ein talar og målmeister Lars Eskeland var. Mari Madland las av Lars Eskelands talor og dikt. Sönene til Lars Eskeland, högskulestyrar Öystein Eskeland og lektor Sigurd Eskeland, var med på mötet og drog i stutte talor fram minne um far sin.

På mötet 9. mai tala universitetsstipendiat Sigurd Bretteville-Jensen um hardingfela, um historikk og tradisjon.

Mötet 30. mai var ein Lorentz Hop-kveld. Det var 80 år sidan den kjende Fana-spelemannen var född, og laget skipa eit minnemöte saman med Spelemannslaget "Fjellbekken". Spelemenner frå "Fjellbekken" (Dale, Lien, Sörsdal og Furnes) spela Hop-slåttar, og formannen i Vestmannalaget, Ludv. Jerdal, tala um Lorentz Hop og spelet hans. Det var og talor av formannen i "Fjellbekken", Arne Mellesmo, og av Oddmund Dale, som drog fram personlege minne dei hadde um Lorentz Hop.

Mötet 24. oktober var nærast ein Islands-kveld. Res. kap. Eigil Lehmann greidde då ut um "Islendsk-Norsk Ordbok" som var komi dette året, og um arbeidet med boki.

14. november var mötet skipa som ein Finlandskveld (i samband med 50-årsminnet um Finland fritt). Skulestyrar Besse Bönes fortalde frå den umskiftande finske soga, um fridomsstriden, vinterkrigen, og um landet og folket.

På mötet 5. desember fortalde yverlærar Olav Omvik, premivinnar på landsbasis i den store tevlingi um livsminne frå eldre, sett i gang av Nasjonalforeningen mot tuberkulosen for Folkehelsen. Det var serleg

barne- og ungdomsminne frå heimegrendi si i Omvikdalen i Kvinnherad
han kom inn på.
På mötet 13. februar vart det spela upptak frå 100-årsgildet i
Håkonshallen, og ei mengd gode bilete frå gildet var lagde fram.
Hundradårsgildet. 100-års-minnet for skipingi av laget er det likevel
som mest hev merkt dette arbeidsåret. Stjorni dryfte upplegget for
högtidingi tidleg, og det store ynskjemålet var å kunna skipet gildet
i Håkonshalli, storstova i gamle Björgvin. Etter fyrearbeid og söknad
ytte Bergen by og Hordaland fylke eit tilskot til jubileumshögtidi som
gjorde det forsvarleg å leggja gildet til Håkonshallen. Alle lagsfolk
vart innbedne til å vera gjester, saman med finansutvalet i Bergen
og fylkesutvalet i Hordaland, dertil landssamskipnader og lokale sam-
skipnader som Vestmannalaget hev havt eller hev samarbeid med. Det
vart ei lang lista med innbedne. (Lista ligg ved årsmeldingi). Men
rimeleg nok vart det ikkje so fåe som av ein eller annan grunn laut
melda forfall. 132 gjester mötte.
Det vart ei stilfull högtid i den vyrdelege halli. Det var prenta eit
hefte på 20 sidor med gode bordsongar (nye songar av Eigil Lehmann og
Sofia Melkild, forutan gamle songar som er skrivne til tidlegare
jubileumsgilde i laget). 8 spelemenner frå "Fjellbekken" var med og
spela hardingfela, og dertil spela Sigbjörn Bernhoft-Osa. xxxx Han var
og saman med "Fjellbekken"-spelemennene då dei utpå notti spela upp
til dans i kongshalli. Per Berge frå Voss var ein grepa kjökemeister,
han styrde bordseta med godt humör, og han sòng-og las kvæde av Sivle
og Aasen. Det kom helsing til gildet frå Kong Olav, frå Thorsteinn
Viglundsson, Island og frå æresformannen i Svenska Ungdomsringen för
Bygdekultur, Eric Ström, og frå mange andre. Gåvor vart det mange av:
Sjekkar, nytte- og prydnadsting, og blomar. Sume lagsfolk sende og
pengegåvor til högtidi. Gildetalen vart halden av professor dr. Olav
Brattegard, medan formannen Ludv. Jerdal gav ei attersyn på lagssoga
og tala for skiparane og heiderslagsmennene. Talarrekkja ved bordet i
halli og etterpå ved kaffibordi nede i hallene var lang. - Hotel Orion
stod fyre matstellet. Det vart bode på gravlaks med Bergenskringlor,
reinsdyrsteik med nyrörde tytebær, og isbombe med moltor.
Heiderslagsmenn: På xxxx 100-årshögtidi vart desse 8 utnemnde til
heiderslagsmenn: Kångsbonde Joannes Patursson, Kirkjebour på Færöyane
(han og kona hans var med på gildet), Per Berge frå Voss, Anna Björndal,
Ingrid Gjelsvik, Hildur Hirth, Anna Gjerlöw, Simon Johan Nigar og Olav
Omvik, Bergen. Frå fyrr hadde laget desse heiderslagsmenn: Gudtorm
Vatndal, Martin Vik, Albert Joleik og islendingen Thorsteinn Th.
Viglundsson. Laget hev soleis no 12 heiderslagsmenn.
Lagsfolk: Talet på lagsfolk er 140. Årspengane er 10 krunor.
100-års-program i Kringkastingi: I samband med 100-års-jubileet til
Vestmannalaget hadde mange blad kringum i landet umtale av laget, både
fyre og etter högtidi. Og Norsk Rikskringkasting sende eit 50 minuttars
program yver riksnettet på jubileumsdagen 21. januar. Det hadde til
titel "Dannelsen udgaar fra Vestmannalaget" og var laga av sendeleidar
Arthur Klæbo. Av lagsfolk var desse med i programmet: Olav Brattegard,
Arnfinn Haga, Conrad Clausen, Eigil Lehmann og formannen Ludv. Jerdal.
Dagen etter jubileumsgildet i Håkonshallen sende Bergenssendaren til
NRK eit reportasjeprogram frå gildet, laga av programsekretær Johs.
Tvedt. Det vart teke upptak på ljodband av gildet i Håkonshallen, og
fotografane Magne Skeie og Ludvig Thunes var tinga til å fotografera.
Mange fine bilete vart tekne den kvelden.
Ein studiering med Anna Gjerlöw til leidar dryfter litterære emne.
Heidringar: Det er sendt krans til båra åt skulestyrar Einar Bö, og
lagt blomar ved formannen då minnesmerket yver rektor Severin Eskeland
vart avduka.
Eiga: Henrik Krohns og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr. 7232,84.
Laget hev luter i L/L. Bygdehuset i Bergen for kr. 1500,-. Nokre målar-
stykke er på Hotell Hordaheimen og hjå formannen, og nokre böker ligg hj
Ivar Gjelsvik. Björgvin 5. mars 1968. I stjorni for Vestmannalaget:
Ludv. Jerdal. Johs. Fjeldstad. Ivar Gjelsvik. Olav Brattegard. Ingerd Hirt

(Tillegg til årsmelding for Vestmannalaget 1967).

Utetling ogx gåvor.
I utetling frå Lagsbrúki til Bondeungdomslaget i Bergen hev laget fenge kr. 800,-. Det er gjeve ei löyving på kr. 200,- til Norsk Måldyrkingslag til eit serskilt tiltak laget hadde, og til Kyrkjenemndi i Bergen vart gjeve kr. 200,- til 50-års-jubileet i februar 1968.
Til Vestmannalaget kom det mange gåvor i samband med 50-års-jubileet.

4/3 68 M

# Godt arbeidsår i Vestmannalaget

Vestmannalaget har halde årsmøte og valt oppatt Ludv. Jerdal til formann. I stjorni elles vart attvalde Johs. Fjeldstad, Ivar Gjelsvik, Olav Brattegard og Inger Hirth. Varamenn vart Besse Bønes, Fritz Monrad Walle og Liv Nyborg. — S. J. Nigar held fram som kassastyrar. Det var elles ei rekkje andre val til nemnder og lag der Vestmannalaget har målsmenn, soleis til Bygdelagsnemndi i Bergen: Johs. Fjeldstad, Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal, til Kyrkjenemndi i Bergen for 2 år: Eigil Lehmann, til Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik, i Det Norrøne Grønlandslaget: Eilif Asbo, Søren Ve og Ludv. Jerdal. I bladstjorni for lagsbladet kom S. J. Nigar, Arnfinn Haga, Mari Madland og Fridtjov Vik.

Årsmelding og rekneskap bar bod om eit godt arbeidsår, med jamn møteverksemd, og med 100-års-jubileet, som vart høgtida i Håkonshallen, som det store topp-punktet. Etter at vali var undangjorde bar varaformannen i laget, Johs. Fjeldstad, fram ei serskilt takk til formannen for arbeidet hans med 100-årsgildet, og formannen svara at han vilde dela denne takki med dei andre i stjorni.

Det var bordseta på årsmøtet, som vart halde på kaffistova til B.u.l., og det vart køyrt eit kringkastingsprogram om Vestmannalaget, etter at Magne Skeie frå Askøy hadde synt ei mengd gode fargeljosbilete frå det store gildet laget heldt i Håkonshallen.

# Vestmannslaget

## Årsmelding 1968/69

**Stjorni:** På årsmötet 5. mars vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart attvalde Johs. Fjeldstad, Ivar Gjelsvik, Olav Brattegard og Ingerd Hirth. Varamenn vart Besse Bönes, Fritz Monrad Walle og Liv Nyborg. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og S. J. Nigar hev halde fram som kassastyrar.

**Målsmenn** I Bygdelagsnemndi: Johs. Fjeldstad, Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal. Varamenn: Arnfinn Haga og Ivar Gjelsvik. Kyrkjenemndi i Bergen (valde for tvo år): Eigil Lehmann. Varamann Besse Bönes. I Idrottslaget Gular, rådet: Ivar Gjelsvik, varamann Georg Nyborg. I Det Norröne Grönlandslaget: Eilif Åsbo, Sören Ve og Ludv. Jerdal. Varamenn: Ivar Gjelsvik og Johs. Fjeldstad. Fanevakter: Torkel Björkheim, Steinar Drösdal og Torgrim Titlestad. Ettersynsmenn: Ingv. Olsvold og Sören Ve. Bladstjorn for lagsbladet "Tuftekallen": S. J. Nigar, Arnfinn Haga, Mari Madland, Fridtjov Vik.

**Möte og samkomor:** Laget hev sidan fyrre årsmötet halde 13 vanlege möte, alle på Kaffistova til Bondeungdomslaget, Torget 1. Stjorni hev halde 6 möte. Det hev vore eit godt arbeidsår, med jamnt godt frammöte. Det er framleis den trugne flokken av eldre lagsfolk som kjem til möti, og me saknar dei unge. Det eine av dei 13 möti vart elles halde i heimen til heiderslagsmannen vår, guteheimskulestyrar Gudtorm Vatndal, stutt tid etter at Vatndal hadde fylt 100 år. Mötet var i Ådnatun, Indre Arna. I tillegg til möteverksemdi hev laget vore med og skipa ein Vestlandskappleik i mars 1969 som vart sers vellukka. Sjå um dette lenger nede i årsmeldingi. Saman med Vestlandske Teaterlag heldt bygdelagi fest til /jol.

**Möte og samkomor: Fyredrag og andre program:**

Det er halde i alt 14 fyredrag eller talor. På årsmötet 5. mars 1968 vart det köyrt upptak av kringkastingsprogram um Vestmannalaget, styrt av sendeleidar Arthur Klæbo, og Magne Skeie frå Asköy synte fine fargeljosbilete frå 100-årshögtidi i Håkonshalli 21. januar. På lagsmötet 26. mars fortalde Fritz Monrad Walle um ei ferd i fotefari til Columbus, og synte fargeljosbilete til. På mötet 16. april fortalde formannen Ludv. Jerdal um det storfelde 100-årsjubileet til Det Norske Samlaget i Oslo, eit jubileum som varde i dagane 22. - 24. mars og som Vestmannalaget var innbede til. Gåva som Vestmannalaget gav til "storebror" i hovudstaden var ein primstav, utskoren og ferda til på Universitetet i Bergen. På dette mötet 16. april las presten Eigil Lehmann prövor på islendsk lyrikk som han sjølv hadde sett um til norskt mål. På mötet 7. mai tala dosent Reidar Djupedal um Åsmund Olavsson Vinje, ein mann mot straumen. Mötet var skipa som ein Vinjekveld i samband med 150-årsminnet. Formannen las lyrikk av Åsmund Vinje, og lektor Arnfinn Haga las Vinjes "Fesjåtale". 11. juni var det möte heime hjå Gudtorm Vatndal, Ådnatun. Vatndal og hushaldaren hans, Åsta Presttun tok vel imot oss. Det var program i mange bolkar. Formannen Jerdal tala um Vatndal og livsverket hans, og Vatndal sjölv fortalde levande og forvitneleg frå sine mange livsminne. Dette vart siste mötet Vatndal fekk vera med på i Vestmannalaget.
På fyrste mötet etter ferien, 1. oktober, tala lektor Arnfinn Haga um landsmötet til Noregs Mållag i Bö i Telemark og hadde mange vonfulle ting å draga fram, um vaknande vilje til å verna og dyrka godt mål, ikkje minst millom dei unge. Presten Eigil Lehmann sköytte til frå sine inntrykk av landsmötet, og deretter var det ordskifte der mange var med. 22. oktober tala universitetslektor Albert Lange Fliflet um Kalevala, det finske nasjonal-eposet som han hev umsett frå finsk til telemål eller Aasen-mål. Han las og prövor på umsetjingi. 12. november var det ordskiftemöte. Emnet var "Kva er norsk?", og Reidar W. Evensen og Arnfinn Haga innleidde. Det var livleg samtale etter innleidingsfyredragi. 3. desember heldt laget minnemöte um kunstvevar Ragna Breivik. Kunstnaren Magnus Hardeland tala um Ragna Breivik og livsverket hennar.

21. januar 1969 var det 101-årsdagen til Vestmannalaget. På det mötet heldt professor dr. Bjarne Ulvestad fyredrag um mågranskaren Ivar Aasen og tradisjonen. På möjet 11. februar var det fyredrag av professor dr. Per Thorson um Amtmann de Fine i Rogaland og det grunnleggjande samlarverket hans um Stavanger Amt, det noverande Rogaland fylke.
4. mars tok banksjef Eilif Åsbo oss med på ei storfeld ferd til Amerika. Med fyredrag og fargeljosbilete gav han lyden mykje forvitneleg stoff frå det mektige og mangslungne USA, som han vitja medan presidentvalet gjekk som hardast i fjor haust.
Vestlandskappleik: I samarbeid med Spelemannslaget "Fjellbekken" og Bygdedanslaget i Björgvin skipa Vestmannalaget Vestlandskappleik i spel og folkedans, i Gimle i helgi 22. og 23. mars. Med i kappleiknemndi var frå Vestmannalaget Jonas Myhre og Ludv. Jerdal. Kappleiken samla ikring 100 aktive dansarar og spelemenn og vart sers vellukka. Det var stort frammöte til dei fyre tilskipingane. Ei mengd fine gåvepremiar og ogso vandrepokalar kom til kappleiken. Norsk Rikskringkasting ved programsekretær Rolf Myklebust gjorde upptak på heile kappleiken, og Lise Foss frå Fjernsynet gjorde upptak til bruk i fjerrsjå seinare. Beste spelemann i klasse A vart Leif Rygg, Voss, best i klasse C vart den unge Einar Mjölsnes frå Voss, og beste dansarparet vart Gunnvor og Dagfinn Kjosås, Bergen, medan Astrid Helgesen vart peika ut som den beste dansaren på kappleiken.
Studieringen i laget hev halde fram. Anna Gjerlöw er leidar.
Tuftekallen, det handskrivne bladet, er stödt ein kjærkomen gjest på möti.
Gåvor: I utetling frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget hev laget fenge 800 kr., i jubileumsgåva frå Henrik Krohns og Hustrus Legat 1000 kr. i samband med 100-årsjubileet.
Heidringar: Det vart gjeve blomar til Kalevala-umsetjaren Albert Lange Fliflet då han vitja laget med Kalevala-program. Og banksjef Eilif Åsbo vart heidra med ei blomekorg i samband med at han i dette året vart riddar av St. Olavs Orden. Formannen mötte i heimen til Gudtorm Vatndal med blomar på 100-årsdagen hans den 31. mai 1968. Det er og gjevne blomar til andre lagsfolk som hev havt "runde dagar", soleis til John Runshaug på 85-årsdagen. På båra til Albert Joleik la laget krans ved presten Eigil Lehmann, på bårone til Hans Myklebost, Martin Vik og Gudtorm Vatndal ved formannen.
Heiderslagsmenn: Tri av heiderslagsmennene i Vestmannalaget er falne ifrå i dette meldingsåret. Redaktören og bygdebokmannen Albert Joleik döydde i mai 1968, kjöpmann Martin Vik döydde i januar 1969, og guteheimskulestyrar Gudtorm Vatndal döydde i februar 1969. Det vart lagde blomar på bårone deira, og i gravferdene til Martin Vik og Gudtorm Vatndal mötte Vestmannalaget med floromvunni fana. Joleik, Vik og Vatndal var millom dei eldste i laget, dei hadde vore uvanleg lenge med, og synte stor truskap mot ideen som samlar laget. Vatndal var eldst, nær 101 år gamal, Vik var 92 år, og Joleik 88 år. Det vert tomrom etter desse trauste og sermerkte mennene, men minnet um deim vil leva i Vestmannalaget og vestnorsk kultursoga.
Lagsfolk: Laget hev 152 lagsfolk. Årspengane er 10 krunor.
Eiga: Henrik Krohns og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr. 7654,11. Det er i året etla ut ei gåva til Vestmannalaget i samband med 100-årsjubileet på kr. 1000.-. Laget hev luter i L/L. Bygdehuset i Bergen for kr. 1500.-. Nokre målarstykke heng på Hotell Hordaheimen og hjå formannen. Formannen tek og vare på gåvor som kom til 100-årshögtidi og tidlegare. Nokre böker ligg hjå stjornarmannen högsterettsadvokat Ivar Gjelsvik, og fana til laget stend i Gimle der vaktmeister Georg Nyborg hev skaffa plass.

Björgvin 25. mars 1969.

V e s t m a n n a l a g e t

**Årsmelding 1969/70.**

---

Stjorni: På årsmötet 25. mars 1969 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik, Johannes Fjeldstad og Ingerd Hirth. Varamenn vart Besse Bönes, Fritz Monrad Walle og Liv Nyborg. - Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og S. J. Nigar kassastyrar.

Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Johs. Fjeldstad, Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal. Varamenn: Arnfinn Haga og Ivar Gjelsvik.
I Kyrkjenemndi (på val i 1970): Eigil Lehmann, varamann Besse Bönes.
I Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik. Varamann Georg Nyborg.
I Det norröne Grönlandslaget: Eilif Åsbo, Sören Ve, Ludv. Jerdal. Varamenn: Johs. Fjeldstad, Ivar Gjelsvik.
Fanevakter: Torkel Björkheim, Steinar Drösdal, Torgrim Titlestad.
Bladstjorn for "Tuftekallen": S. J. Nigar, Fridtjov Vik, Mari Madland, Arnfinn Haga.

Möte og samkomor: Laget hev hald 9 vanlege möte, alle på Kaffistova til Bondeungdomslaget, Torget 1. Stjorni hev halde 5 möte. Frammötet hev vore jamnt godt.

Fyredrag og talor: På lagsmöti er det halde i alt 9 fyredrag eller talor. Det hev elles vore samröda eller ordskifte på flestalle möti, og dertil upplesing, felespel og anna. Og bordseta på alle möti. På årsmötet 25. mars fortalde skipper N. J. Vangsnes um Fresvik-bygdi - um vegspursmål, arbeidsliv og kulturliv i ei avstengd Sognabygd. På mötet 15. april rödde skrivar og redaktör Hallvard Bergwitz um folkedikting i Telemark og kvad folketonar ifrå heimegrendene sine. Spelemannen Hallvard ~~Sörsdal~~ Sörsdal spela på hardingfela slåttar frå Telemark og frå Vestlandet. På mötet 23. september tala universitetsdirektör Magne Lerheim um stortingsvalet og den politiske stoda etter valet, og det var eit lengre politisk ordskifte. Tvo framifrå gode fargefilmar frå Vossabygdi vart synte. Mötet 14. oktober var vigd landsmötet til Noregs Mållag, i Öystese sumaren 1969. Lektor Arnfinn Haga ~~xx~~ gav ei vurdering av årsmötet og vedtaki der, og det var ordskifte der Eigil Lehmann, Besse Bönes og andre var med. På mötet 4. november tala presten Eigil Lehmann um utkastet frå Salmeboknemndi til ny salmebok for Den norske Kyrkja, og stjorni fekk fullmakt til å senda ei fyreteljing um den saki, saman med Lehmann. Den 25. november tala redaktör David Gjerme um Johannes Leiddal, den "levande modellen" til Kolbein Hausa. Gjerme las òg Sivlestubbar og fortalde andre sogor frå det gamle Voss, og gav dermed og gode prövor på vossamålet. På mötet 9. desember rödde journalist Gunnar-Inge Lyngroth um stevdiktingi og kvedingi i Setesdal, og han kvad på setasdalsmål. På mötet 20. januar mintest me 102-årsdagen til Vestmannalaget, og lektor Arnfinn Haga tala um den nye pröveliturgien, med titelen "Ein kyrkjeliturgi på dysjegrått kvardagsmål". Det var mykje ordskifte, og stjorni fekk fullmakt til å senda ei fyreteljing til Kyrkjedepartementet. Fyreteljingi skal lagast i samråding med Lehmann og Haga. Den 10. februar var det eit Eirik Hirth-möte, eit minnemöte for målhovdingen og vestmannen Eirik Hirth. Skulestyrar Besse Bönes teikna i ein tale eit levande og klårt bilete av den markante målmannen, skulemannen og skipingsmannen Eirik Hirth, og Nils Haukås, Eigil Lehmann og Gerh. Garatun-Tjeldstö las or böker og blad prövor på det Hirth hev skrive, serleg innlegg og stridsartiklar um målreising og måldyrking.

Kappleik. I samband med 900-årsjubileet for Bergen by er det no i fyrebuing ein Jubileumskappleik som skal haldast i Gimle 7. og 8. mars. Stjorni hev til hovudnemndi nemnt upp Jonas Myhre og Ludv. Jerdal.

Ivar Aasen-sambandet. På lagsmötet 10. februar vedtok laget samröyst -es å melda seg inn i Ivar Aasen-Sambandet, etter at denne samskipnaden no hev opna höve for lag òg - mot fyrre berre einskildmenn - til å vera med.
Bokreidsla. Vestmannalaget hev i 1969 gjeve ut ei islendsk-norsk uttaleordbok ("parlör") som presten Eigill Lehmann hev skrive, eit nybrotsarbeid som laget hev ytt 1000 kr. til. Lehmann hev sjölv kost det meste av prentingsarbeidet, attåt at han hev skrive boki.
Studieringen hev vore i arbeid med Anna Gjerlöw til leidar. Ringen tek seg av litterære emne.
Tuftekallen, det handskrivne bladet, hev kome på kvart möte og hev havt mykje godt innhald, takka vere ei dugande bladstjorn.
Utetling. Frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget hev laget fenge ei utetling på 900 krunor. Avsp. [illegible] 20 kronor
Lagsfolk og heiderslagsmenn. Laget hev 145 lagsmenn. Ein tidlegare formann og mangeårig stjornarmann , professor dr. Per Thorson, döydde hausten 1969 , 70 år gamal. I heile si Bergens-tid var Per Thorson aktiv lagsmann og gjorde laget store tenestor, og Vestmannalaget vil göyma minnet um denne gjæve vitskapsmannen og målmannen. Laget mötte fram i gravferdi med florumvunni fana, og sende krans til båra.
Laget hev 9 heiderslagsmenn: Thorsteinn T. Viglundsson, Vestmannaeyjum, Island, Joannes Patursson, Kirkjuböur, Færöyane, Per Berge, Voss, Hildur Hirth, Bergen, Anna Gjerlöw, Bergen, Anna Björndal, Bergen, Ingrid Gjelsvik, Bergen, S. J. Nigar, Minde i Fana, og Olav Omvik, Bergen.
Eiga. Henrik Krohns og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr. 7871,32. Av denne summen stend kr. 7000 i obligasjonar, resten stend på bankbok i Vestlandsbanken. Det hev ikkje vore nokor utetlin frå legatet i meldingsåret. Laget hev luter for kr. 1500.- i L/L. Bygdehuset i Bergen, det er med i Bygdelagsnemndi i Bergen, i Håkonshallens Venner, og frå og med 1970 i Ivar Aasen-sambandet. Ein slump böker er hjå högsterrettsadvokat Ivar Gjelsvik og hjå formannen Ludv. Jerdal. Hjå formannen heng og nokre målarstykke (2) som laget eig, og der er og bysta av Jon Sigurdsson og dei gåvone som kom til 100-årsgildet i 1968. Nokre målarstykke er og på Hotell Hordaheimen, og på Hordastova heng det store målarstykket av Bergslien: "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen", gåva frå Bergen by til 80-årshögtidi i laget i 1948.
Heidring. Det er sendt helsingar til lagsfolk som hev havt merkedagar og på 60-årsgildet til Bondeungdomslaget mötte formannen og bar fram ei gåva, eit drykkehorn med innskrift.

Björgvin 3. mars 1970.

I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal, Olav Brattegard. Ivar Gjelsvik.
Johannes Fjeldstad. Ingerd Hirth.

V e s t m a n n a l a g e t

Årsmelding 1970/71.

Stjorni: På årsmötet den 3. mars 1970 vart Ludv. Jerdal attvald til for-
mann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Johannes Fjeldstad,
Ivar Gjelsvik og Ingerd Hirth. Varamenn vart Besse Bönes, Fritz Monrad
Walle og Liv Nyborg. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth
skrivar, og Fridtjov Vik vart ny kassastyrar frå 1970, etter at S. J.
Nigar hadde bede seg fri attval.
Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Johs. Fjeldstad, Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal,
varamenn Arnfinn Haga, Ivar Gjelsvik. I Det Norröne Grönlands-
laget: Eilif Åsbo, Sören Ve, Ludv. Jerdal, varamenn Eigil Lehmann
og Johs. Fjeldstad. I Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik, varamann
Georg Nyborg. I Kyrkjenemndi (valde for tvo år): Eigil Lehmann,
varamann Besse Bönes. Bladstjorn for lagsbladet "Tuftekallen":
S. J. Nigar, Arnfinn Haga, Besse Bönes, Fridtjov Vik. Fanevakter:
Georg Nyborg, Steinar Drösdal, Torkel Björkheim.
Möte og samkomor: Laget hev sidan fyrre årsmötet halde i alt 12 vanlege
möte. Det hev saman med 2 andre lag skipa ein Vestlandskappleik som gjekk
inn i programmet for Byjubileet, det stod fyre olsokhögtidingi på Ålreken
olsokeftan, der minnesmerket, som Kyrkjesogelaget for Björgvin hev reist
yver bispen Johan Nordahl Brun, vart avduka, og det var bålbrenning på
Ålreken og tvo stader på Fanafjellet, og det var medtilskipar av ei Norrön
samkoma i rådssalen til Vestlandsbanken med biskopparet frå Island og
biskopparet frå Færöyane som var heidersgjester. Islands konsul i Bergen,
banksjef Eilif Åsbo, styrde samkoma samen med formannen i Vestmannalaget,
og ei rad norskdomslag og norröne lag var representera. Det var ei histo-
risk samkoma ogso på den måten at det vart tala islendsk, færöysk og norsk
i den talen som vart halden til heidersgjestene. Det var sokneprest Eigil
Lehmann som nytta dei tri norröne måli i dette hövet, og bispane frå
Island, Föröyar, Sigurbjörn Einarsson og Jakob Joensen, nytta eit stykke
på veg sine eigne mål i dei takketalane dei heldt. Det var ei uvanleg
vellukka og gild tilskiping, som kom i stand onsdag 9. september, 2 dagar
etter 800-årshögtidi for Björgvin bispedöme. Islands- og Færöyane-bispen
var med på dette kyrkjejubileet. Islands konsul, Eilif Åsbo, var vert for
samkoma med bispane, og Vestmannalaget gav deim kvar sitt eksemplar av
Gustav Indrebös "Norsk Målsoga" til minnegåva. Ingunn Skage song islendske
og færöyske songar, til tonefylgje av Sigmund Skage, og Oddmund Dale spela
slåttar på Hardingfela. På avdukingshögtidi på Ålreken avduka Björgvin
biskop monumentet yver Johan Nordahl Brun, formannen i Kyrkjesogelaget,
kyrkjeverja Helge Johnsen, styrde samkoma, og formannen i Vestmannalaget
gav ved ei tilskiping etterpå ei attersyn på olsokhögtiding i Björgvin i
farne tider.
Alle möti hev vore haldne på Kaffistova til Bondeungdomslaget, frårekna
eitt som var skipa til som ei synfaring på Bryggen med utgreiding um det
store restaureringsarbeidet som er gjort der. På årsmötet 3. mars las
sokneprest Eigil Lehmann artiklar frå blad og böker etter Eirik Hirth. På
mötet 18. mars heldt generalmajor Odd Mölster fyredrag um "Landforsvaret
på Vestlandet, Hauge-utvalet si tilråding", med ljosbilete. På mötet 14.
april tala direktör Peter M. Anker um "Husflid og bygdehåndverk fra gammel
til ny tid", ei sers forvitneleg yversyn som han illustrera med gode
fargeljosbilete og med ein film um husflitsarbeid på Vestlandet, teken upp
av Vestlandske Husflidslag. 9. juni var det minnemöte um frigjeringi 25 år
tidlegare. Der tala presten S. J. Nigar um minne frå livsferdi si, og
formannen Ludv. Jerdal skildra minne frå frigjeringsvåren 1945. Den 15.
juni var ein stor flokk lagsfolk på Bryggen der arkitekt Hans Jacob Han-
steen tok imot og synte ikring, og fortalde um atterreisingsarbeidet i
den bakre "brandgata", um brukskunstsentret m. m. Etterpå var mange av
lagsfolki på Bryggeteatert og såg "Jeppe på Bryggen".
Fyrste mötet etter sumarferien var 22. september. Lektor Arnfinn Haga skil-
dra landsmötet til Noregs Mållag i Ålesund, og det var eit lengre ordskifte.
På mötet 13. oktober las sokneprest Eigil Lehmann umsette dikt, og fortalde
um kva han legg vekt på når han umset til norsk frå andre mål. Den 3. nov.
ber hadde me eit program um "Myllarguten i ord og tonar". Redaktör Hallvard

Bergwitz fortalde um Myllarguten og bragdene hans, m. a. um mötet hans med Ole Bull, og spelemennene Oddmund Dale og Finn Vabö spela Myllarslåttar. På mötet 24. november tala yverbibliotekar Hallvard S. Bakken um segnfiguren Peer Gynt, og kom til at Gynt-tradisjonen i Gudbrandsdal er uekte, og at Gynt-namnet er av tysk upphav. Den 8. november var det eit minnemöte for Vinje (100 år sidan han döydde). Skulestyrar Besse Bönes tala um diktaren og personlegdomen Vinje, og Nils Haukås las lyrikk og prosa av Telemarkskalden. Betzy Röd sköytte på med nokre minneord um Aslaug Låstad Lygre, og las einskilde dikt etter henne.
19. januar 1971 tala högskulelærar Jakob Naustdal um vestnorsk planteliv, bygd på eigne granskingar og på granskingar av andre, og med ei mengd fine ljosbilete i fargar. 9. mars tok den islendske historikaren mag. art Björn Teitsson fyre seg spursmålet "Kvar kom islendingane (landnåmsmennen ifrå?" Han kom til at Vestlandet sende flest av landnåmsmenn til det nye riket i vest. Språket sitt fekk islendihgane ifrå Vest-Noreg.
Stjorni hev 6 möte.
<u>Jubileumskappleik</u>. Etter uppmoding frå Hovudnemndi for 900-årsjubileet for Bergen by tok laget på seg å skipa ein Vestlandskappleik i spel og dans, som gjekk inn i rekkja av tilskipingar i jubileumsprogrammet. Medtilskiparar var Spelemannslaget "Fjellbekken" og Bygdedanslaget i Björgvi Kappleiken var i Gimle i helgi 7, og 8. mars. Ordförar Ragnar Juell Morke opna kappleiken, det var stort frammöte av spelemenn og dansarar. Domarar å spel var Olaf Berge, Håkon Gudbrandsen og Sigv. L. Hop, i dans Torkel Björkheim, Randi Smörholm og Odd Berner Söreide.

Bergen by hadde sett upp fine gåvepokalar som gjekk til dei beste i kvar klasse. Dertil var det laga minnemedaljor i gull , sylv og bronse, med merket til Byjubileet, og xx alle fekk diplom saman med premien.
I spel vart Lars Skjervheim vinnar i klasse A, Sigmund Eikås frå Jölster vart best i klasse B., Anders Kjerland, Granvin best i klasse D, og Jostein Fjærestad, Vik vart vinnar i klasse C. I dans klasse A vart vinnarparet Svanhild og Steinar Drösdal, medan Annbjörg Kolltveit og Jon Låte, Odda vart best i klasse B. I klasse C og D var det ingen dansarar med. "Vandrepokalane" frå dei vanlege vestlandskappleikane var ikkje med på denne kappleiken, som kom utanum den vanlege "ruta". Frå Vestmannalaget mötte i hovudnemndi for kappleiken Jonas Myhre og Ludv. Jerdal. Norsk Rik kringkasting ved programsekretær Rolf Myklebust gjorde upptak på kappleik og det var eit folkemusikkprogram på riksnettet sundagen etterpå.
<u>Tuftekallen</u>, det handskrivne bladet, hev kome på mest kvart möte.
<u>Studieringen</u> med Anna Gjerlöw til leidar dryfter litterære emne.
<u>Gåvorx og utetlingar</u>: Frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget hev laget feng ei utetling på 900 krunor. Tvo lagsfolk hev gjeve pengegåvor.
<u>Heidringar</u>: Det er sendt helsingar og blomar til lagsfolk som hev havt "runde dagar".
<u>Heiderslagsmenn</u>: Laget hev 9 heiderslagsmenn: På Island Torsteinn T. Viglundsson, på Færöyane Joannes Patursson, og i Noreg desse: Per Berge, Anna Björndal, Anna Gjerlöw, Ingrid Gjels vik, Hildur Hirth, Olav Omvik, og S. J. Nigar.
<u>Lagsfolk</u>: Talet på lagsfolk er 149. Årspengane er 20 krunor.
<u>Eiga</u>: Henrik Krohns og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr. 8.536,2 Laget hev luter i L/L. Bygdehuset i Bergen for kr. 1500.-. Nokre målarstykke heng på Hotell Hordaheimen og hjå formannen. Hjå formannen er og ymse gåvor som er gjexvne til laget gjenom åri, nokre böker ligg hjå högsterettsadvokat Ivar Gjelsvik, og fana hev laget fenge rom til hjå vaktmeister Georg Nyborg i Gimle. Eignalutene er trygda.

Björgvin 1. mars 1971.

I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal. [illegible] Ingrid Hirth

[illegible]

# Vestmannalaget
# Årsmelding
## 1971/72.

Stjorni: På årsmötet den 3. mars 1971 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Johannes Fjeldstad, Ivar Gjelsvik og Ingerd Hirth. Varamenn vart Besse Bönes, Fritz Monrad Walle og Liv Nyborg. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og Fridtjov Vik kassastyrar. Johannes Fjeldstad döydde 9. desember 1971. Han hadde i ei lang årrekkja gjort stor innsats for Vestmannalaget, fyrst i mange år aktiv lagsmann, og frå 1956 med i stjorni der han lenge var varaformann. Vestmannalaget mötte i gravferdi hans med florumvunni fana, og krans vart lagd på båra. Me takkar for gjæv og trugen innsats, og heidrar minnet um Johannes Fjeldstad. Etter at Fjeldstad gjekk burt, hev Besse Bönes vore fast mann i stjorni.

Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Johannes Fjeldstad, Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal. Varamenn: Arnfinn Haga, Ivar Gjelsvik. I Det Norröne Grönlandslaget: Eilif Åsbo, Sören Ve, Ludv. Jerdal, varamenn Eigil Lehmann og Johs. Fjeldstad. I Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik, varamann Georg Nyborg. I Kyrkjenemndi (valde for tvo år, på val i 1972): Eigil Lehmann, varamann Besse Bönes. Bladstjorn for lagsbladet "Tuftekallen": S. J. Nigar, Arnfinn Haga, Besse Bönes, Fridtjov Vik. Fanevakter: Georg Nyborg, Steinar Drösdal, Torkel Björkheim. Ettersynsmenn for rekneskapane: Ingv. Olsvold og Sören Ve.

Möte og samkomor: Laget hev sidan fyrre årsmötet halde i alt 10 vanlege möte. 9 av möti var på Kaffistova til Bondeungdomslaget, Torget 1, 1 möte var kringsyning i Bergens Tidende med samkoma i mötesalen der etterpå. Laget var med og skipa ein Minnekappleik i folkemusikk og folkedans, til minne um den fyrste kappleiken i Vestmannalaget, i 1896 (75-årsjubileum).
Det er halde i alt 10 fyredrag eller talor.
På årsmötet 3. mars vitja Magne Skeie frå Asköy laget og fortalde frå Jubileumskappleiken i Bergen i 1970 i samband med 900-årsjubileet for Bergen. Han synte mange ljosbilete til. Målföregranskaren Guthorm Sollien tala um målföre og fortalde gode sogor frå ymse målföre i landet. På lagsmötet den 16. mars tok banksjef Eilif Åsbo oss med på ei forvitneleg ferd til Austen, det var ei skildring som vart illustrera med ei mengd gode ljosbilete i fargar, og som fortalde om gamal og sermerkt kultur. På mötet den 25. mai tala skulestyrar Besse Bönes um norsk målpolitikk, under titelen "Kvar stend Aasenfolki no?" Det var ordskifte med mange innlegg etterpå. Millom desse tvo sistnemnde möti hadde det vore möte den 21 april med umvising i Bergens Tidende, og samkoma i kantina til B.T. etterpå der det var handskrive blad, og takketale til vertskapet ved formannen. På mötet 12. oktober tala formannen i Vestlandske Mållag, lektor Arnfinn Haga um "Noregs Mållag, filologien og soga". Han vurdera dei siste hendingane i målsamskipnadene, utmeldingsvedtaket som Vestlandske Mållag gjorde, og utsegner som er komne frå Noregs Mållag. Det var livleg ordskifte etter fyredraget. Den 2. november heldt stortingsmann Thor Mykleburt fyredrag um Kommunavalet, rikspolitisk og i Bergen. Det var ordskifte med mange innlegg. Den 23. november vitja Magne Skeie laget, denne gongen med skildring av Minnekappleiken i april 1971, og med gode ljosbilete, både frå denne kappleiken, og frå historiske hende på Asköy. På mötet 11. desember presentera rektor dr. Sören Ve det fyrste bandet av Bygdebok for Årdal som var komi like fyrr og som Ve hev hovudæra for. Han fortalde um bygdi og um arbeidet med å samla tilfanget til bokverket. På mötet 18. januar 1972 tala lektor Arnfinn Haga um "Aasenfolket i målstriden", og på mötet 8. februar la journalist Alf Johansen fram problem for samefolket i nord, i eit fyredrag med titel "Samefolket i dag og i morgon". Etter båe desse fyredragi var det ordskifte. Det handskrivne bladet "Tuftekallen" hev kome på dei fleste möti, med mykje godt innhald. Det er eit programinnslag som mötelyden alltid set stor pris på. Frammötet til samkomone hev vore jamt godt.

Stjorni hev halde 9 möte.

Minnekappleik 1896/1971. Til minne um den fyrste kappleiken på hardingfela som Vestmannalaget heldt i Urdi hjå Frida og Olav Rusti i 1896 skipa Vestmannalaget saman med spelemannslaget "Fjellbekken" og Bygdedanslaget i Björgvin ein

Minnekappleik. Kappleiken var i Gimle laurdag og sundag 24. og 25. april 1971. Det vart gjeve ut eit programhefte med historikk, og med bilete av det fyrste vertsfolket for kappleiken, Frida og Olav Rusti, av Edv. G. Johannessen som var formann i 1896, og av spelemannene Sjur Helgeland og Lorentz Hop. Domarar i spel var Torkel Björkheim, Jan Petter Blom og Anton Ekerhovd frå Musikselskabet Harmonien, domarar i folkedans var Bjarne Holmås Gudrun Nielssen og Hermann Olsen. Det var innmelde 20 spelemenn på hardingfela, 1 på tusseflöyta og 1 i kveding, og dertil 31dansarpar i springar og rudl, og 3 hallingdansarar i lausdans. Det kom mange premigåvor til denne kappleiken. Serskilt nemner me at kjöpmann Sigv. L. Hop, Seim, gav ei Sjur Helgeland-medalja i gull som skulde gå til beste spelemann i klasse A. Medalja vart vunni av Lars Skjervheim frå Vossestrand, som er i ætt med Sjur Helgeland, som vann den fyrste kappleiken i Vestmannalaget. Hop gav og ei Bergenskrus til beste spelemann i yngste klasse for godt Mosafinnspel. Den premien gjekk til Fanaguten Axel Heienberg. Medalja til Lars Skjervheim fekk han for den beste tolkingi på kappleiken av Sjur Helgeland-spel. Beste paret i dans vart Randi Smörholm og Torkel Björkheim. Beste spelemann i klasse D vart Anders Kjerland frå Granvin, best i klasse C vart Knut Hamre frå Granvin. Den ordinære "Vestlandskappleiken" vart i 1971 halden i Årdal i Sogn, og der gjekk den fine Minnepokalen for Lorentz Hop, uppsett av sonen Loremtz Norvald Hop i Oslo, til Jostein Fjærestad frå Vik, som dermed vann pokalen til odel og eiga.
Norsk Rikskringkasting gjorde upptak frå Minnekapleiken , og det gjekk eit program yver riksnettet sundagen etter kappleiken. Jonas Myhre og Jerdal var i kappleiknemndi.

Samskipnader:

Etter at Vestlandske Mållag i april 1971 samröystes melde seg ut or Noregs Mållag og inn i Ivar Aasen-sambandet, melde Vestmannalaget seg på ny inn i Vestlandske Mållag. Vestmannalaget var frå fyrr beinveges med i Ivar Aasen-sambandet, men er no frå og med 1971 med i denne landssamskipnaden gjenom fylkeslaget Vestlandske Mållag. Vestmannalaget er elles med i Bygdelagsnemndi i Bergen og i Håkonshallens Venner.
Vestmannalaget var saman med ei rad samskipnader og institusjonar med på ei uppmoding til "Hovedutvalget for Kommunesammenslutningen" um å lysa ut offentleg kultursjefstillingi i den nye Bergen kommune, ei uppmoding som förde fram.
Formannen i Vestmannalaget hev mött på uppattskipingsmötet for Ungdommens Fellesråd i Bergen, han var og med på eit rådleggjingsmöte som den kommunale ungdomsnemndi i Bergen baud inn til, på Vatnahalsen Turisthotell.
Fire lagsmenn i Vestmannalaget, sjefredaktör Ingem. Fænn, journalist Gerh. Garatun-Tjeldstö, redaktör Conrad Clausen og formannen Ludv. Jerdal var med i den nemndi som Vestlandske Mållag sette til å laga fyreteljing um målbruken i nye "Stor-Bergen", ei fyreteljing som no er til fyrehaving i dei kommunale organ.

Heidringar: Til 100-årsjubileet for Den Bergenske Avdeling av Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring bar formannen fram ei gåva på 1000 kruno Högtidi var i Håkonshalli. Til 25-årsjubileet i Idrottslaget Gular gav laget 500 kr., på högtidi i Gimle, og var dertil med på ei "Bodstikka" som gjekk kringum i lagi, til det aktive idrottslaget. Det er sende helsingar til lagsfolk som hev havt "store dagar", og forutan på båra til Johannes Fjeldstad er det ved formannen lagde kransar på båra til arkitekt Torgeir Alvsaker, i desember 1971, og på båra til Jonas Myhre, i februar 1972.

Gåvor: Frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget hev laget fenge ei utetling på 900 krunor.

Lagsfolk: Talet på lagsfolk er 143. Årspengane er 20 krunor.

Eiga: Henrik Krohns og Hustrus Legat, som laget stjornar, er på kr. ~~8.932,06.~~ 8,855,81.
Laget hev luter i L/L. Bygdehuset i Bergen for 1500 kr. Eit stort målarstykke heng på (Hordastova) på Hordaheimen, nokre andre målarstykke, ei bysta og ymse minneting frå 100-årjubileet er hjå formannen, og nokre böker er hjå Ivar Gjelsvik.

Heiderslagsmenn: Laget hev 9 heiderslagsmenn: På Island Torsteinn T. Viglundsson, på Færöyane Hoannes Patursson, og i Noreg desse: Per Berge, Anna Björndal Anna Gjerlöw, Ingrid Gjelsvik, Hildur Hirth, Olav Omvik, og S. J. Nigar.

Björgvin 6. mars 1972. I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal

# V e s t m a n n a l a g e t

## Årsmelding

## 1972/73.

Stjorni: På årsmötet den 7. mars 1972 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni vart attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth. I staden for avlidne Johannes Fjeldstad vart Besse Bønes vald med i stjorni. Han var 1. varamann og hadde mött fast i stjorni siste luten av arbeidsåret. Varamenn til stjorni vart Fritz Monrad Walle Liv Nyborg og Fridtjov Vik. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og Fridtjov Vik kassastyrar.

Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal, Arnfinn Haga. Varamenn: Nils Vee, Ivar Gjelsvik. I Det Norröne Grönlandslaget: Eilif Åsbo, Sören Ve, Ludv. Jerdal, Varamenn: Eigil Lehmann og Arnfinn Haga. I Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik, varamann Georg Nyborg. I Kyrkjenemndi (valde for tvo år, på val att i 1974): Eigil Lehmann, varamann Besse Bønes. Bladstjo[rn] for lagsbladet "Tuftekallen": S. J. Nigar, Arnfinn Haga, Besse Bønes, Fridtjov Vik. Fanevakter: Georg Nyborg, Torkel Björkhein Ettersynsmenn for rekneskapane: Ingv. Olsvold, Sören Ve.

Möte og samkomor: Laget hev sidan fyrre årsmötet halde i alt 11 vanlege möte, alle på Kaffistova til Bondeungdomslaget, Torget 1. Det hev vore jamnt godt frammöte. Det er halde i alt 10 fyredrag eller talor, og på eitt av möti hadde spelemannen Per Berge frå Voss eit upplesings-og forteljarprogram.

På årsmötet 7. mars tala den islendske universitetslektoren Tryggvi Gislason um Nylagingar i moderne islendsk mål. På mötet 18. mars fortalde skulestyrar Olav Björkum frå Frekhaug "Minne frå livsferdi",og formannen Ludv. Jerdal tala for Björkum og gjorde kjent at Björkum, som ved dette leitet fyllte 90 år, var utnemnd til heiderslagsmann i Vestmannalaget. Han fekk brev på dette, og Arnfinn Haga bar fram blomar frå Vestlandske Mållag til fru Björkum. På mötet 8. april heldt sokneprest Eigil Lehmann foredrag um Ordavleiding og ordlaging og drog fram mange framifrå gode döme, ogso med grunnlag i gamalnorsken. På mötet 29. april fortalde skulestyrar Besse Bønes livfullt um ei flygeferd til Israel og ei snöggferd gjenom landet i drosjebil. Eigil Lehmann las kvæde han sjölv hadde umsett. På mötet 29. mai tala Besse Bønes um Israelferdi si og gav ei forvitneleg innsyn i soga til det jödiske folket, eit folk som no söv med byrsa ~~xxxxxxx~~ i sengi, bokstaveleg tala. Han synte gode fargeljosbilete til fyredraget. Fyrste mötet etter sumarferien var 17. oktober. Sokneprest Lehmann heldt foredrag um "Frå målfronten no". På mötet 4. november tala Fritz Monrad Walle um ei ferd på Costa del Sol og synte fargeljosbilete til. Mötet 25. november baud på eit historisk emne. Redaktör Conrad Clausen fortalde frå "Gamle Fenring", og kom serleg inn på soga um Starkad og Vikar. På mötet 12. desember fortalde Sofia Melkild forvitnelege ferdaminne frå Sovjet og Bulgaria, og synte eigne fargeljosbilete til. 105-årsdagen til Vestmannalaget vart halden tysdag 23. januar 1973. Då kom ein av heiderslagsmennene våre, bonde og spelemann Per Berge frå Voss, og hadde heile programmet. Han las norske kvæde og dikt, alt utorbok, og han fortalde Vossastubbar og spela hardingfela. Hallingen Hallgrim Berg som var på vitjing i Björgvin (han er med i styret for Landslaget for Spelemenn) var med på mötet. Han bar fram ei helsing og fortalde gode sogor på klangrikt hallingmål. På mötet 13. februar tok Islands konsul i Björgvin, banksjef Eilif Åsbo, oss med på ei ferd til Island, han fortalde um Island og islendingane, og synte fargeljosbilete til.

Det handskrivne bladet "Tuftekallen" hev kome på kvart möte, med mykje godt innhald.

Stjorni hev halde 5 möte.

<u>Samskipnader:</u> Laget er med i Vestlandske Mållag (og dermed i Ivar Aasen-Sambandet), i Bygdelagsnemndi i Bergen og i Håkonshallens Venner.
<u>Landskappleik.</u> Laget hev teke på seg å skipa Landskappleiken i Bergen i dagane 28. juni - 1. juli 1973, saman med Spelemannslaget "Fjellbekken" og Bygdedanslaget i Björgvin, og Landslaget for Spelemenn. Det er samstundes 50-årsjubileum for Landslaget for Spelemenn. I hovudnemndi for kappleiken er uppnemnde frå Vestmannalaget Georg Nyborg og Ludv. Jerdal.
<u>Gåvor:</u> Det er ytt 500 kr. til eit minnesmerke yver Arne Björndal som skal vera ferdig til Landskappleiken. Bilethoggaren Sofus Madsen hev laga Björndal-relieffet, som skal få plass i Grieghallen. Laget hev frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget teke imot ei utetling på 900 kr.
<u>Fyreteljingar:</u> Laget var med på ei uppmoding saman med andre lag i Björgvin og Islands konsul Eilif Åsbo, um hjelp til Island etter vulkanutbrotet på Vestmannaeyjar. Laget hev sendt ei fyreteljing til Norsk Språkråd um å gjeva rett og rom for tradisjonelle former i nynorsk so vel som i bokmål, og um ny rettskriving i nynorsk. Til Norsk Rikskringkasting er sendt fyreteljing um at dei tilsette i NRK må læra seg rett uttale av islendske namn og ord.
<u>Heidringar:</u> 18. mars 1972 vartskulestyrarOlav Björkum, Frekhauf, utnemnd til heiderslagsmann for stort og gjævt norskdomsarbeid på mange felt. Heiderslagsmann lærar Anna Gjerlöw döydde i februar 1973. Ho var i mange år med i stjorni og var skrivar i Vestmannalaget og gjorde på mange vis fagna arbeid. På båra hennar la formannen krans frå Vestmannalaget, som vil hugsa denne gjæve kvinna frå Sogn i stor takksemd. Det er sendt blomar og helsingar til lagsfolk som hev havt "runde dagar".
<u>Lagsfolk:</u> Talet på lagsfolk er 138. Årspengane er 20 krunor.
<u>Eiga:</u> Laget stjornar Henrik Krohns og Hustrus Legat. Det er no på kr. 9198,32. Laget hev luter i Bygdehuset i Bergen for 1500 kr. Eit stort målarstykke heng på Hordastova på Hotell Hordaheimen, nokre andre målarstykke, ei bysta av Jon Sigurdsson og minneting frå 100-årsjubileet er hjå formannen, og nokre böker er hjå bokprentar ~~xxxxx~~ Gudmund Hammer.
<u>Heiderslagsmenn:</u> Laget hev 9 heiderslagsmenn: På Island Thorsteinn Th. Viglundsson, på Færöyar Joannes Patursson, og i Noreg desse: Per Berge, Voss, Anna Björndal, Bergen, Olav Björkum, Frekhaug, Ingrid Gjelsvik, Bergen, Hilhur Hirth, Bergen, Olav Omvik, Bergen, S. J. Nigar, Bergen.

Björgvin 6. mars 1973.

I stjorni for Vestmannalaget:

# V e s t m a n n a l a g e t

## Årsmelding 1973/74.

Stjorni: På årsmøtet 6. mars 1973 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik, Besse Bønes og Ingerd Hirth. Varamenn vart Fritz Monrad Walle, Liv Nyborg og Fridtjov Vik. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og Fridtjov Vik kassastyrar.

Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal, Arnfinn Haga. Varamenn: Nils Vee, Ivar Gjelsvik. I Det Norrøne Grønlandslaget: Eilif Åsbo, Søren Ve, Ludv. Jerdal. varamenn Eigil Lehmann og Georg Nyborg. I rådet for Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik, varamann Georg Nyborg. I Kyrkjenemndi (valde for 2 år, på val i 1974): Eigil Lehmann, varamann Besse Bønes. Bladstjorn for "Tuftekallen": S. J. Nigar, Arnfinn Haga, Besse Bønes, Fridtjov Vik og Gustav Hantveit. Fanevakter: Georg Nyborg, Torkel Bjørkheim, Arne Mehl. Ettersynsmenn for rekneskapane: Ingv. Olsvold og Søren Ve.

Møte og samkomor: Laget hev sidan fyrre årsmøtet halde i alt 9 vanlege møte. Stjorni hev halde 7 møte. 7 av lagsmøti var på Kaffistova til Bondeungdomslaget, men då Kaffistova no er i umbyggjing (sidan årsskiftet 1973/73) hev laget måtta flytja til Fensal der tvo av møti er haldne. Me hev von um å kunna venda attende til Kaffistova i april i år.

Saman med Landslaget for Spelemenn var Vestmannalaget lokalt tilskipar-
lag for Landskappleiken i Bergen 1973 som samstundes var 50-årsjubileet
for Landslaget for Spelemenn. Det var ei stor mynstring som gjekk yver
4 dagar, i tidi frå torsdag 28. juni til sundag 1. juli. Nokre av
tilskipingane var i Gimle, men det meste av kappleiken vart halden i
Studentsentret, Parkvegen 1, Bergen. Sjølve 50-års-programmet var i
Konsertpaleet. Der vart Sofus Madsens relieff av upptaksmannen og
skiparen av Landslaget, spelemannen Arne Bjørndal, avduka av toneskal-
den Harald Sæverud. Det var og utferder til gravene åt Arne Bjørndal,
Ole Bull, Edv. O. Johannessen, Frida og Olav Kusti, og Edvard og Nina
Grieg. Lokale medtilskiparlag saman med Vestmannalaget var Bygdedans-
laget i Bjørgvin og Spelemannslaget "Fjellbekken". I hovudnemndi for
kappleiken hadde Vestmannalaget peika ut Ludv. Jerdal og Georg Nyborg.
Det var eit stort tal av spelemenn og folkedansarar som tevla um
premiane, og kappleiknemndi hadde fenge laga ei minnemedalja med
relieff av Arne Bjørndal som alle premivinnarane fekk, saman med eit
diplom. Kappleiken vart vellukka, jamvel um tidi på året ikkje var
lageleg, og det var kollisjonar med andre tilskipingar. Saman med
årsmeldingi er vedlagd programmet for Landskappleiken, som vart opna
av Bergen ordførar, professor dr. Ole Myrvoll. Bergen by og Hordaland
fylke, saman med mange andre ytte tilskot til Landskappleiken. Til
kappleiken var prenta eit vent program med umslagsbilete av Arne
Bjørndal og med ein artikkel som kom inn på dei tradisonar som kapp-
leikar og spel og folkedans hev i Bjørgvin og på Vestlandet elles.

På møti er det halde i alt 8 fyredrag.
På årsmøtet 6. mars 1973 las sokneprest Eigil Lehmann lyrikk, eigne
dikt og dikt han hev umsett frå islendsk. Det var elles vanlege
årsmøtesaker med val. På møtet 27. mars tala skulestyrar Besse Bønes
um "På pilgrimsferd i Israel" og synte mange gode ljosbilete frå ei
ferd der. På møtet 24. april fortalde formann Wernalf Falao um
sjømannslivet - for 50 år sidan og i dag. Møtet 22. mai var ein
Garborgkveld. Formannen Ludv. Jerdal heldt foredrag um "Arne Garborg -
jærbu og europear". Kvelden var og ei hylling til varaformannen
professor Olav Brattegard som på det leitet fyllte 70 år. Han vart
utnemnd til heiderslagsmann, og laget helsa honom ved den store til-
skipingi på Norges Handelshøyskole, med blomar på sjølve dagen.

Møtet 29. oktober var ein Knut Hørvei-kveld. Diktaren og bonden Knut Hørvei frå Bolstadøyri hadde nyst fyllt 80 år og han skulde ha urpremiere for stykket sitt "Hjallarbrui" på Den Nationale Scene. Han vart på denne kvelden utnemnd til heiderslagsmann i Vestmannalaget, og redaktør Conrad Clausen tala um Hørvei og diktingi hans./ Det var helsingar frå Ivar Aasen-Sambandet ved Eigil Lehmann, frå Norrønalaget Bragr ved Magnus Hardeland, og frå Vestlandske Mållag ved Arnfinn Haga. Hørvei fortalde noko um kva han vil med diktingi si.
På møtet 19. november tala skulestyrar Besse Bønes um "Israel, liv eller daude?", eit sers aktuelt fyredrag etter at Israel på ny var kome i krig med arabarland. På møtet 10. desember heldt sokneprest Eigil Lehmann fyredrag um Færøymålet, næraste granne i vest, og formannen synte film i fargar frå vulkanutbrotet på Vestmannaeyjar og fortalde um vulkanutbrotet. Møtet 21. januar 1974 var på dagen 106 år etter skipingi av laget. Formannen Jerdal heldt då fyredrag um "Island i kamp mot britar og vulkanar"./ Møtet 11. februar var på dagen 50 år etter at skalden Olav Nygard døydde, og redaktør Conrad Clausen fortalde um diktaren og livsferdi hans. Det var og upplesing av Nygard-lyrikk.✓

/<u>Samskipnader:</u> Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom fylkeslaget Vestlandske Mållag. Det er og med i Bygdelagsnemndi i Bergen og i Håkonshallens Venner.

<u>Lagsfolk</u>. Talet på lagsfolk er 100. Laget hev i dette året mist nokre lagsfolk som hev vore med serleg lenge og som hev gjort godt arbeid både i og utanfyre laget. Tvo av heiderslagsmennene er gjengne burt: Kongsbonden Joannes Patursson på Kirkjubøur, Føroyar døydde i juni 1973, og spelemannen og bonden Per Berge på Voss døydde i desember 1973./Dei var båe velkjende menn som kasta glans yver Vestmannalaget. Aslaug Konglevoll, Ola L. Flesland, Sofia Melkild, Askill Fjellskaalnes og Eilif Åsbo er og gjengne burt, og laget takkar dei alle for gjævt verk og trufast fylgje.
Det er sende blomar ved nokre høve, m. a. til kassastyraren Fridtjov Vik då han fyllte 70 år./

<u>Gåvor:</u> Frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget hev laget fenge ei utetling på 900 kr. Laget hev gjeve 500 kr. til ei bokgåva til landnåmsjubileet som skal høgtidast på Island i år. Bøkene skal gå til Landsbokasafn i Reykjavik.

<u>Eiga:</u> Henrik Krohn og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr. 9.723,32. Laget hev luter for 1500 kr. i L/L. Bygdehuset i Bergen. Eit stort målarstykke (gåva frå Bergen by til 80-årsjubileet i laget) heng på Grillstova på Hotell Hordaheimen, nokre mindre målarstykke, ei bysta av Jon Sigurdsson og ymse minnegåvor er hjå formannen, og nokre bøker ligg hjå bokprentar Gudmund Hammer./
Formannen i laget vitja Island i juni 1973 og var då m. a. heime hjå heiderslagsmannen vår der, bankstyrar Torsteinn T. Viglundsson. I november 1973 heldt formannen foredrag um Island i dei fleste folkeakademi i Rogaland.

<u>Heiderslagsmenn:</u> Laget hev 9 heiderslagsmenn: Torsteinn T. Viglundsson, Vestmannaeyjar, Island, Anna Bjørndal, Bergen, Olav Bjørkum, Frekhaug, Ingrid Gjelsvik, Bergen, Hildur Hirth, Bergen, Olav Omvik, Bergen, S. J. Nigar, Bergen, Olav Brattegard, Bergen, og Knut Hørvei, Bolstadøyri. Olav Omvik vart helsa med ei blomekorg på 90-årsdagen sin.

Bjørgvin 5. mars 1974. I stjorni for Vestmannalaget

Lidv. Jerdal    Olav Brattegard
Besse Bønes    Ingerd Hirth

Trina Lekenes vølte dem gamle fana. No er ho fin.

# Vestmannalaget

## Årsmelding 1974/75

Stjorni: På årsmøtet 5. mars 1974 vart Ludv. Jardal attvald til for-
mann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik,
Besse Bønes og Ingerd Hirth. Varamenn vart Fritz Monrad Walle, Liv
Nyborg og Fridtjov Vik. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd
Hirth skrivar, og Fridtjov Vik kassastyrar.

Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal, Nils ~~Xxxx~~
~~Xxxxxxxx~~ Haukås. Varamenn: Nils Vee, Ivar Gjelsvik. I Det
Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Søren Ve, Ludv. Jerdal.
Varamenn Eigil Lehmann og Georg Nyborg. I rådet for
Idrottslaget Gular: Ivar Gjelsvik, varamann ~~Ivar Gjelsvik~~. Georg Nyborg
I Kyrkjenemndi (valde i 1974 for 2 år): Eigil Lehmann,
varamann Besse Bønes. Bladstjorn for "Tuftekallen": S. J.
Nigar, Arnfinn Haga, Besse Bønes, Fridtjov Vik og Gustav
Hantveit. Fanevakter: Georg Nyborg, Torkel Bjørkheim, Arne
Mehl. Ettersynsmann for rekneskapane: Ingv. Olsvold og Nils Vee

Møte og samkomor: Laget hev sidan fyrre årsmøtet haldei alt 11 vanlege
møte. Kaffistova til Bondeungdomslaget på Torget hadde ei stor umvøling
fyrst på året 1974, og møti vart i denne umbyggjingstidi haldne i
Fensal og i Gimle, nokre på kvar stad. Men frå hausten 1974 fekk laget
atter halda møti på Kaffistova, Torget 1, og no i 2. høgdi i staden for
fyrr i 3. høgdi. Det fyrste møtet på den nyopna Kaffistova var Hannaas-
minnemøtet 17. september. Seinare var Vestmannalaget ved formannen
innbede til ein opningsfest som styret for Lagsbruki for Bondeungdoms-
laget heldt, og Vestmannalaget gav då blomar til styrarinnå Liv Holten.

Bygdelagsvika. Bygdelagsnemndi skipa i tidi 15. - 22. september 1974
ei Bygdelagsvika der lagi gjenom mange tilskipingar synte kva dei
stend for. Vestmannalaget var med på denne Bygdelagsvika, hadde ein
artikkel om Vestmannalaget i det prenta programmet som vart gjeve ut,
og skipa i denne vika eit minnemøte for professor Torleiv Hannaas og
Ingjerd Hannaas. Tidlegare på sumaren - i juni - var det 100 år sidan
professor Hannaas vart fødd, i Hornnes i Setesdal.

Vestlandskappleik. I helgi 21. og 22. september skipa Vestmannalaget
saman med Bygdedanslaget i Bjørgvin og Spelemannslaget "Fjellbekken"
ein Vestlandskappleik i Gimle. Dette var og ein programpost i Bygdelags-
vika, og var sluttsatsen på denne vika. Kappleiken vart svært vellukka.
Frå Bergen, Hordaland og Sogn og Fjordane var ikring 32 spelemenn med
og tevla. Dertil var det ikring 60 dansarar og 3 kvedarar med au 2 spele-
mannslag tevla i lagspel. Sers gledeleg var det og at uppslutnaden frå
ålmenta var større enn fyrr. Det var fullsett sal i Gimle til mest alle
samkomone. Bergen ordførar, Eilert Eilertsen, opna kappleiken, og
sundag fyremiddag heldt sokneprest Eigil Lehmann høgmessa i St. Jørgen
kyrkja, tilskipa av Kyrkjenemndi. Der lydde og hardingfela. Oddmund Dale
og Finn Vabø spela saman Hornindalsbruri av Jon Rosenlid, og Finn Vabø
spela "St. Tomasklokkone på Fillefjell". Norsk Rikskringkasting gjorde
upptak frå kappleiken. I hovudnemndi for kappleiken var uppnemnde frå
Vestmannalaget Georg Nyborg og Ludv. Jerdal.

Stjorni hev halde 6 møte.

På årsmøtet 5. mars heldt fyrsteamanuensis Oddvar Nes foredrag um
Stadnamngransking, serleg i Bergensumrådet. På møtet 26. mars tala
skuleinspektør Gustav Hantveit um minne frå si eigi livsferd, frå barne-
år i Sogn, og lærargjerning ymse stader i landet. På møtet 23. april
greidde lektor Olav Fjære, formannen i Bygdelagsnemndi, ut um bygde-
lagsarbeidet i Bergen, og det var ordskifte etterpå. På møtet 14. mai
tala stortingsmann Torstein Selvik um politiske minne, frå Noregs stor-
ting og frå internasjonale møte, i Europarådet og elles. På minnemøtet
for Hannaas-folket 17. september tala skulestyrar Besse Bønes um
Torleiv Hannaas, og formannen Ludv. Jerdal tala um fru Ingjerd Hannaas.
Det var upplesing frå bøker etter Torleiv Hannaas av Eigil Lehmann og
Conrad Clausen, og det var helsingstalor av Lehmann frå Ivar Aasen-
Sambandet og av Arne Olav Aase frå Vestlandske Mållag.

Til dette møtet var innbedne folk av Hannaas-ætti som er busette i
Bjørgvin, og mange møtte: Born, verborn, barneborn og andre. Alt i alt
vart dette minnemøtet ei fin hylling til Ingjerd og Torleiv Hannaas,
som båe gjorde so ovende mykje for laget og for dei sakene laget stend
for.
På møtet 8. oktober synte formannen i Bygdelagsnemndi, lektor Olav
Fjæra, fine fargeljosbilete ~~mk~~ frå Landnåmshøgtidi på Island og for-
talde um denne storfelde høgtidi. På møtet 29. oktober tala forfattaren
Gerh. Garatun-Tjeldstø um dramat sitt „Og vegine falle so vide", stykket
var då synt att på Den Nationale Scene, etter at det hadde vore på
turne-ferd kringum på Vestlandet. På møtet 19. november tala lektor
Arnfinn Haga um boki si um motstandsrørsla i Os: "Det regner i fjellet",
han kom inn på korleis motstandet mot tyskarane var organisert, og
korleis han hadde samla tilfanget til den boki som ålmenta tok so godt
imot at ho kom i nytt upplag. Møtet 10. desember var eit minnemøte um
spelemannen Jon Rosenlid. Finn Vanó spela på hardingfela Rosenlid-
slåttar, og Ludv. Jerdal fortalde um mennesket og kunstnaren Jon Rosen-
lid. Det var og helsing frå formannen i Ervingen, Norvald Erstad. 21.
januar, på skipingsdagen for Vestmannalaget, tok redaktør Conrad Clausen
oss med på ei forvitneleg ferd til Hjaltland, som han skildra i eit
foredrag med mange fargeljosbilete til. På møtet 11. februar var lektor
Olav Fjæra atter i laget, denne gongen med ein fin fargefilm frå
Landnåmshøgtidi på Island, og frå Vestmannaeyjar. Filmen hadde urpremi-
ere i Vestmannalaget. Fjæra fortalde samstundes um ferdi han gjorde frå
Rivedal til Island.
På møti er det halde i alt 12 foredrag.
Samskipnader: Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-Sambandet gjenom
fylkeslaget Vestlandske Mållag. Det er og med i Bygdelagsnemndi i
Bergen og i Håkonshallens Venner, og det hev målsmann i Det Norröne
Grönlandslaget.
Lagsfolk. Talet på lagsfolk er 100. Heiderslagsmannen vår, yverlærar
Olav Omvik, døydde i juni 1974, 91 år gamal. Elles hev laget dette året
mist framstående lagsmenn som rektor dr. Søren Ve, distriktslækjar
Kari Øpstad og høgsterettsadvokat Arnar Grindland, ~~xxxxxxxxxxxx~~
~~xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx~~
~~xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx~~ og var trugne målfolk i all
og fru Olga Eskeland. Dei stod for eit syn og var trugne målfolk i all
si ferd, og me signer minnet deira.
Gåvor: Frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget hev laget fenge ei utstling
på 900 kr. Laget hev gjeve eit tilskot på 200 kr. til formannen i
Bygdelagsnemndi i Bergen til ferdi hans til Island, og det var med på
den norske bokgåva til Landsbokasafn i Reykjavik, til Landnåmshøgtidi.
Helsing til Island til 1100-årshøgtidi. Til Landnåmshøgtidi på Island
1974 vart det laga eit prydband i geiteskinn på boki "Vestmannalaget
i femti år" av professor Torleiv Hannaas. Denne boki inneheld m. a.
den talen som diktaren og presten Kristofer Janson heldt på 1000-års-
høgtidi på Tingvellir i 1874. Formannen Ludv. Jerdal reiste i 1974 til
Island og var med på høgtidi på Tingvellir og høgtidi i Reykjavik, og
han var i audiens hjå Forseti Islands og bar då fram boki i prydband,
med denne innskrifti på bandet: "Forseta Islands. Landnámsafmælid 1974.
Kvedja frå Vestmannalaget, Bjørgvin". Den talen som formannen heldt
til Forseti Islands vart lesen på Hannaas-møtet i laget, og han ligg
ved årsmeldingi. I samband med Islandsupphaldet vitja formannen og
heiderslagsmannen vår på Island, Torsteinn T. Viglundsson, som er flutt
frå Vestmannaeyjar til Hafnarfjördur. Og då Viglundsson fyllte 75 år
i oktober, sende laget ei gåva, eit norsk drykkjehorn med innskrift.
Formannen vart framifrå godt motteken av Torsteinn Viglundsson og
kona Ingigerdur. Formannen reiste på ~~x~~ eigen kostnad til Island.

laget burde helsa Island på denne måten, var
Når stjorni kom til at laget burde helsa Island på denne måten, var
Vestmannalag
let av di me dermed knytte bandi 100 år attende i tidi, då Vestmannalaget
var berre 6 år gamalt, men likevel makta å senda ein eigen talsmann
til 1000-års-festen for Landnåmet. Forseti Islands, dr. Kristjan
Eldjarn, takka hjarteleg for helsingi, og sende helsing attende til
laget. Formannen i Bygdelagsnemndi, lektor Olav Fjæra, var med i same
audiensen, og han bar fram gåvor og helsingar frå Bygdelagsnemndi
og frå folket i Ritedal, heimegrendi til Ingolfur Arnarson. Jerdal og
Fjæra vitja og m. a. formannen i Nordmannslaget i Reykjavik, Norræna
Husid, den norske konsulen Othar Ellingsen, Marie Ellingsen som er
92 år og hev budd på Island i 72 år, dei var med på ei mottaking hjå
Forseti Islands på Bessastadir, og på ei mottaking som Reykjavik
bæjarstjorn heldt for dei som hadde sigla dei tvo norske seglbåtane
yver havet til Reykjavik.

~~xxxxx~~

<u>Norsk Ordbog i ny utgåva.</u> Etter uppmoding frå Ostersidet mållag hev
Vestmannalaget teke upp tanken um å få Ivar Aasens "Norsk Ordbog" ut
i ny utgåva, prenta med ~~gotiske~~ latinske bokstavar. Universitetsforlaget hev
sagt seg interessert i å vera utgjevar saman med Vestmannalaget, og
me hev sökt Norges Almenvitenskapelige Forskningsråd og Norsk Kulturråd
um midlar til utgjevingi. Arbeidet er soleis på fyrebuande stadium.

<u>Eiga:</u> Henrik Krohn og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr.
10.157,94. Av dette er 8000 kr. i obligasjonar, resten stend på bank-
konto i Vestlandsbanken. Laget hev luter for 1500 kr. i L/L. Bygdehuset
i Bergen. Eit stort målarstykke (gåva frå Bergen by til 80-årsjubileet)
heng på Grillstova på Hotell Nordaheimen, nokre mindre målarstykke,
ei bysta av Jon Sigurdsson og ymse minnegåvor er hjå formannen, og
nokre böker ligg hjå bokprentar Gudmund Hammer. Fana hev plass i Gimle
hjå vaktmeister Georg Nyborg.

<u>Heiderslagsmenn:</u> Laget hev 8 heiderslagsmenn: Torsteinn T. Viglundsson,
Hafnarfjördur, Island, Anna Björndal, Bergen, Olav Björkum, Frekhaug,
Ingrid Gjelsvik, Bergen, Hildur Hirth, Bergen, S. J. Nigar, Bergen,
Olav Brattegard, Bergen, og Knut Horvei, Bolstadöyri.

Björgvin 4. mars 1975.

I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal.  Fridtjov Vik

[illegible]  Olav Brattegard

Ingrid Hirth

# Vestmannalaget

## Årsmelding 1975/76.

Stjorni: På årsmötet 4. mars 1975 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vartx attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik, Besse Bönes og Ingerd Hirth. Varamenn vart Fritz Monrad Walle, Liv Nyborg og Fridtjov Vik./ Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og Fridtjov Vik kassastyrar.

Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Ingv. Olsvold, Ludv. Jerdal, Nils Haukås. Varamenn: Nils Vee, Ivar Gjelsvik. I Det Norröne Grönlandslaget: Arne Holm, Eigil Lehmann, Ludv. Jerdal. Varamenn: Georg Nyborg, Besse Bönes. I Kyrkjenemndi möter no Malvin Ulvatn (uppnemnd av stjorni for resten av året, han er på val 1976), varamann er Besse Bönes. Bladstjorn for Tuftekallen: Besse Bönes, Arnfinn Haga, Gustav Hantveit, Svanhild Reknes og Fridtjov Vik. Fanevakter: Georg Nyborg, Torkel Björkheim, Arne Mehl. Ettersynsmenn for rekneskapane: Ingv. Olsvold, Nils Vee

Möte og samkomor: Laget hev sidan fyrre årsmötet halde i alt 9 vanlege möte, alle på Kaffistova til Bondeungdomslaget, Torget 1 (2. högdi). /Stjorni hev halde 6 möte.

På årsmötet 4. mars heldt sokneprest Eigil Lehmann foredrag um Stadnamn i Nordhordland. På mötet 1. april fortalde lærar Fridtjov Vik um Ingolfur Arnarssons heimstadgrend Rivedal i Sunnfjord./ Mötet 22. april var eit Nigar-möte der laget hylla heiderslagsmannen S. J. Nigar som dagen fyre hadde fyllt 95 år. Formannen Ludv. Jerdal tala for Nigar og kom inn på det lange og trugne livsverket hans. Han gav heidersgjesten ei blomekorg frå laget. Sokneprest Eigil Lehmann og andre hadde og ordet, og Nils Haukås las dikt av Nigar. Til slutt takka Nigar i sin fengjande tale for heideren./ Mötet 9. juni vart ei sjeldsynt hending. Då hadde laget vitjing av den islendske presten Sigurjon Gudjonsson og kona hans, fru Gudrun Torhallsdottir. Sira Sigurjon var på studieferd i Noreg./ Sokneprest Eigil Lehmann tala på dette mötet um islendsk salmedikting, og til slutt las Sira Sigurjon salmar på islendsk, medan Lehmann las omsetjingar av dei same salmane til færöysk og til norskt mål. Det vart soleis ei jamföring millom tri norröne mål.

Etter sumarferien var det fyrste mötet 21. oktober. Det var ein Hoprekstadkveld der laget mintest at det i dette året var 100 år sidan Olav Hoprekstad vart född. Journalist Gerh. Garatun-Tjeldstö tala um Hoprekstad og dramatikken hans, og formannen Jerdal tala um målmannen og organisasjonsmannen, medan Fridtjov Vik las frå det som Hoprekstad hev skrive./På mötet 11. november tala forfattaren Johannes Heggland um korleis bygdesogegranskaren arbeider og kom inn på mange sidor ved den bygdesoga um Tysnes, det gamle Njardarlog, som han hadde fenge ferdig dette året./ På mötet 2. desember gav overbibliotekar Hallvard S. Bakken oss eit godt bilete av professor dr. Francis Bull. Det var både ei vurdering av mannen, og det var personlege minne frå samvær og samarbeid. Mötet 20. januar 1976 var vigd den islendske vinnaren av litteraturprisen frå Nordisk Råd, Olafur Johann Sigurdsson. Sokneprest Eigil Lehmann gav ei vurdering av prosa og lyrikk somx denne islendske diktaren hev skrive, og han las frå skaldskapen hans, på det islendske originalmålet og i si eigi umsetjing av nokre kvæde./ På mötet 10. februar fortalde sokneprest Åsmund Farestveit um den nye romanen, "Klårfjell", som han nett hev gjeve ut hjå Norsk Bokreidingslag. Han kom inn på arbeidet med boki, og på dikting reint ålment, samstundes som han peika på at dikting skal klårgjera.

På möti er det soleis halde i alt 13 foredrag eller talor. Det handskrivne bladet "Tuftekallen" hev kome på kvart möte og jamnt havt godt innhald.

Samskipnader. Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-Sambandet gjenom fylkeslaget Vestlandske Mållag. Det er og med i Bygdelagsnemndi i Bergen og i Håkonshallens Venner, og det hev målsmenn i Kyrkjenemndi i Bergen og i Det Norröne Grönlandslaget.

Halldor O. Opedals Fond. Ei storhending for målreisingog måldyrking på Ivar Aasen-grunnen var det at læraren og folkeminnesamlaren og forfattar -en Halldor O. Opedal i Ullensvang i juni 1975 skipa eit fond som skal tena målreising og måldyrking på den grunnen som Ivar Aasen lagde og som serskilt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebö hev klårlagt gjenom granskingar og vitskaplege utgreidingar. Vestmannalaget fekk den æra å kalla inn til skipingsmöte i Opedal-fondet, og er ein av dei fem samskipnadene som hev ein mann i styret for fondet. Stjorni uppnemnde i eit möte formannen Ludv. Jerdal til målsmann frå Vestmanna-laget, med lærar Fridtjov Vik til varamann./Jerdal vart på skipingsmötet vald til formann i fondsstyret. Högsterettsadvokat Ivar Gjelsvik er forretningsförar for fondet. Dei hine målsmennene i styret for fondet er: Eigil Lehmann frå Ivar Aasen -Sambandet, Sigurd Sandvik frå Vest-landske Mållag, Per Håland frå Noregs Mållag, Alv Askeland frå Norsk Måldyrkingslag. Fondet er på 600.000 krunor og er soleis det störste fondet til fremjing av målreising og måldyrking som er skipa.

Heidringar: Vestmannalaget hev i 1975 fenge 2 nye heiderslagsmenn. Stjorni utnemnde lærar og forfattar Halldor O. Opedal,Ullensvang til heiderslagsmann på 80-årsdagen hans i juni, og skipa ein fest for honom på Lofthus, saman med Ivar Aasen-Sambandet og Vestlandske Mållag. Frå Vestmannalaget mötte formannen Ludv. Jerdal og Besse Bönes./ I august vart bonden Einar Seimpå Kinn utnemnd til heiderslagsmann på 90-årsdagen sin. Der mötte frå Vestmannalaget Conrad Clausen og Fridtjov Vik./Vestmannalaget var med på helsing til Det Nyttige Selskab til 200-årsjubileet, og til 80-årsdagen til prost Theodor Hovda, i dén diktsamlingi som Fonna Forlag gav ut då./ Formannen mötte på 90-årsdagen til heiderslagsmann Hildur Hirth i oktober.
Laget stjornar um gravi til redaktör Johs. Lavik på Möllendal.
Formannen mötte på 75-årsjubileet til Bondeungdomslaget Ervingen og bar fram helsing og gåva.

Lagsfolk. Talet på lagsfolk er 100.

Eiga. Henrik Krohns og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr. 10.617,57. Papiri ligg til varveitling i Vestlandsbanken. Laget eig luter for 1500 kr. i L/L. Bygdehuset i Bergen./ Det hev fenge kr. 900,- i utetling frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget L/L. Eit stort målar-stykke heng på Grillstova på Hordaheimen, nokre mindre målarstykke, bysta av islendingen Jon Sigurdsson og ymse minnegåvor er hjå for-mannen, og nokre böker ligg hjå bokprentar Gudmund Hammer. Lagsfana stend i Gimle.

Heiderslagsmenn: Laget hev 10 heiderslagsmenn. Forutan dei nyutnemnde Halldor O. Opedal og Einar Seim som er nemnde ovanfyre er det Torsteinn T. Viglundsson, Hafbarfjördur, Island, Anna Björndal, Bergen, Olav Björkum, Frekhaug, Ingrid Gjelsvik, Bergen, Hildur Hirth, Bergen, S. J. Nigar, Bergen, Olav Brattegard, Bergen, og Knut Horvei, Bolstadöyri.

Björgvin 2. mars 1976.

I stjorni for Vestmannalaget:

# V E S T M A N N A L A G E T

## Årsmelding 1976/77.

Samskipnader: Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-Sambandet gjenom fylkeslaget Vestlandske Mållag. Det er og med i Bygdelagsnemndi.

Stjorni: På årsmötet 2. mars 1976 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik, Besse Bönes og Ingerd Hirth. Varamenn vart Fridtjov Vik, Fritz Monrad Walle og Nils Haukås. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar og Fridtjov Vik kassastyrar.

Målsmenn: I Bygdelagsnemndi: Nils Haukås, Ludv. Jerdal og Fridtjov Vik, varamenn: Nils Vee og Ivar Gjelsvik. I Det Norröne Grönlands-laget: Arne Holm, Eigil Lehmann, Ludv. Jerdal. Varamenn: Besse Bönes og Conrad Clausen. Kyrkjenemndi i Bergen: Malvin Ulvatn, varamann Nils Haukås. Bladstjorn for Tuftekallen: Gustav Hantveit, Svanhild Reknes, Fridtjov Vik og Helga Nessen. Fanevakter: Nils Haukås, Arne Mehl og Torkjell Björkheim. Ettersynsmenn for rekneskapane: Ingv. Olsvold og Nils Vee.

Möte og samkomor: Laget hev sidan fyrre årsmöte halde i alt 10 vanlege möte, alle på Kaffistova til Bondeungdomslaget, Torget 1 (2. högdi).

Stjorni hev halde 8 möte.

På årsmötet 2. mars heldt universitetsbibliotekar Knut L. Espelid eit forvitnelegt historisk fyredrag um Det Nyttige Selskab i Bergen gjenom den 200 år lange soga. Espelid hev skrive det store verket um selskapet, "Til medborgernes sande Vel", og hev soleis fyrsterangs kjennskap til emnet. På mötet 23.mars gav skuleinspektör Gustav Hantveit ei grundig innföring i lyrikken til Halldis Moren Vesaas, og las noko av lyrikken hennar, og noko lyrikk frå Aslaug Låstad Lygre, til jamföring. Den 6. april var det eit minnemöte um litteraten og botanikaren Olaf Hanssen frå Hegglandsdalen iOs, og redaktör Conrad Clausen gav ei levande skildring av denne merkelege idegjevaren til so mange gode tiltak. Den 4. mai hadde me det aktuelle emnet om statskyrkja eller kyrkja skild frå Staten. Sokneprest Olav Totland heldt foredrag og gjekk avgjort inn for statskyrkjeskipnaden. Det var ordskifte etter fyredraget.

Fyrste mötet etter sumarferien var 28. september. Det var eit minnemöte um skalden og Grönlands-entusiasten Hans Reynolds ved 100-året sidan han vart född. Redaktör Conrad Clausen tala forvitneleg um den gode venen sin. På mötet 2. november gav bibelumsetjaren lektor, cand. theol. Olav Farestveit ei utgreiding um det nye Bibelmålet. Den 16. november fortalde formannen Ludv. Jerdal um ei Danmarksferd han hadde gjort i oktober. Han hadde på vegner av stjorni i Vestmannalaget utnemnt dei tvo fyrste danske heiderslagsmennene i laget: Högskulestyraren og forfattaren Jens Marinus Jensen i Århus og forfattaren og kritikaren Jörgen Bukdahl, Askov, Vejen. Båe er gode Noregsvener og velkjende her i landet, og båe hev vore og er talsmenn for norskt mål i Noreg. Formannen hadde gjort upptak for radio med dei tvo, og upptaki vart spela. Han hadde og med helsing til laget frå dei tvo nye heiderslagsmennene. 7. desember var det eit minnemöte for fyrste formannen i laget, kaupmannen og diktaren Henrik Krohn. Eigil Lehmann las frå diktingi til Henrik Krohn, og redaktör Conrad Clausen tala um patrisiarsonen Krohn som vart uppglödd for bonden og bondemålet og vilde lyfta bondestandet og dermed landet sitt. Den 18. januar mintest laget 109-årsdagen sin, og formannen Ludv. Jerdal gjorde kjent at stjorni hadde utnemnd redaktör Conrad Clausen og sokneprest Eigil Lehmann til heiderslagsmenn. Han tala um det verdfulle arbeidet dei båe hev gjort for målsaki og for kulturreising på breidt grunnlag. Dei er båe måldyrkarar som hev stade i fremste lina. Clausen og Lehmann kom i sine takkatalor inn på kor viktig det er å syna truskap i arbeidet. 3. februar var mötet vigd 100-årsjubileet for Målvinarlaget på Stord Lærarskule, og lærar Fridtjov Vik som var lagsmann der i skuletidi på Stord tala forvitneleg um bygdi og folket og skulen, og gav bilete av nokre av deim som stod i brodden for dette elevmållaget.

På möti er det soleis halde i alt 12 foredrag eller talor. Det hev dertil vore upplesing, og det handskrivne bladet "Tuftekallen" hev kome på kvart möte og jamt havt godt innhald.

**Samskipnader:** Vestmannalaget er med iIvar Aasen-Sambandet gjenom fylkeslaget Vestlandske Mållag. Det erx og med i Bygdelagsnemndi i Bergen og i Håkonshallens Venner, og det hev målsmenn i Kyrkjenemndi i Bergen og i Det Norröne Grönlandslaget.
**Halldor O. Opedals** Fond for målreising og måldyrking. Laget hev ein av dei fem styresmennene i dette store fondet. Det er formannen som möter der, og laget fekk i året dei lovfeste kr. 1000,- i utetling. I alt etla fondet ut 45.000 krunor til måltiltak.
**Heidringar og gåvor:** Formannen var innbeden til 50-årsjubileet åt Vestlandsbanken i juni 1976, og laget gav banken ein primstav og ei adressa til högtidi. Tvo av heiderslagsmennene er gjengne burt i dette året: Skulestyrar Olav Björkum, Frekhaug og lærar Hildur Hirth, Bergen. Formannen mötte i Meland kyrkja og i Vangskyrkja på Voss og la krans fråx laget. Både Björkum og fru Hirth hadde vore lenge med i laget og hadde gjort gjævtx verk. Hildur Hirth hev vore lagsmann i lengre tid enn dei fleste. Me takkar deim båe for trufast fylgje.
Til 80-årsdagen åt Jörgen Bukdahl vart det sendt ei bokgåva. Laget hev frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget L/L. fenge ei utetling på kr. 900, det hev teke imot frå Bergen kommune gjenom Bygdelagsnemndi kr. 540,-, det fekk 1200 kr. frå dr. Kari x Öpstads Nynorskfond, og frå lagsmenn hev det teke imot tvo gåvor, ei på 1000 kr.x og ei på 500 kr.
**Eiga:** Henrik Krohns og Hustrus Legat som laget stjornar, er på kr. 10.824,96. Obligasjonar og bankbok ligg til varveitling i Vestlandsbanken. Laget eig luter for 1500 kr. i L/L.Bygdehuset i Bergen. Eit stort målarstykke av Bergslien, "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen", heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen, nokre mindre målarstykke, bysta av islendingen Jon Sigurdsson og ymse minnegåvor er hjå formannen, og nokre böker ligg hjå bokprentar Gudmund Hammer. Lagsfana stend i Gimle.
**Lagsfolk:** Talet på lagsfolk er 78.
Det er sendt fyreteljing til Kyrkjedepartementet um at måltradisjonen på Björgvin bispestol burde haldast uppe, men riksstyret tok ikkje umsyn til dette ved utnemningi no i februar.
Laget var med på helsingslista i den preikesamlingi av sokneprest Eigil Lehmann som Norsk Bokreidingslag sende utx til 70-årsdagen hans den 29. januar i år, og formannen helsa Lehmann med blomar på 70-årsdagen. I nokre höve elles er det og sendt blomar, soleis til skuleinspektör Gustav Hantveits 80-årsdag.
**Heiderslagsmenn:** Laget hev 12 heiderslagsmenn. Forutan dei fire som er utnemnde i året og som er nemnde framanfyre - Jens Marinus Jensen og Jörgen Bukdahl i Danmark, og Conrad Clausen, Asköy, og Eigil Lehmann, Ostereidet - er det desse: Torsteinn T. Viglundsson, Hafnarfjördur, Island, Anna Björndal, Bergen, S. J. Nigar, Bergen, Ingrid Gjelsvik, Bergen, Knut Horvei, Bolstadöyri, Halldor O. Opedal, Ullensvang, Einar Seim, Kinn, Olav Brattegard, Bergen.

Björgvin 1. mars 1977.

I stjorni for Vestmannalaget:

Linder Jerdal. Olav Brattegard Fridtjov Vik
Bessi Böe Ingerd Hirth

Årsmelding 1977/78.

**Stjorni:** På årsmøtet den 1. mars 1977 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik, Besse Bønes og Ingerd Hirth. Varamenn vart Fridtjov Vik, Fritz Monrad Walle og Nils Haukås. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og Fridtjov Vik kassastyrar.

**Målsmenn:** I Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal. Varamenn: Fridtjov Vik, Nils Vee og Ivar Gjelsvik. I Det Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Ludv. Jerdal, Eigil Lehmann. Varamenn: Conrad Clausen og Besse Bønes. I Kyrkjenemndi: Malvin Ulvatn, varamann Nils Haukås (valde for 2 år, på val i 1978). Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit, Svenhild Reknes, Fridtjov Vik, Helga Nessen. Fanevakter: Nils Haukås, Torkel Bjørkheim, Arne Mehl. Målsmann i styret for Halldor O. Opedals Fond for målreising og måldyrking: Ludv. Jerdal, Varamann Fridtjov Vik. Ettersynsmann for rekneskapane: Ingv. Olsvold og Nils Vee.

**Møte og samkomor:** Laget hev sidan fyrre årsmøtet halde 14 møte, 12 av dei var på Kaffistova til Bondeungdomslaget, 1 var i Bryggens Museum der lyden såg på ei Færøy-utstilling, og 1 møte var ei sumarutferd til Ådnatun i Indre Arna, der husbondsfolket Ingeborg og Johannes Revheim tok imot og baud på gjestebod og synfaring, i bustaden og i museumssamlingane. Museumsstyrar Johannes Revheim fortalde um samlingane og um arbeidet til Haus Sogenemnd.

Stjorni hev halde 7 møte.

Programmi på lagsmøti hev vore noko merkt av jubileumsåret for diktaren Olav Duun. Men det hev og vore tri møte um diktaren og bladmannen Olav Gullvåg og diktingi hans. Dei som i fyrste rekkja hev ytt verdfulle ting til desse programmi er bladmann Gerh. Garatun-Tjeldstø og lærar Fridtjov Vik. Fridtjov Vik hadde eit Olav Gullvåg-program med upplesing frå Gullvågs roman "Det byrja ei jonsoknatt", på årsmøtet i laget den 1. mars. På møti 29. mars og 19. april tala Garatun-Tjeldstø um bladmannen og diktaren Gullvåg, og Vik las or Gullvågs dikting.-På møtet 10. mai gav formannen Ludv. Jerdal referat frå årsmøtet i Vestlandske Mållag.-Sumarutferdi til Ådnatun var 16. juni. Møtet på Bryggens Museum der me såg ei mengd bilete og filmar frå Færøyane var 27. september. På møtet 11. oktober hadde me vitjing av det kjende islendske paret Margit og Arni G. Eylands. Han fortalde om livaferdi si, og om ungdoms- og manndomsår i Noreg, og ho las frå den fine skaldskapen til mannen sin. På møtet 1. novbr. tala sokneprest Eigil Lehmann um målbrigdet i den nye liturgien,-den 22. november vurderte journalist Thor Myklebust valkampen i media, i dette valåret-samanlikna med tidlegare.-Det var Olav Duun-program på møtet 13. desember, og på møtet 24. januar 1978.-Gerh. Garatun-Tjeldstø tala på det fyrstnemnde møtet, Fridtjov Vik på det sistnemnde, og det var upplesing frå Duuns "Medmenneske". På møtet 14. februar heldt redaktør Conrad Clausen foredrag um Gunnar frå Lidarende,-på møtet 7. mars tok Olav Synnevåg lagsfolki med på ei ferd; han fortalde um, med Snøggruta på joleferd til Kirkenes og attende.-Møtet 4. april var skipa som eit festmøte for formannen Ludv. Jerdal som fylte 70 år den 2. april i år.-Der var Fridtjov Vik møtestyrar,-Eigil Lehmann las eigne kvæde, Gerh. Garatun-Tjeldstø var festtalar og gav ei mektig utsyn yver den rike skaldskapen i Noreg frå Voluspå og Den eldre Edda og teikna dermed eit landskap som synte kva nordmenn stod for alt tidleg i soga. Han nytta dette "bakgrunnslandskapet" som ei hylling til formannen.-Spelemannen Finn Vabø spela fine norske skåttar på hardingfela. Og heiderslagsmannen Conrad Clausen tala seinare i programmet for heidxrsgjesten og gjorde kjent at laget utnemnde honom til heiderslagsmann. Det var og talar av Malvin Ulvatn, Betzy Rød og Nils Haukås. Og Eigil Lehmann kom med ei fin minnegåva til heidersgjesten frå Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-Sambandet.—

I alt er det halde 14 fyredrag eller talor. Det hev vore jamnt godt
frammøte.
Lagsfolk. Talet på lagsfolk er 80.
Kappleik. Laget skipa saman med Bygdedanslaget i Bjørgvin-og Spelemanns-
laget "Fjellbekken" ein "Hordakappleik" i folkemusikk og folkedans.
Kappleiken var i dagane 25., 26. og 27. mars 1977. Med i hovudnemndi
(kappleiknemndi) var frå Vestmannalaget Ellen Vabø og Fridtjov Vik.
Tilskot: Laget hev teke imot i tilskot kr. 1000 frå Halldor O. Opedals
Fond, kr. 1200 frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond, og i utetling frå Lags-
bruki til Bondeungdomslaget kr. 900,-.
Laget er med i Ivar Aasen-Sambandet gjenom Vestlandske Mållag, i Bygde-
lagsnemndi i Bergen og i Håkonshallens Venner.
Bokverk um Vestmannalaget. Stjorni hev arbeidt mykje med å fyrebu ei
bok um Vestmannalaget, i samband med at laget i år fylte 110 år. Det
hev lukkast å finansiera bokutgjevingi, og Norsk Bokreidingslag hev teke
på seg å gjeva boki ut. Upptaket vart gjort av Conrad Clausen på lags-
møtet ved 109-årsleitet, i januar 1977. Han gav då 100 kr. som skulde
vera upptaket til ei innsamling. Eigil Lehmann fylgde upp, ogso med
100 kronor. Og seinare kom mange til, so det stod snart 1500 kr. på ein
serskild konto. Stjorni hev so tryggja den summen som trengst, og det
vart i februar 1978 sendt ut subskripsjonsinnbjoding på boki. Kostnaden
med dette hev laget forskotera. J. W. Eides Boktrykkeri, Bergens Tidende
hev gjeve bindande tilbod på ei bok på ikring 400 sidor. Då skal Torleiv
Hannaas' bok "Vestmannalaget i femti aar" kopierast upp att. So skal
soga um dei siste 60 åri koma, og dertil ein stor artikkel um heiders-
lagsmannen Arne Bjørndal og hans store kulturinnsats med å samla norsk
folkemusikk og verna han for komande ætter. Boki skal etter planen koma
hausten 1978.
Eiga: Henrik Krohn og Hustrus Legat som laget stjornar, er på kr. 11.518,
Papiri ligg til varveitling i Vestlandsbanken. Laget eig luter for 1500
kr. i L/L. Bygdehuset i Bergen,-eit stort målarstykke av Nils Bergslien,
"Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen", heng i Grillstova på Hordaheimen,
Nokre mindre målarstykke, ei bysta av islendingen Jon Sigurdsson og
ymse minnegåvor er hjå formannen,-Nokre bøker er lagra hjå bokprentar
Gudmund Hammer i Hellendargata i Bergen, og lagsfana stend i Gimle.
Minne: Heiderslagsmannen bonde Einar Seim, Kinn i Sunnfjord døydde
i februar 1978. Han vart 92 år gamal og var rekna for Noregs lærdaste
bonde. Han er eit lysande namn i soga til Vestmannalaget og, serleg av di
han gjorde so mykje til å byggja ut det kulturelle sambandet med dei
gamle norrøne land og med vesterhavsøyane.* Bankmann Ingv. Olsvold, Bergen
som høyrde til dei eldste og mest trugne lagsfolki, gjekk og burt i år,
82 år gamal. Me minnest desse tvo i stor takksemd.
Heiderslagsmenn: Laget hev no 11 heiderslagsmenn: Diktaren Jørgen Buk-
dahl, Askov i Danmark,- skulestyraren og museumsmannen Torsteinn T.
Viglundsson, Hafnarfjørdur på Island,- lærar og folkeminnegranskar
Halldor O. Opedal, Lofthus i Hardanger, Anna Bjørndal, Bergen, Ingrid
Gjelsvik, Bergen, presten S. J. Nigard, Bergen, professor dr. Olav
Brattegard, Bergen, diktaren og bonden Knut Horvei, Bolstadøyri, redak.
Conrad Clausen, Askøy, sokneprest Eigil Lehmann, Ostereidet, og
journalist Ludv. Jerdal, Bergen, som er utnemnd i dette meldingsåret.

Bjørgvin 25. april 1978.

I stjorni for Vestmannalaget:

*Heiderslagsmannen, høgskulestyrar og forfattar Jens Marinus Jensen i Ask… Danmark døydde i mars 1977, 80 år gamal. I norrønt kulturarbeid på høg grunn gjorde han stort verk.

## Vestmannalaget
## Årsmelding 1978/79.

<u>Stjorni:</u> På årsmøtet den 25. april 1978 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart attvalde Olav Brattegard, Ivar Gjelsvik, Besse Bønes og Ingerd Hirth. Varamenn vart Fridtjov Vik, Fritz Monrad Walle og Nils Haukås. Olav Brattegard hev vore varaformann, Ingerd Hirth skrivar, og Fridtjov Vik kassastyrar. Brattegard døydde i oktober 1978, og Fridtjov Vik hev sidan vore fast mann i stjorni.

<u>Målsmenn:</u> I Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal. Varamenn: Fridtjov Vik, Nils Vee og Ivar Gjelsvik. I Det Norrøne Grønlan[d]laget: Arne Holm, Ludv. Jerdal, Eigil Lehmann. Varamenn: Conra[d] Clausen og Besse Bønes. I Kyrkjenemndi: Nils Haukås. Varamann Fridtjov Vik (valde for tvo år, til 1980). Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit, Svanhild Reknes, Helga Nessen, Fridtjov Vik. Fanevakter: Nils Haukås, Torkel Bjørkheim, Arne l. Målsmann i styret for Halldor O. Opedals fond for målreising o[g] måldyrking: Ludv. Jerdal, Varamann Fridtjov Vik. Ettersynsmann for rekneskapane: Nils Vee. Gustav Hantveit.

<u>Møte og samkomor:</u> Laget hev sidan fyrre årsmøtet halde 13 møte. Stjorni
hev halde 7 møte. Møtestaden hev ymsa noko i dette arbeidsåret. 2 møte
vart haldne på den gamle møtestaden (Kaffistova til Bondeungdomslaget).
Det var årsmøtet og minnemøtet for Ola Mosafinn den 26. september. Men
so gjekk Kaffistova yver til "Bingokveldar" og stengde kafeteria i 1.
høgdi på Torget 1. Dermed vart det uråd å få møterom der. Laget freista
med 1 møte i lagsromet til Idrottslaget Gular i Fensal og 1 møte på
Hotell Hordaheimen (ved sida av Gjestestova der), men på båe stadene va[r]
det altfor trongt. Me fekk so løyve til å halda møte i "Urdi", der me a[v]
i mai 1978 hadde havt eit minnemøte for Rustifolket, og frå og med møte[t]
28. november 1978 og til no hev møti vore i Urdi, i alt 7 møte. Dermed
laget på gamal tradisjonsrik grunn.-Eit sammøte med Ervingen og Bondeun[gdoms]
domslaget der me hylla kringkastingsmannen Arthur Klæbo i samband med
70-årsdagen hans, vart halde i Gimle. Det er halde i alt 17 fyredrag. På
årsmøtet 25. april tala høgsterettsadvokat Ivar Gjelsvik um dei inngrip
i naturi og i uppattnyingskrinslaupet der, som dei store kraftutbyggjinga[r]
valdar. Den 23. mai var det eit minnemøte i Urdi for dei tidlegare husbo[nd]
folki der. Magnus Hardeland heldt fyredrag um Olav Rusti, og formannen,
Ludv. Jerdal, tala um Frida Rusti. Eigil Lehmann las eigne kvæde, og Finn
Vabø spela slåttar på hardingfela.- Møtet 26. september var eit minnemøte
um Vossaspelemannen Ola Mosafinn (150 år sidan han vart fødd). Skulesjef
Gustav Hantveit tala, og fyredraget hans vart prenta som kjellar i Askøy
Tidend og er utgjeve i bokform etterpå, med eit fyreord frå Jørgen
Bukdals bok "Det skjulte Norge". Oddmund Dale spela på dette møtet slått[ar]
i Mosafinntradisjon.-På møtet i Gular-salen i Fensal synte lektor Olav
Fjæra ljosbilete frå Landnåmshøgtidi på Island, og han og Fridtjov Vik
fortalde um landnåmstradisjonar.- På møtet (i Urdi) 13. februar 1979 kom
Fjæra og Vik att med eit utvida program um denne ferdi, og no med film,
og tradisjon frå Rivedal der landnåmsmennene Ingolfur og Leifur kom ifrå.
Møtet på Hotell Hordaheimen 7. november var eit minnemøte um Kristofer
Uppdal - 100 år sidan han var fødd. Formannen Ludv. Jerdal tala um Uppda[l]
og diktingi hans, og Gerh. Garatun-Tjeldstø las or bøkene hans, serleg
frå "Vandringa - Øl-Kalles ferd". På møtet 28. november tala dr. philos.
Arild Haaland i samband med Ibsen-året. Emnet var "Fra Brand til Hær-
mændene paa Helgeland". Det var ei forvitneleg analyse, og det løyste ut
eit livleg ordskifte. Eigil Lehmann hadde skrive eit fint fyremæle til
dette Ibsenmøtet.- Laget heidra skuledirektøren, høgskulestyraren og
politikaren Knut Markhus med eit møte i samband med 100-årsminnet for
honom. Besse Bønes, formannen Jerdal og Gustav Hantveit tala.- Den 23.
januar 1979 tala universitetslektor Magnus Stefánsson um kristningsverke[t]
på Island.- Eit minnemøte um skalden Jakob Sande vart halde 13. mars.
Fridtjov Vik fortalde personlege minne um sambygdingen sin og gav ei

2

4

verdsetjing av dikbingi til Sande, frå dei [illegible] for 50 år sidan-og til dei mange seinare. Vik las sume dikt etter [illegible], og lærar Jørgen Alesøy song mange av dei kjende Sande-visone, til gitar-tonefylgje.-Møtet som skulde ha vore halde 3. april vart sløyfa, då Vestmannalaget i staden vart bede inn til det møtet som Kunstnersamfunnet i Bergen heldt i Urdi den 4. april. Der tala målaren Waldemar Stabell um kunst og kunstskyn, og det vart eit livlegt ordskifte. Mange frå Vestmannalaget var med på møtet.-Kunstnersamfundet var innbede til det minnemøtet um Rustikusntnarane som er nemnt framanfyre. Møtet 24. april var vigd målsaki. Formannen Ludv. Jerdal heldt fyredrag um "Målsaki i dag", og det var ordskifte med mange innlegg etterpå.-Eit frumvarp um rettskrivingsspursmålet vart det vedteke å senda yver til styret i Ivar Aasen-Sambandet. Den 15. november 1978 skipa laget saman med Ervingen og Bondeungdomslaget eit møte, der programsjef Arthur Klæbo var heidersgjest. Klæbo tala um målsak, og frå dei tri lagi vart det ved formennene bore fram ei original gåva til honom: Ei årringsplata frå kong Sverres kai i millomalder-Bjørgvin, med påfest plata med takk for gjævt verk.-Det handskrivne bladet "Tuftekallen" hev kome på umlag alle møti og er ein verdfull programpost.

Heidringar: Kjøpmann John Runshaug, den eldste lagsmannen vår, døydde i juli 1978, litt fyrr han skulde ha fylt 95 år. Han var den som hadde vore lengst med i laget no.-I oktober fall varaformannen og heiderslagsmannen professor dr. Olav Brattegard ifrå. Han hevx vore formann i laget tidlegare og no i mange år varaformann. Det vart sendt blomar til Runshaug på sjukehuset,-og formannen lagde krans på båra til Brattegard. Laget hev sendt blomar til Knut Horvei på 85-årsdagen hans (saman med Vestlandske Mållag), det er sendt bokgåva til Fridtjov Vik på 75-årsdagen hans, og blomar til Ivar Gjelsvik på 50-årsdagen, til Fritz Monrad Walle på 70-årsdagen, og til S. J. Nigar på 99-årsdagen. Laget var med på helsingslista i boki som kom til dr. Per Hovda til 70-årsdagen hans, og på Sunnhordlandsboki som Bygdelaget Sunnhordlendingen gav ut til 60-årsjubileet sitt.-Det var saman med dei andre lagi i Bygdelagsnemndi med på ei sams gåva til Bygdelagsnemndi på 40-årsdagen, og til Bondeungdomslaget i Bergen på 70-årsdagen. Likeeins var det med på ei helsing til spelemannen Halvor Børsdal som Bondeungdomslaget gav ut til 80-årsdagen hans 8. mai 1979.

Vestmannalaget i 110 år. Arbeidet med dette bokverket hev teke mykje tid. Det vart sendt ut ei mengd subskripsjonsinnbjodingar, og etter at dette var undangjord, fekk laget løyve til å leggja ved sovori innbjoding og postgiroblankett med runskriv til lagsfolki i Bergens Handelsforening og Salgs- og Reklameforeningen i Bergen. Finansieringsplanen var i hamn hausten 1977, og stjorni valde i møte 31. oktober 1977 denne skriftnemndi: Conrad Clausen, Gerh. Garatun-Tjeldstø, Eigil Lehmann og Ludv. Jerdal. Boki vert større enn påemna, og hev vorte seinka, millom anna i prenteverket. Men no er det von til at ho kjem i juni i år. Laget hev møtt stor velvilje, og det er ytt gode tilskot til utgjevingi. Norsk Bokreidingslag L/L. gjev ut.

Tilskot: Laget heve teke imot i tilskot frå Halldor O. Opedals fond kr. 1000, frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond kr. 2500 (til 110-årsboki), og i utetling frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget kr. 900. Laget er med i Ivar Aasen-Sambandet gjenom Vestlandske Mållag, i Bygdelagsnemndi i Bergen, og i Håkonshallens Venner.

Eiga: Henrik Krohns og Hustrus Legat som laget stjornar er på kr. 11.069,87. Stjorni hev av dette fondet løyvt 1000 krunor i 1978 til bokverket um Vestmannalaget.

Heiderslagsmenn: Talet på lagsfolk er 80. Av dei er desse 10 heiderslagsmenn: Diktaren Jørgen Bukdahl, Askov i Danmark, skulestyrar Torsteinn T. Viglundsson, Hafnarfjørdur på Island, lærar og folkeminnegranskar Halldor O. Opedal, Lofthus i Hardanger, Anna Bjørndal, Bergen, Ingrid Gjelsvik, Bergen, presten S. J. Nigar, Bergen, diktaren og bonden Knut Horvei, Bolstadøyri, redaktør Conrad Clausen, Askøy, sokneprest Eigil Lehmann, Østereidet, og journalist Ludv. Jerdal, Bergen.

Bjørgvin 12. mai 1979.

I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal. Ingerd Hirth. Nils Haukås

# Vestmannalaget

## Årsmelding 1979/80.

**Stjorni:** På årsmøtet den 15. mai 1979 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Besse Bønes, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Fridtjov Vik. Varamenn vart Arne Holm, Ingeleiv Tangen og Nils Haukås. Stjorni skipa seg med Fridtjov Vik til varaformann og kassastyrar, og Ingerd Hirth til skrivar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal. Varamenn: Fridtjov Vik, Nils Vee og Ivar Gjelsvik. I Det Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Ludv. Jerdal, Eigil Lehmann. Varamenn: Conrad Clausen og Besse Bønes. Til Kyrkjenemndi var det ikkje val. Nils Haukås, med varamann Fridtjov Vik er valde for 2 år og stend på val i år. Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit, Svanhild Reknes, Helga Nessen, Fridtjov Vik. Fanevakter: Olav Fjæra og Arne Mehl. Målsmann til styret for Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking hev vore Ludv. Jerdal med varamann Fridtjov Vik. Dei er uppnemnde av stjorni. Ettersynsmenn for rekneskapane: Nils Vee, Gustav Hantveit.

**Møte og samkomor:** Alle møti hev i dette året vore haldne i Urdi, frårekna eitt som var i møtesalen til Bergens Tidende. Frammøtet hev vore jamnt godt, og helst noko betre enn fyrr. Sidan fyrre årsmøtet er det halde 8 møte. Stjorni hev halde 9 møte. "Tuftekallen" hev kome på alle møti og er eit umtykt innslag i programmet. Elles er det fyredraget og samrøda etterpå med kaffiykt som er fast på programmet. På årsmøtet 15. mai var det utanum årsmøtesakene meldingar frå årsmøti i Vestlandske Mållag og i Ivar Aasen-sambandet. Formannen gav desse meldingane.

Bokverket "Vestmannalaget i 110 år" var ferdig frå prenteverket og bokbindaren 16. august 1979. Det var pressekonferanse i Vestlandsbanken 5. september der Norsk Bokreidingslag L/L. la boki fram, saman med 4 andre bøker som laget hadde dette året. 10. september var det dugnad på pakkingsarbeidet hjå bokbindar T. Wiesener Bokproduksjon A/S. i Lars Hills gate, og 11. september vart bøkene sende i posten til fyrehandstingarar og andre.

Det andre møtet i arbeidsåret vart halde i møtesalen til Bergens Tidende 21. september, med Bergens Tidende til vertskap. Der var det talar av formannen Ludv. Jerdal og redaktør Conrad Clausen, og dei fekk både blomar frå Hordaland fylke, framborne av fylkeskultursjef Åsmund Mjeldheim, som hadde gode lovord um det arbeidet dei hev gjort med bokverket. Det var og talar av sokneprest Eigil Lehmann, dr. philos Arild Haaland og redaktør Ingem. Fønn. Bokverket vart gjeve til dei i A/S. Bergens Tidende og J. W. Eides Boktrykkeri som serskilt hev vore med på arbeidet med boki, og til teiknarane Magnus Hardeland og Audun Hetland, til fylkesordføraren, fylkesrådmannen og fylkeskultursjefen i Hordaland. Dette møtet var eit historisk møte med attersyn på store tider i Vestmannasoga. Det vart bore fram takk til dei som hev vore med og hjelpt bokverket fram økonomisk, soleis til Arne Bjørndals fond for norsk folkemusikk, Hordaland fylke, A/S. Bergens Tidende og J. W. Eides Boktrykkeri, Vestlandsbanken, Dr. Kari Øpstads Nynorskfond, og Henrik Krohn og Hustrus Legat. 6 spelemenn frå "Fjellbekken" og "Syndebukken" var med og spela slåttar på møtet, og den framifrå gode trumbeslagaren Eirik Sundvor slo gamle trumbeslåttar frå Hordaland.

På møtet 16. oktober fortalde adjunkt Sverre Hausberg forvitneleg og lærerikt um utgravingane i Pompeji og um ei vitjing i Roma, og Fridtjov Vik synte ljosbilete frå ferdi.

30. oktober var ein Falkberget-kveld, i tilføre 100-årsminnet for Falkberget. Skuleinspektør Gustav Hantveit teikna eit levande bilete av diktaren frå Bergstaden, ja, både av personlegdomen og av diktingi hans, og prost Sverre Aarseth og andre skøytte til med personlege minne um Johan Falkberget.

Sunnhordland Folkehøgskule på Halsnøy Kloster i tidi 2. - 7. juni i år. Skeidet vert skipa i samarbeid med folkehøgskulen, og me tek sikte på å samla skulefolk, kommunale tenestefolk, folk frå kringkasting og presse og andre. Høgskulestyrar Sigurd Sandvik hev laga ein god kursplan som me òg vil freista å få prenta, med tanke på framtidige målskeid.

"Vestmannalaget i 110 år". Det store hendet i dette året er likevel at bokverket um Vestmannalaget er kome. Verket er på umlag 600 sidor med mange hundrad bilete. I skriftnemndi var Conrad Clausen, Gerh. Garatun-Tjeldstø, Eigil Lehmann og Ludv. Jerdal. Torleiv Hannaas si 50-årsbok er uppattprenta i offset, og Conrad Clausen og Ludv. Jerdal hev skrive det andre, so boki hev namni Hannaas, Clausen og Jerdal på titelbladet. Boki vart tiletla Heidersgåva av Gjelsvikfondet for 1978, ein pris som vert gjeven til ei bok som er framifrå i innhald og stil og i norskt målbruk. Prisen vart delt på Clausen og Jerdal. Mange bokmeldarar hev skrive sterkt lovande um bokverket, og frå Forseti Islands, Kristjan Eldjarn, er det kome takkebrev med sterke lovord. Likeeins hev heiderslagsmannen vår på Island, Torsteinn T. Viglundsson, skrive ei sers god bokmelding i Morgunbladid i Reykjavik.

Eiga: Laget hev luter for 1500 krunor i L/L. Bygdehuset i Bergen, det eig luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend og i Norsk Bokreidingslag, og det stjornar Henrik Krohn og Hustrus Legat, som no er på kr. 11870,89 Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" av Nils Bergslien heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen, nokre andre målarstykke, bøker og minnegåvor er lagra hjå formannen, og nokre bøker hjå bokprentar Gudmund Hammer i Hollendergata. Av restupplaget på "Vestmannalaget i 110 år" fekk laget 200 bøker, av di det hadde finansiert heile utgjevingi. Dei bøkene er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen.

Heiderslagsmenn: Talet på lagsfolk er 85. Av dei er desse 10 heiderslagsmenn: Diktaren Jørgen Bukdal, Askov i Danmark, skulestyrar Torsteinn T. Viglundsson, Hafnarfjørdur på Island, lærar og folkeminnegranskar Halldor O. Opedal, Lofthus i Hardanger, Anna Bjørndal, Bergen, Ingrid Gjelsvik, Bergen, diktaren og bonden Knut Horvei, Bolstadøyri, lærar og redaktør Conrad Clausen, Askøy, sokneprest Eigil Lehmann, Ostereidet, og journalist Ludv. Jerdal, Bergen.

Bjørgvin 6. mars 1980.

I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal. [illegible]
[illegible]

**Vestmannalaget**

**Årsmelding**

---

**Stjorni:** På årsmøtet den 11. mars 1980 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Besse Bønes, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Fridtjov Vik. Varamenn vart Arne Holm, Conrad Clausen og Nils Haukås. Stjorni skipa seg med Fridtjov Vik til varaformann og kassastyrar, og Ingerd Hirth til skrivar. Fridtjov Vik døydde uventa i juli 1980, og Besse Bønes hev av helsegrunnar måtta melda at han ikkje kunde møta i stjorni. Frå juli månad vart Arne Holm og Conrad Clausen faste stjornarmenn, og varamannen Nils Haukås hev møtt på alle møti. Stjorni valde i møte 4. september Conrad Clausen til ny varaformann og Ingerd Hirth til kassastyrar. Ho er samstundes skrivar i laget.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal. Varamenn Fridtjov Vik, Nils Vee og Ivar Gjelsvik, i Det Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Ludv. Jerdal og Conrad Clausen. Varamenn Besse Bønes og Malvin Ulvatn. Kyrkjenemndi: Ingeleiv Tangen med varamann Ingerd Hirth. I Idrottslaget Gular: Nils Haukås, varamann Ivar Gjelsvik. Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit, Svanhild Reknes, Helga Nessen, Fridtjov Vik. Fanevakter: Haldor Slettebø og Olav Fjæra. Ettersynsmenn for rekneskapane: Nils Vee og Gustav Hantveit. Målsmann til styret for Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking er Ludv. Jerdal med varamann Nils Haukås. Dei er uppnemnde av stjorni. Ivar Gjelsvik er forretningsførar for dette fondet.

**Møte og samkomor:** Sidan fyrre årsmøtet er det halde i alt 10 lagsmøte. Dei fleste er haldne i Urdi, eitt møte var på Kaffistova til Bondeungdomslaget, og tvo møte var i Gimle. Stjorni hev halde 8 møte, dei er på kontoret til Ivar Gjelsvik. På møte og andre tilskipingar er det halde i alt 16 fyredrag eller talor. Bladet "Tuftekallen" hev kome sjeldnare enn fyrr.

På årsmøtet i Urdi 11. mars var formannen i Norsk Bokreidingslag, prost Alv Askeland, i samrøda med formannen i Vestmannalaget um kyrkja og kyrkjespursmål. Mange aktuelle saker vart tekne upp, og til slutt var ordet fritt.

På møtet i Urdi 8. april fortalde prost Sverre Aarseth personlege minne frå eit langt presteliv. Titelen var "Frå Stiklestad til St. Olav i Bergen", og millom anna fortalde han levande um den store kyrkjehøgtidi i Nidaros i 1930.

Den 29. april var det eit minnemøte i Urdi for heiderslagsmannen presten S. J. Nigar som på dei tider vilde ha fylt 100 år. Formannen Jerdal tala um Nigar og livsverket hans, lyden song songar etter Nigar, Nils Haukås las nokre av dikti hans, og det var talar av Eigil Lehmann og av Conrad Clausen. Nokre av Nigarhuslyden var med på møtet, m. a. dotteri Hildur Nigar.

Fyrste møtet etter sumarferien var i Gimle 12. september 1980. Lagsmannen Malvin Ulvatn som fylte 80 år dagen etterpå var heidersgjest. Medtilskiparlag var Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag, Norsk Bokreidingslag og Nord- og Midhordland Sogelag, og saman med desse lagi var endå nokre lag med på ei sams gåva til Ulvatn (ei åringsplata frå kong Sverres bryggja i Bjørgvin, med helsingsplata). Det var desse lagi: Bondeungdomslaget i Bergen, Bondeungdomslaget Ervingen, Kyrkjenemndi i Bergen, og Manger ungdomslag. Det var soleis i alt 9 lag som heidra Ulvatn. Conrad Clausen og Ludv. Jerdal tala på møtet, Clausen um Nordhordland og nordhordlendingane, Jerdal um heidersgjesten og innsatsen hans i ungdoms- og målarbeid. Det var og ei helsing frå Eigil Lehmann, og spelemannslaget "Fjellbekken" var med og spela i bordseta. Då bar Finn Vabø fram ei gåva til spelmannen Alf Sæle som hadde havt rund dag. Gustav Hantveit hadde "Tuftekallen", og Ulvatn takka for tilskipingi.

... Arvid Haaland
... Astrup og den sermerkte kunsti hans (100-års minne), og Chr. Astrup som er son til kunstnaren, fortalde personlege minne og hadde med mykje Astrupkunst (reproduksjonar) som pryda veggjene i Urdi./

Det var eit nytt 100-årsmøte i Urdi den 21. oktober. Då mintest laget heiderslagsmannen Albert Joleik. Ludv. Jerdal tala um bladmannen, sögeskrivaren, kåsøren, måldyrkaren og livskunstnaren Albert Joleik, som vart fødd for 100 år sidan, og dotter til Joleik, Almveig Joleik Sårheim, var komi frå Jølster og heldt ein fin tale um faren Albert Joleik og mori Olava Joleik. Ho las òg frå Joleiks dikting, m. a. Sunnfjordsongen hans. Det var helsingstalor av Eigil Lehmann og Conrad Clausen. Mange av Joleik-ætti var med på møtet.

Endå eit"100-årsmøte" var det den 12. november då laget mintest heiderslagsmannen rektor Severin Eskeland. Forfattaren Arnfinn Haga tala um målkunstnaren Eskeland, og han las prøvor på meisterlege umsetjingar som Eskeland hev gjort frå fransk, m. a. novella "Stjernone" av Alphonse Daudet.Eit kvæde som Eskeland hadde skrive til Hordafylket til 100-års-høgtidingi i 1937 vart sunge.

Eit Israelmøte vart halde i Urdi 19. desember. Redaktør Arthur Berg tala um Israel og um den tragiske soga til jødane, og møtet vedtok ei fråsegn til det norske Utanriksdepartementet, med takk for vakthald og med uppmoding um å tryggja Israels livsrett. Kopi av fråsegni vart send Israels Ambassade i Oslo.

20. januar 1981 - dagen fyre laget fylte 113 år - vart møtet halde på Kaffistova til Bondeungdomslaget. Forfattaren Ivar Kleiva fortalde forvitneleg frå ei ferd i Romania og synte ljosbilete til, og Conrad Clausen las ein artikkel etter Eirik Hirth um Vestmannalaget og Bjørgvinmålmennene i norsk målreising (or Syn og Segn).

Den 27. februar var det eit sammøte med spelemannalaget "Fjellbekken", i Gimle. Pålag 20 spelemenn let hardingfelene ljoma, og i bordseta vart det sagt takkeord for samarbeidet millom dei tvo lagi um den vellukka Vestlandskappleiken. Formannen i "Fjellbekken", Finn Vabø, bar fram ei ...åva til Oddmund Dale som nyleg hadde fylt 60 år, og formannen i ...estmannalaget heldt minnetale yver toneskalden Geirr Tveitt.

...lskeid på Sunnhordland Folkehøgskule. I tidi 2. - 7. juni 1980 skipa ...tmannalaget eit skeid i måldyrking på Sunnhordland Folkehøgskule, ...nøy Kloster. 15 var med på skeidet, og mange kom langveges. Skeidet ...sers vellukka, for dei som var med var folk som var komne både for ... sjølv, og for å læra av kvarandre. Det var ein hard timeplan for ... og um kveldane vart det tid til festsamvær på høgskulegjerd. ...ulestyrar Sigurd Sandvik styrde skeidet, og han var fyrelesar ...aman med sokneprest Eigil Lehmann, programsekretær Gustav Moberg, lektor Eivind Vågslid og formannen i Vestmannalaget, bladmann Ludv. Jerdal. Dr. Einfrid Perstølen som m. a. arbeider mykje med norskt medisinarmål samla på dette skeidet rikeleg med tilfang ogso til den medisinske ordboki som no skal koma i ny og auka utgåva. Millom emni på skeidet var utgreiding um kva måldyrking er, framvoksteren frå norrønt mål til norskt, norsk målbygnad, jamføring av norske målføre, mållæra, grensegang millom norskt og unorskt, bruk av målføre og normalmål, ljodlæra, formverk, syntaks, o.s.b. Det vart greidd ut um bladfolk og kringkastingsfolk i arbeid, og det var mange praktiske uppgåvor og prøvor med å retta upp bladinnlegg, referat og "rådmannsnorsk", øvingar framfyre mikrofon m. m. Noko tid vart òg sett av til gruppearbeid. Frå skeidet vart det sendt ei grunngjevi fyreteljing til Norsk Rikskringkasting og til Norsk Språkråd um målbruken i radio og fjerrsjå. Det vart peika på at det i NRK er mykje ring norsk, og det vart sendt med ei lang lista yver ord og segjemåtar som er mykje nytta, med framlegg um betre ord og vendingar. Frå programdirektør Halfdan Hegtun i NRK radio kom det svarbrev med takk for påminningi, samstundes som han vedgjekk at klaga på målbruken er rettkomen. Han lova i svarbrevet at skrivet skulde verta lagd fram i dei deilder innan NRK som steller med målbruken. Målskeidet gjorde òg upptak til eit skriv til

Kyrkje- og Undervisningsdepartementet med protest mot at den tradisjonsrike Stord Lærarskule skal få namnet "Lærarhøgskole" (i staden for Lærarhøgskule). I brevet vart det vist til at formi skule er den naturlege på heile Vestlandet. Dette kravet synest ha ført fram.

Det vart sytt for ljodbandupptak av nokre av fyrelesingane på skeidet. Tilskot til målskeidet var gjeve av Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking og frå Hordaland fylke ved fylkeskulturstyret.

Vestlandskappleik i Bergen. Vestmannalaget var saman med Bygdedanslaget i Bjørgvin og spelemannslaget "Fjellbekken" tilskipar av Vestlandskappleik i folkemusikk og folkedans i Gimle i Bergen i helgi 4. og 5. oktober 1980. Det vart den største Vestlandskappleiken til dessar, med rekordframmøte av spelemenn og dansarar, pålag 60 spelemenn og 100 dansarar, og dertil mange kvedarar. Det kom òg gjesteklasse frå Telemark, Hallingdal, Oslo og Trøndelag. Domarane hadde sterke lovord um kvaliteten. Leif Rygg frå Voss toppa premilista for spelemenn i klasse A, og vann dermed ein lut i Jon Rosenlid Minnepokal, og beste dansarparet vart Marit og Kjell Krokeide frå Fana. Dei vann dei fine vandrepokalane som Vestlandsbanken hadde gjeve, og dertil Lars Krekens Minnepokal, båe pokalane til odel og eiga. Solveig Vabø Johannessen frå Bergen vann tevlingi um vandrepokalen for beste individuelle dansar, ubunde av klasse. I samband med kappleiken vart det sundag fyremiddag halde høgmessa i St. Jørgen kyrkja der vestmannen prost Sverre Aarseth preika,og spelemennene Oddmund Dale, Finn Vabø og Magnar Nordli spela lydarstykke på hardingfela. Finn Vabø var formann i hovudnemndi for kappleiken, målsmenn i hovudnemndi frå Vestmannalaget var Ellen Vabø og Ludv. Jerdal. Jerdal styrde kappleiken, som vart offisielt opna av fylkeskultursjef Åsmund Mjeldheim i Hordaland. Norsk Rikskringkasting gjorde upptak og sende program frå kappleiken. Domarar i spel var Jan-Petter Blom, Lars Brattebø og Håkon Gudbrandsen, i spel Torkel Bjørkheim, Georg Nyborg og Svein Skjerdal. Kappleiken gav eit yverskot.

Minnehøgtid for Ole Bull. Sundag 17. august 1980 var Vestmannalaget innbede til den storfelde minnehøgtidi som vart skipa ved Ole Bull-gravi på Assistentkyrkjegarden i Bergen, og på Lysøy, på dagen 100 år etter at Ole Bull andast på Lysøy. Det var fine minnestunder, med kunstnarlege program, leida av forfattaren Carl O. Gram Gjesdal. Lysøenutvalget i Fortidsminnesmerkeforeningen skipa til, og det kom mange gåvor, m. a. frå Ole Bull Akademiet på Voss. Frå Vestmannalaget bar formannen fram bokverket "Vestmannalaget i 110 år" og minna um at vår store Ole Bull var vestmann òg, han bar Vestmannafana 17. mai, og han skreiv helsingar på gamalnorsk til Henrik Krohn.

Laget hev vore med på ei uppmoding um å reisa spelemannen Arne Bjørndal eit minnesmerke i heimbygdi Hosanger.

Helsing til Island. Varaformannen Conrad Clausen var på ei privat ferd til Island sumaren 1980. Han var på Bessastadir sundag 13. juli då kyrkjelyden der tok avskil med president Kristjan Eldjarn. Presidenten og fruva hans helsa på alle i skrudhuset i kyrkja etter messa. Då helsa Clausen frå Vestmannalaget og takka for det varmhjarta norrøne samarbeidet presidenten hev gjort. Presidenten sa seg glad for denne helsingi, og han sende helsing attende. I dei dagar tok den nye Forseti Islands, Vigdis Finnbogadóttir, yver det høge embetet, og Conrad Clausen møtte henne òg. Han gav henne boki um Vestmannalaget, og ho sende nokre dagar etterpå ei hjarteleg takkehelsing til Clausen for dette bokverket, som ho hadde lese med stor hugnad. Clausen var òg inne i Landsbókasafn Islands og gav boki til den samlingi, og frå sjefsbibliotekaren der, Finnbogi Gudmundsson, er det kome eit varmt takkebrev. I samband med dette kan òg nemnast kunstgåva til Norræna Husid i Reykjavik ("Islandsk kvinne" av Arnold Haukeland) som brørne Arild og Wilhelm Haaland gav saman med Vestmannalaget og Vestlandske Mållag, og som Arild Haaland bar fram.

Minnet um Kristkyrkja på Holmen. Ei av dei store hendingane i arbeidsåret var den minnemessa som laget stod i brodden for sundag 8. mars 1981, 450 år etter at Kristkyrkja på Holmen i Bjørgvin vart rivi og steinen førd til Danmark. Vestmannalaget gjorde her upptaket til ei liknande minnehøgtid som den laget var med på ved 400-årsminnet i 1931. Bygdelags-nemnda ved formannen Skjalg H. Halmøy var innbjodarar, og med på tilskipingi elles var Bergens Historiske Forening, Den Bergenske Avdeling av Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, og Vestlandske Mållag. Med god hjelp frå Kommandanten på Bergenhus, generalmajor Ola Litleskåre, fylkesmann Lars Leiro og inspektøren for Håkonshalli, fyrsteamanuensis Kjell Falck, fekk me løyve til å nytta Håkonshalli, og etter tilråding frå fylkesmannen og inspektøren stetta Kyrkje- og Undervisningsdepartementet søknaden vår um å få nytta halli utan leiga. Kommandanten sa ja til spurnaden vår um musikk frå Forsvarets Distriktsmusikkorps Vestlandet, og korpset spela i ~~Xxxxxxxxx~~ Håkonshalli til messa: Preludium, til salmane, og postludium. Dirigenten musikkmajor Audun Møllerup Boge var leidar, og tok på seg arbeidet med å skriva av notane etter koralboki. Korpset spela gratis, og det same gjorde spelemannslaget "Fjellbekken". Vestlandsbanken prenta gratis i prenteverket sitt eit fint programblad. Til vanleg høgmessetid kl. 11 heldt biskop dr. theol. Fridtjov Birkeli messa i halli, den fyrste høgmessa som er haldi her, sa kommandanten Ola Litleskare då han opna med velkomeord og las ei gild helsing frå Bjørgvinbispen Thor With. Meir enn 300 menneske var møtt, so halli var pålag fullsett. Til minnehøgtidi var innbedne offisielle representantar for styremaktene, sivile og militære, i Hordaland, Bergen og Sogn og Fjordane. Og sers hyggjeleg var det at historikaren, kyrkjebyggjaren og forfattaren Edvard Ruud på Elgsnes ved Harstad var komen den lange vegen. Han hadde alt sumaren 1980 skrive i sume blad at norskdomslagi i Bergen måtte halda ei liknande høgtid denne gongen som den dei skipa i 1931. Formannen i Vestmannalaget hylla serskilt Edvard Ruud då han takka dei som hadde bore programmet, og fylkesmann Lars Leiro i Hordaland bar fram ei takk til tilskiparlagi. Det er lag som hev synt at dei stend for noko, både tidlegare og i denne samkoma i Håkonshall, sa fylkesmannen. Biskop Birkeli heldt ei sjeldsynt god preika, bygd yver ordi i Hebrearbrevet 13, 7 - 8. Han tala um katedralen her på Holmen som stod for det beste i kristen og norrøn kultur, um krossen som her laut vika for sverdet, men og um ei kyrkja som ikkje døydde, jamvel um ho vart jamna med jordi. Ho døydde ikkje, for di ho stend for ei åndsmakt. Generalmajor Ola Litleskare hadde i opningstalen sin minna um ordi frå filosofen Santayana, ordi um at den som ikkje kjenner soga si eigi, er dømd til å gjera tidlegare mistak uppatt. Og i eit mektigt historisk fyredrag etter sjølve messa gav varaformannen i Vestmannalaget, redaktør Conrad Clausen, ei attersyn på Kristkyrkja i Bjørgvin og Noregs lagnad. Tri generasjonar hadde bygt på Kristkyrkja, som vart vigsla i 1160 og vart domkyrkja for heile Vest-Noreg. Ho var 55 meter lang, 22 meter breid og hadde 12 altar. I den kyrkja bar Inga frå Varteig jarnbyrd, og i Noregs stortid blømde sogeskriving og skaldskap, politikk og handel i Bjørgvin. Men Kristkyrkja stod i vegen for festningi, og danskekongen vanta stein til nye slott i Danmark. Uverket med nedrivingi vart sett i verk av Eske Bille, jamvel fyrr kongen hadde fenge tid til å sanksjonera vedtaket. Og dette ulivssåret i soga vår kunde aldri lækjast.

Etter minnestundi i Håkonshalli gjekk lyden til Kristkyrkjetufti, med Kommandanten, biskop Birkeli og fylkesmann Leiro i brodden. Og Kommandanten la ein kristtornkrans ved St. Sunnivamonumentet. I talen minna han um at Kristkyrkja på Holmen fall av di nordmenn ikkje rådde i eige land. Difor er det eit livsvilkår at me steller oss so at me styrer oss sjølve. Det vart gjort ljodbandupptak og teke bilete av heile høgtidi. Dei samla kostnadene med stemna (ferdautlogor, garderobevakter, høgtalaranlegg m. m.) kom på tilsaman kr. 3760,-, og Vestmannalaget og Vestlandske Mållag hev greidda desse utlogone, med helvti på kvart lag. Dei andre lagi som ved medtilskiparar hev skralare økonomi enn me hev, og dertil hev serleg Fortidsminnesmerkeforeningen ei mengd krevjande uppgåvor.

Fritz Monrad Walles fond. I årsmeldingi for 1979 vart det upplyst at lagsmannen byhistorikaren Fritz Monrad Walle ved ervebrev hadde gjeve eigedomane sine til Vestmannalaget. Det skal skipast eit fond som ber hans namn, fondet skal styrast av stjorni i Vestmannalaget og midlane skal nyttast til å fremja målreising og måldyrking på Ivar Aasens grunn, det vil segja på det grunnlaget som Vestmannalaget alltid hev havt for arbeidet. Stjorni hev arbeidt med å få yversyn yver eigedomane. Det meste er umråde som er festa burt til byggjetufter. Finansdepartementet fritok etter grunngjeven søknad laget for erveavgift, dei festeavgiftene som Boligselskapet av 1956 A/S. (A/S. Fanabygg) hev kravt inn er i dette året førde yver til Vestmannalaget. Kassastyraren i laget hev teke yver dette arbeidet, og innkomone er fyrebils førde i lagsrekneskapen. Men desse midlane skal førast ut att or lagsrekneskapen og setjast til Fritz Monrad Walles fond./ Stjorni hev i mai 1981 løyvt det fyrste tilskotet, kr. 4000,- til Det Norske Samlaget ved dr. Else Marie Bukdahl, til nyutgjeving av Jørgen Bukdahls verk "Det skjulte Norge". Stjorni hev til same fyremålet løyvt kr. 1000,- av Henrik Krohn og Hustrus Legat.

Eiga og tilskot: Laget hev, i samsvar med fyresegnene, teke imot kr. 1000 frå Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking, kr. 900 i utetling frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget, og kr. 1000 frå dr. Kari Øpstads Nynorskfond. Det hev ytt kr. 1000 til kunstgåva til Island. Laget hadde luter for 1500 kr. i L/L. Bygdehuset i Bergen, eit lutlag som er uppløyst no i mai 1981 av di det ikkje lukkast å reisa det Bygdehuset som hev vore påemna heilt sidan fyre siste verdskrigen. Laget eig òg luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend og i Norsk Bokreidingslag L/L. Det stjornar Henrik Krohn og Hustrus Legat til fremme af Maalsagen og det Norske Maals Gjenreisning. Legatet er no på kr. 12.393,88. Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" av Nils Bergslien heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen, nokre andre målarstykke, bøker og minnegåvor er lagra hjå formannen, men det meste av boklageret, soleis nærepå 200 eksemplar av "Vestmannalaget i 110 år" er lagra på eit romslegt loft på Nygård skole i Bergen.

Laget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom fylkeslaget Vestlandske Mållag. Det er òg med i Bygdelagsnemndi i Bergen, og i Håkonshallens Venner.-

Heidringar: Vestmannalaget var saman med Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Norsk Bokreidingslag med på ei helsing og heidring til heiderslagsmannen Halldor O. Opedal i Ullensvang då han den 26. mai 1980 fylte 85 år. Formann og varaformann i Vestmannalaget, Ludv. Jerdal og Conrad Clausen, møtte i heimen til Opedal og helsa honom frå dei nemnde lagi med ei gåva, ein treskurd av ein kunstnar i Rauland, som syner den Olavsfiguren som er det einaste minnet som er att ifrå den gamle stavkyrkja i Vinje. I takketala si kom Halldor O. Opedal med ei forvitneleg røda um korleis han kom inn i arbeidet med å samla folkeminne og i uppgåva med å dyrka det norske målet.

Til 80-årshøgtidingi i Bondeungdomslaget Ervingen var formannen innbeden, og Vestmannalaget var saman med dei andre bygdelagi og Bygdelagsnemndi i Bergen med på ei gåva, eit kunstverk til Gimle eller Ervingenhytta.-

Vestmannalaget hev mist nokre gjæve lagsfolk i det farne året. Fridtjov Vik hadde vore ein trugen stjornarmann, varaformann og kassastyrar i mange år. Conrad Clausen møtte i gravferdi hans i Holmedal kyrkja og la krans frå Laget.-På båra til kunstmålaren og forfattaren Magnus Hardeland la formannen ein krans som var frå Vestmannalaget og Vestlandske Mållag saman. Det vart òg lagd krans på båra til Maria Arne, og det vart sendt krans til båra hennar Helga Nessen og til båra hans Gudmund Hammer. Elsa Midttun som no budde i Årdal er òg avlidi, nær 90 år gamal. Laget takkar deim alle, og signar deira minne.

<u>Heiderslagsmenn:</u> Talet på lagsfolk er 77. Av dei er desse <u>heiderslagsmenn:</u> Diktaren Jørgen Bukdahl, Askov i Danmark, skulestyrar og banksjef Torsteinn T. Viglundsson, Hafnarfjørdur på Island, folkeminnegranskar og forfattar Halldor O. Opedal, Lofthus i Hardanger, Anna Bjørndal, Bergen, Ingrid Gjelsvik, Bergen, bonde og diktar Knut Horvei, Bolstadøyri, redaktør Conrad Clausen, Askøy, sokneprest Eigil Lehmann, Ostereidet, og journalist Ludv. Jerdal, Bergen.

Bjørgvin 19. mai 1981.

Stjorni for Vestmannalaget.

Ludv. Jerdal. Ingrid Hirth.
Conrad Clausen. Nils Haukås.

# V e s t m a n n a l a g e t

## Årsmelding 1981/82.

**Stjorni:** På årsmøtet den 19. mai 1981 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart Nils Haukås, Ellen Vabø og Finn Vabø. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal. Varamenn: Sveinung Ones, Finn Vabø og Kjartan Rødland. I Det norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Ludv. Jerdal og Conrad Clausen. Varamenn: Malvin Ulvatn og Olava Henrichsen. I Kyrkjenemndi (valde for tvo år): Ellen Vabø, varamann ~~Xxxxxxxxxxxx~~ Audun Vik. Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit, Svanhild Reknes, Ivar Kleiva, Sveinung Ones. Fanevakter: Haldor Slettebø og Olav Fjæra, Ettersynsmenn for teikneskapane: Gustav Hantveit og Wilhelm Haaland. Målsmann til styret for Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking er Ludv. Jerdal, med varamann Nils Haukås. Dei er uppnemnde av stjorni.

**Møte og samkomor:** Sidan fyrre årsmøtet er det halde i alt 7 møte, dei flete i Urdi, men det er og halde møte på Bryggen Museum, i Sofus Madsens atelier på Kanonhaugen, Landås, og i Gimle. Frammøtet til

lagsmøti hev vore jamnt godt. Stjorni hev halde 5 møte, alle på kontoret til stjornarmannen Ivar Gjelsvik.

På årsmøtet i Urdi 19. mai 1981 var det attåt årsmøtesakene eit fint program ved spelemannen Finn Vabø, som spela slåttar på hardingfela og fortalde um slåttane.

6. oktober var det møte i Sofus Madsens Stiftelse på Kanonhaugen, Landås. Lagsfolki fekk dermed møta Sofus Madsens kunst i atelieret hans. Fru Solveig Lund Brandal fortalde um kunstverki som er samla der, og Ludv. Jerdal og Conrad Clausen drog fram minne frå soga til Sofus Madsen, ein av dei store bilethoggarane i Bergen, som det i dette året var eit 100-års minne for.

27. oktober var det eit Knut Liestølprogram i Urdi. Det var 100 år sidan professor Liestøl vart fødd, og Gerh. Garatun-Tjeldstø tala um Knut Liestøl, vitskapsmannen, politikaren og målmeisteren. Nils Haukås las Gerh. Garatun-Tjeldstøs fyremæle "Dei gode hjelparane", og formannen las ei helsing frå folkeminnesamlaren Halldor O. Opedal um korleis han hev samla folkeminne og dyrka målet. Møtet vedtok å senda ei helsing til Opedal.

1. desember tala høgskulestyrar Sigurd Sandvik um folkehøgskulen i ei ny tid og kom inn på dei framtidsvonene dette skuleslaget hev.

15. desember var det jolemøte på Bryggen Museum. Det var eit Islandsprogram. Conrad Clausen og Olav Fjæra fortalde frå Islandsferder dei hev havt, og synte ljosbilete til.

20. januar 1982 vart 114-årsdagen til laget høgtida på Bryggen Museum med eit minnemøte um A. Skåaheim. Samstundes vart 1000-årsminnet for norrøn busetnad på Grønland minna. Direktør Arne Holm tala um bankmannen Skåsheim, Conrad Clausen um Skåsheim og Grønland, Ludv. Jerdal um dei norrøne interessone til Skåsheim, og Olav Fjæra fortalde um ei vitjing på Grønland sumaren 1981 og hadde premiere på Grønlandsfilmen sin. Oddmund Dale spela slåttar på hardingfela, og Thorolf Rafto tok fram personlege minne um møte med A. Skåsheim.

26. februar 1982 vart 100-årsminnet um spelemannen og folkemusikksamlaren Arne Bjørndal høgtida med eit møte i Gimle. Det var skipa saman med spelemannslaget "Fjellbekken". Fru Anna Bjørndal og andre av Bjørndal-ætti var innbedne, likeeins dei som styrer med Arne Bjørndals samling på Universitetet. Conrad Clausen tala um spelemannen, folkemusikksamlaren, komponisten, litteraten, organisasjonsmannen og livskunstnaren Arne Bjørndal. Gustav Hantveit las eit Bjørndalnummer av "Tuftekallen" (bladet hev elles kome på dei fleste møti elles og). Spelemannslaget "Fjellbekken" spela slåttar som Bjørndal hev skrive upp, og slåttar som han komponerte, og Setesdalsspelemannen Vidar Lande spela dei storfelde Setesdalsslåttane "Nordafjells" og "Gravbakken". Eigil Lehmann song salmetonar som Bjørndal hev skrive upp, Olav Steffen Eide song kjøkemeistervisor i Bjørndal-tradisjon, og Nils Haukås las ei morosam Bjørndalvisa på nordhordlands-mål. Formannen Ludv. Jerdal tala for fru Anna Bjørndal og bar fram ein blomebundel til henne frå "Fjellbekken" og Vestmannalaget. Og til Eigil Lehmann som hadde vore burtreist på 75-årsdagen bar prost Alv Askeland fram ei sams gåva frå Ivar Aasen-sambandet, Norsk Bokreidingslag, Vestlandske Mållag og Vestmannalaget. Det var ein treskulptur av Raulandkunstnaren Petter Omtvedt, eit relieff med motiv frå Hylestad stavkyrkja i Setesdal. Det syner Sigurd Favnesbane som drep eiterormen.
100-årsminnet um Arne Bjørndal vart elles høgtida på storfeld vis av Universitetet i Bergen og Arne Bjørndal samling. På 100-årsdagen var det samling ved Bjørndals grav på Møllendal, og der la dosent Brynjulf Alver krans frå Universitetet, og fru Anna Bjørndal la og blomar på gravi. Same kvelden var det middag på Arne Bjørndals samling, Etno-folkloristisk Institutt, Olav Ryesveg 19, Bergen. Formann og varaformann i Vestmannalaget var millom dei innbedne, og både Jerdal og Clausen bar fram helsingar. Den 1. mars vart det opna ei Bjørndal-utstilling i Vestlandsbanken, og samstundes med opningi gjorde adm. direktør Arne Holm kjent at Vestlands-banken hev frigjeve bankfullmekt Oddmund Dale for eit år med full løn, so han kan arbeida i Bjørndalsamlingi med innsamling av slåttetilfang. I dagane 3. - 5. mars vart det skipa eit folkemusikkseminar på Sydneshaugen skule som Arne Bjørndals samling baud inn til. Seminaret vart sers vellukka og lærerikt. Yver 100 deltakarar frå ymse stader i landet var med. Frå Vestmannalaget var Ludv. Jerdal og Conrad Clausen med på semi-naret. Eit bokverk med alle fyrelesingane på seminaret skal Arne Bjørndals samling gjeva ut. Bjørndalminneåret vart slutta av med ein storfeld folkemusikk-konsert i Grieghallen laurdag 6. mars. Tilskiparar var Arne Bjørndals samling ved Universitetet, Landslaget for Spelemenn, spelemannslaget "Fjellbekken" og Rikskonsertane. Nokre av dei fremste spelemenn og folkedansarar frå ymse landsluter var med på det fine programmet, som vart opna med tale av formannen i Landslaget for Spelemenn, Richard Hilde, og framifrå godt leida av Wigdis J. Espeland frå Arne Bjørndals samling.

<u>Fyredrag og talor</u>: På møti er det i alt halde 15 fyredrag eller talor. Av dei hev Conrad Clausen halde 4, Ludv. Jerdal 2, Olav Fjæra 2, og desse hev tala ein gong: Finn Vabø, Solveig Lund Brandal, Gerh. Garatun-Tjeldstø, Sigurd Sandvik, Arne Holm, Thorolf Rafto og Alv Askeland.

<u>Norrønt samarbeid</u>: Formannen Ludv. Jerdal vitja Island i dagane 3. - 20. juli 1981. Han reiste saman med kona og tvo døtrar, etter ei personleg innbjoding frå tvo gode vener på Island, byggmeister Daniel G. Einarsson i Reykjavik og Sira Eirikur J. Eiriksson på Tingvellir. Det vart minne-rike dagar, med utferder både sud og nord i landet, og vitjing på kjende sogestader. På Tingvellir var dei sundag 5. juli saman med utanriksminister Olafur Johannesson, og formannen gav då boki "Vestmanna-laget i 110 år" til utanriksministeren. I den same samkoma - i prestegarden etter messa i Tingvallakirkja - utnemnde han Sira Eirikur J. Eiriksson til heiderslagsmann i Vestmannalaget. Sira Eirikur er ein god Noregsven, og i den store boksamlingi hans er det ei mengd norske nøker. Han er stor måldyrkar, hev vore høgskulestyrar på Nupi, og i 33 år var han formann i Ungmannafelag Islands, og i dei seinste 22 åri sokneprest og prost på Tingvellir, og tjodgardsvørdur for nasjonalparken der. Ungmannafelag Islands hadde landsmøte og sumarstemna

i Akureyri i dei dagane me var på Nord-Island, og Jerdal bar på storstemna sundag 12. juli fram ei helsing frå Vestmannalaget, og gav boki "Vestmannalaget i 110 år" til formannen Palmi Gislason. Millom talarane på denne sundagsstemna var Sira Petur Sigurgeirsson, soknepresten i Akureyri, som stutt tid etterpå vart biskop på Island. På denne ferdi helsa formannen og på heiderslagsmannen Torsteinn T. Viglundsson i heimen hans i Hafnarfjørdur, og reiste saman med honom til Vestmannaeyjar, der Viglundsson er heidersborgar for arbeidet sitt med bymuseet og andre verdfulle kulturtitak. Stutt tid etter denne vitjingi vart Viglundsson heidra med St. Olavsmedalja frå Noregs konung. Formannen i Vestmannalaget var millom underskrivarane på den søknaden um denne påskyningi som gjekk til Kongen. Serleg gildt var det og å møta att bonden Sigurdur Greipsson ved Geysir i Haukadalur, gamal elev på Voss Folkehøgskule og fyregangsmann i Ungmannafelag Islands, og med i den flokken av gjæve islendingar som i 1957 kom hit til Noreg "I Egil Skallagrimssons fotefar". Utanrikisrådherra Olafur Johannesson heldt diplomatbil og bilførar på ferdi vår sud i landet, og Daniel G. Einarsson førde oss nord i landet i sin bil, på mange dagars ferd. Sira Eirikur førde oss i sin bil til Skålholt, det gamle bispesætet som no er kyrkje- og høgskulestad.

På nokre vitjingar i Norræna Husid i Reykjavik var det gildt å kunna slå fast at skulpturen "Islandsk kvinne" av Arnold Haukeland som laget var med og gav, saman med brørne Arild og Wilhelm Haaland, hadde fenge ein heidersplass i den romslege boksamlingi med lesesal, og at boki "Vestmannalaget i 110 år" òg stend på ein lett synleg stad med same ein kjem inn i boksamlingi.

Heidringar: Nokre trugne lagsfolk er gjengne burt i arbeidsåret. Det vart sendt krans til båra åt Mildrid Indrehus Bønes. På båra til professor Knut Robberstad vart det lagd krans saman med Vestlandske Mållag. Per Hovda bar kransen fram. Prost Sverre Aarseth er og fallen ifrå i dette året. Formannen vitja Linken Vabø på 90-årsdagen hennar i juni 1981, og noko seinare på året møtte han i gravferdi og la krans frå laget.

Det er sendt helsingar til lagsfolk med "runde" årmålsdagar. Til Gerh. Garatun-Tjeldstø sende laget ei gåva på 80-årsdagen (saman med Nord- og Midhordland Sogelag). Til Nils Haukåa vart det post festum bore fram ein blom i samband med 70-årsdagen hans. Til 85-årsdagen åt heiderslagsmannen Jørgen Bukdahl på Askov i Danmark vart sendt ei bokgåva, "Setesdal Spelemannslag i 50 år". På 85-årsdagen til Gustav Hantveit bar formannen fram ei blomekorg, som Vestlandske Mållag og Vestmannalaget var saman um. På 100-årsminnemøtet for Arne Bjørndal vart bore fram blomar til fru Anna Bjørndal, dei var spelemannslaget "Fjellbekken" og Vestmannalaget saman um. Til 80-årsdagen hennar Olava Henrichsen møtte formannen i heimen og helsa henne med blomar. Heiderslagsmannen Eigil Lehmann var burtreist på 75-årsdagen. Difor vart det i staden bore fram ei gåva til honom på fyrste møtet etterpå. Alv Askeland takka då frå fire samskipnader for djerv, heilhuga og trufast innsats. Sjå det som er skrive um dette frå Bjørndalmøtet 26. februar. Til forfattaren Egil Ertresvaag som arbeider med Bergenssoga for fyrre hundradåret og fram til 1920 hev laget gjeve boki um Vestmannalaget.

Nye heiderslagsmenn: I bolken um norrønt samarbeid er nemnt at Sira Eirikur J. Eiriksson er utnemnd til heiderslagsmann. Samstundes som stjorni gjorde vedtak um denne utnemningi vart journalisten og forfattaren Gerh. Garatun-Tjeldstø utpeika til ny heiderslagsmann. Han fekk sitt Heidersbrev på møtet i Urdi 27. oktober 1981.

Fritz Monrad Walles Fond: I samsvar med ervebrevet frå byhistorikaren Fritz Monrad Walle til Vestmannalaget hev stjorni vedteke sovorne Fyresegner for dette nye fondet:

"1. Fritz Monrad Walles Fond for norsk målreising er skipa etter ervebrev dagsett 9/11 1972 og skal bera namnet til skiparen.
2. Grunnmidelen i fondet er grunn-og burtfesta areal under/av g.nr. 17, br.nr. 11, Nordre Nygård i Bergen (avsnitt Fana). Det er fyresetnaden at

denne grunnmidelen mest mogeleg skal høyra fondet til. Berre reint undantaksvis skal eigedomar kunna setjast i pant eller avhendast.
3. Fondet skal hava til fyremål å fremja norsk målreising på det grunnlaget som er lagd av Ivar Aasen, og soleis som det er nærare grunngjeve i den fråsegni um "Vestmannasynet" som Vestmannalaget i Bergen vedtok 18/2 1963 (innteki på side 337 i boki Hannaas, Clausen, Jerdal: "Vestmannalaget i 110 år".
4. Stjorni i Vestmannalaget x skal verax styre for fondet, og med kassastyrar, rekneskapsførar og ettersyn som for laget. Stjorni i Vestmannalaget kan peika ut ein serskild rådvaldsmann eller forretningsførar for fondet, ifall det synerx seg tenleg. Det same gjeld serskild ettersyn.
5. Avkastnaden av fondet kan kvart år nyttast av styret innanfor råma av det fyremålet som er nemnt i pkt. 3. Styret skal stå fritt i vurderingi av spursmål um måte og umfang av ytingar og tilskot. Midlane kan etter nærare vurdering i styret nyttast t. d. til utgjeving av bøker, blad, skrifter og liknande på godt norskt mål og i pakt med Ivar Aasen-tradisjonen. Det kan t. d. gjevast tilskot til tiltak med sovore fyremål eller innhald, ogso til premiar til folk som brukar målet so godt at det må reknast for måldyrking. Midlar kan og nyttast til kulturelt arbeid på breidare grunnlag.
6. Styret kan etter nærare vurdering ogso bruka upplagd kapital til aktuelle fyremål. Når det gjeld grunnkapitalen, vert det vist til pkt. 2.
7. Alle vedtak um bruk av avkastnaden eller kapital til gjenomføring av fyremålet for fondet, vert gjort av styret med vanleg røystefleirtal.
8. Skulde Vestmannalaget verta uppløyst, soleis at det ikkje lenger kan styra med fondsmidlane, skal dei førast yver til Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring (Bergensavdelingen) og nyttast til fyremun for kulturuppgåvor som denne foreningi stend for og arbeider med. Midlane skal då styrast av styret i Den Bergenske Avdeling av denne foreningi, som kan laga nye fyresegner for bruken av dei. Ogso ved sovori umskiping skal midlane høyra til eit fond som ber namnet til skiparen.
Vedteke av stjorni i Vestmannalaget 10/11 1981."
Innkoma frå Walles Fond var i rekneskapen for 1980 førd saman med rekneskapen til laget. Summen vart i 1981 skild ut og førd yver til eigen bankkonto med namn Fritz Monrad Walles Fond (i Vestlandsbanken). Det meste av eiga er fast grunn som er festa burt. Stjorni hev arbeidt mykje med å få festeavgiftene auka, og det hev lukkast no frå 1. januar 1982. Rekneskapen for fondet vert førd av kassastyraren i Vestmannalaget og vert lagd fram saman med lagsrekneskapen.
Henrik Krohn og Hustrus Legat: Laget stjornar dette legatet, som no ved årsskiftet hev ein midel på kr. 11879,58. Frå Sosialdepartementet er det gjenom Bjørgvin Stiftsdireksjon kome melding til Bergen Legatinspeksjon um at alle legat på under 25.000 krunor kan verta private legat eller kan avskipast og etlast ut til dei fyremål dei er skipa for. Stjorni hev vedteke at Krohns Legat held fram som privat legat, med same fyreloga som fyrr (atterreising av det norske målet), og dette er godkjent i brev frå Bjørgvin Stiftsdireksjon.
Gåvor og utetlingar: Laget hev teke imot kr. 1000 frå Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking, kr. 1000 frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond, kr. 1.000 i tiletling frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget L/L, og kr. 1000 av kulturmidlar frå Bergen kommune (til ein lyrikarkveld som er i emning.
Laget hev ytt kr. 1336 til minnesmerke yver Arne Bjørndal, og kr. 200 til minnesmerke for Aslaug Låstad Lygre. Frå Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising hev stjorni etla 4000 kr. til nyutgjeving av Jørgen Bukdahls bok "Det skjulte Norge", 5000 kr. i jubileumsgåva til Norrøna-laget Bragr som fylte 75 år, og 10.000 kr. til Norsk Bokreidingslag L/L. til utgjeving av Kormak Saga på islendsk og i norsk umsetjing. Eigil Lehmann hev umsett boki frå islendsk. - Frå Henrik Krohn og Hustrus Legat til fremme af Maalsagen eller det norske Maals Gjenreisning hev stjorni xx løyvt 1000 kr. i tilskot til ny utgåva av Bukdahls bok "Det skjulte Norge".

Eiga: Laget hadde luter for 1500 kr. i L/L. Bygdehuset i Bergen. Dette lutlaget vart uppløyst i 1981, og luteigarane fær kapitalen attende. Det eig luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend og i Norsk Bokreidingslag, det stjornar Henrik Krohn og Hustrus Legat og Fritz Monrad Walles Fond for norsk målreising. Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen. Nokre andre målarstykke og bøker og gåvor er lagra hjå formannen. Men dei fleste bøkene, millom deim nærepå 200 eksemplar av bokverket "Vestmannalaget i 110 år" er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen. Same staden hev Norsk Bokreidingslag sitt lager av bøker.

Heiderslagsmenn: Talet på lagsfolk er 80. Av dei er desse 11 heiderslagsmenn: Diktaren Jørgen Bukdahl, Askov i Danmark, skulestyrar Torsteinn T. Viglundsson, Hafnarfjørdur, Island, prost Eirikur J. Eiriksson, Selfoss, Island, lærar og folkeminnegranskar Halldor O. Opedal, Lofthus i Hardanger, Anna Bjørndal, Bergen, Ingrid Gjelsvik, Bergen, diktaren og bonden Knut Horvei, Bolstadøyri, Voss, lærar og forfattar Conrad Clausen, Askøy i Hordaland, sokneprest Eigil Lehmann, Ostereidet i Hordaland, journalist Ludv. Jerdal, Bergen, og journalist og forfattar Gerh. Garatun-Tjeldstø, Natland, Bergen.

Samarbeid med andre samskipnader: Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom Vestlandske Mållag. Det er og med i Håkonshallens Venner og i Bygdelagsnemndi i Bergen, og det vel målsmenn til Kyrkjenemndi i Bergen og til Det Norrøne Grønlandslaget.

Bjørgvin 16. mars 1982.

I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal. Conrad Clausen
Nils Haukås.
Ingerd Hirth.

Rekneskapen for Fritz Monrad Walles Fond vart opplesen saman med denne revisjonsmerknaden:

"Vi kan ikkje sjå at grunnkapitalen i Walles dödsbu er komen inn til Vestmannalaget. Dette bör vel ordnast — etter nye föresegner for stiftingar og fond skal det kvart år gjevast meldingar for slike til fylkesmannen.

Årsmötet bör påleggje stjorni åfå denne kapitalen overfört til fondet snarast.

Bergen, 16/3 -82.

W. Haaland sign.      Gustav Hantveit. sign.

Gerh. GaratunTjeldstö kom med dette framlegget:

"I samsvar med revisjonsmerknaden vil årsmötet oppmoda stjorni um å få sett opp status for Fritz Monrad Walles Fond, og få midlane frå Walles dödsbu förde over til fondet snarast råd."    Samröystes vedteke.

# V e s t m a n n a l a g e t

## Årsmelding 1982/83.

**Stjorni:** På årsmøtet den 17. mars 1982 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart Nils Haukås Ellen Vabø og Finn Vabø. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal. Varamenn: Sveinung Ones, Finn Vabø og Kjartan Rødland. I Det norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Ludv. Jerdal, Conrad Clausen. Varamenn: Malvin Ulvatn og Olava Henrichsen. I Kyrkjenemndi (valde for tvo år): Ellen Vabø, varamann Audun Vik. Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit, Svanhild Reknes, Ivar Kleiva, Sveinung Ones. Fanevakter: Haldor Slettebø og Olav Fjæra. Ettersynsmenn for rekneskapane: Gustav Hantveit og Wilhelm Haaland. Målsmann til styret for Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking er Ludv. Jerdal, med varamann Nils Haukås. Dei er uppnemnde av stjorni (for 4 år, og det vert ny-uppnemning i år).

**Møte og samkomor:** Sidan fyrre årsmøtet er det halde i alt 12 møte, dei fleste hev vore på Bryggens Museum, men 3 av møti hev vore i Gimle, og 1 i Bergens Teatermuseum i Villavegen. Frammøtet til møti hev vore jamnt godt, og stort set betre enn i året fyreåt. Talet på lagsfolk hev og synt gledeleg auke. Laget hev og vore med på å skipa ein Hordakappleik.

Stjorni hev halde 7 møte og havt mange saker til dryfting.

På årsmøtet 17. mars 1982 på Bryggens Museum var det attåt årsmøtesakene eit forvitneleg fyredrag um kunstnaren Mons Breidvik, sogningen som vart harding og amerikanar og som i eit langt liv var trufast mot kunstnarkallet og mot den norske målreisingi. Journalist Reidar Storaas som kjend Breidvik godt fortalde um personlegdomen og kunstnaren, og hadde med seg mange av kunstverki hans, barneteikningar og anna.

23. april var det eit utvida ettermiddags- og kveldsmøte i Gimle. Det var ein lyrikarkveld som kulturutvalet i Bergen kommune hadde gjeve tilskot til. Lyrikarane Ingjald Bolstad, Gerh. Garatun-Tjeldstø, Ivar Kleiva Eigil Lehmann, Olav Lavik, Birger Røksund og Martin Votlo las eigne dikt og fortalde um korleis dei arbeider når dikti vert til. Karl Øvretveit, Peter Munheim, Ragnvald Hammer og Signe Seim var hindra frå å møta; men dei hadde sendt utvalde dikt som vart lesne av Conrad Clausen og Ludv. Jerdal. Det vart ei breid og forvitneleg mynstring av lyrikk, og innimillom vart det sunge mykje. Spelemenn fræ "Fjellbekken" vitja oss ved bordseta og spela slåttar.

5. mai var det atter eit lyrikkprogram, på Bryggens Museum. Då vitja Anna Festervoll og Margot Sture oss og las dikt av kvendelyrikarar, eit fint utval som dei hadde skipa som ein dialog, med titelen "Ord over gr

15. september var møtet lagd til Bergens Teatermuseum i Villaveg 5. Der synte museumsstyrar Kari Losnedahl ikring og fortalde um samlingane, og tannlækjar Åse Røynstrand frå Voss heldt eit historisk fyredrag um skodespelaren Lucie Wolff og teatertradisjon i Bergen.

7. oktober hadde laget eit sjeldsynt møte på Bryggens Museum. Den synsk forfattaren Anna Elisabeth Westerlund fortalde einfeldt og greidt um korleis ho hadde "set" dei tvo kyrkjone på Holmen i Bjørgvin, den litle kyrkja og den store Kristkyrkja som Eskebille fekk rive i 1531. Det var Eigil Lehmann som hadde gjort upptaket til å få Anna Elisabeth Westerlu til Bjørgvin, og både han, Caroline Lehmann og kunstmålar Asbjørn Brekk som hadde teikna dei tvo kyrkjone etter skildringane hennar, var med på møtet og fylte ut med upplysningar. Dagen etter dette møtet var Anna Elisabeth Westerlund på Holmen og synte staden der sylvskrinet med lekamen til St. Sunniva vart tømd fyrr skrinet vart førd burt. Dette

framh. 2 sider fra

møtet med Anna Elisabeth Westerlund vekte stor åtgaum og vart umtal.
i mange blad. Ved opningi av møtet las Bodvar Barsnes det kvædet um
Kristkyrkja som far hans, Andreas Bråsnes, i si tid skreiv til inn-
leiding i det historiske skriftet sitt um Kongegravene på Holmen.
3. november var det Bjørnsonmøte, i samband med 150-årsminnet for
diktaren. Universitetslektor dr. philos. Arild Haaland heldt eit
fyredrag um Bjørnson, mennesket og folkeføraren og diktaren, som vitna
um store kunnskapar og sterk innleving. Det vart sunge mange Bjørnson-
songar.
19. november var det festmøte i Gimle for varaformannen Conrad Clausen
som hadde 80-årsdag på dei tider. Saman med Vestmannalaget um dette
møtet var Spelemannslaget Fjellbekken, Norrønalaget Bragr, Nord- og
Midhordland Sogelag, Norsk Bokreidingslag, Bergens Historiske Forening,
Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag, og dei 8 lagi bar fram ei
gåva til heidersgjesten: Ein treskulptur av Raulandkunstnaren Petter
Omtvedt, med motivet frå soga um då Sigurd Favnesbane smider sverd og
dreg i leidang og skal drepa eiterormen. Prost Alv Askeland heldt ein
meisterleg festtale, og heidersgjesten vart elles hylla av Eigil Lehmann,
Sverre Hausberg, Ludv. Jerdal, Ingjald Bolstad, Ivar Kleiva og Johs.
Revheim. Spelemannslaget Fjellbekken spela ei rad slåttar på hardingfela,
og Olav Lavik las til innleiding eit hyllingskvæde til Clausen, som til
slutt takka med ein poengrik tale for gode ord, gåvor og blomar. Det var
prenta eit serskilt hefte med songar til festmøtet,/og ved bordseta vart
fru Anna Bjørndal takka og helsa med ei blomekorg frå
Fjellbekken og Vestmannalaget.. Ho hadde havt 85-årsdag noko i fyrevegen./
9. desember vart det nye salmebokutkastet dryft, på eit møte i Bryggens
Museum. Høgskulestyrar Sigurd Sandvik greidde ut um utkastet, og møtet
vedtok ei sterk fråsegn til Salmebokkomiteen, Liturgikommisjonen og
Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. I fråsegni vart det serleg klaga
på den medferdi som mykje av den nynorske salmeskatten hev vore ute
for ved denne revisjonen. Eigil Lehmann sa i eit innlegg på møtet at det
er rein massakre mot nynorsk salmeskatt.
26. januar 1983 vart 115-årsdagen for laget markert med eit minnemøte
um skalden Olav Aukrust, 100 år etter han var fødd. Formannen opna med
minnetale yver den store islendske bilethoggaren Åsmundur Sveinsson,
deretter las han takkehelsing frå Magnhild Ødvin Bukdahl i Askov, og
Jøggen Bukdahls mektige dikt til dei hellenske tempelsøylone, "Karya-
thiderne". Litteraten Sigmund Torsteinson tala um Aukrust og las frå
skaldskapen hans, og Eigil Lehmann song Aukrustkvæde. Det synte seg og
at møtelyden kunde songane utanboks og kunde syngja med.
17. februar tok laget upp målbruken i oljealderen (dataspråket og
"oljespråket"). Fyrsteamanuensis Kolbjørn Heggstad tala, han hadde
skræmande upplysningar um korleis engelsken vinn inn alle stader, ogso
på oljeplattformer der det arbeider mest berre nordmenn. Møtet bad
Haggstad, professor Nils Nygaard og formannen laga ei fyreteljing og
freista finna rådgjerder til å snu straumen i rett leid. Ei melding um
dette møtet hev gjenge i mange blad kringum i landet.
11. mars var det litterært møte i Gimle. Det var eit utvida møte som
byrja um ettermiddagen. Kulturutvalet i Bergen kommune hadde gjeve til-
skot til møtet. Fem bokmenn, Ingebjørg Sandstaa Sandvin, Torill
Thorstad Hauger, Ingjald Bolstad, Gerh. Garatun-Tjeldstø og Olav Lavik
las frå eigne verk (prosa) og fortalde um korleis dei gjeng fram når dei
skriv. Olav Lavik valde å syngja eigne dikt. Varaformannen Conrad
Clausen styrde møtet.
15. april styrde Conrad Clausen atter eit møte. Då hadde Vestmannalaget
saman med Fjellbekken skipa eit festmøte i Gimle for formannen Ludv.
Jerdal som tidlegare i månaden hadde fylt 75 år,men var burtreist på
dagen. Saman med Vestmannalaget og Fjellbekken var ogso Vestlandske
Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Landslaget for Spelemenn. Frå dei fem
lagi bar Clausen fram gåva til heidersgjesten, eit fint åklæde og
bokverket "Solarljod", i umdikting frå islendsk til norsk ved Ivar
Orgland og med teikningar av Anne-Lise Knoff. Eigil Lehmann tala for

heidersgjesten, Nils Haukås las Aukrustdiktet "Dei Folane tvo", Lars Gjendemsjø tala um den motstandsrørsla som Jerdal var med i, og bar fram ei krystallgåva frå Aktive Krigsdeltakeres Forening. Sveinung Ones skildra bladmannen Jerdal, og Spelemannslaget Fjellbekken let felone ljoma. Og deretter bar formannen i Fjellbekken, Finn Vabø, fram ei gåva til spelemannen Johan Lien, som og hadde havt 75-årsdag litt i fyrevegen. Ogso til dette festmøtet var det prenta eit serskilt songhefte. Ludv. Jerdal som nett var attkomen frå ei utanlandsferd, m. til Danmark, hadde med seg helsingar til laget frå Magnhild Ødvin Bukdahl i Askov og Ellen Jensen i Århus.

Fyredrag og talor: På møti er det halde i alt 23 fyredrag eller talor. Eigil Lehmann hev tala 3 gonger, Conrad Clausen 2 gonger, Ludv. Jerdal 2 gonger, og elles hev desse tala: Reidar Storaas, Kari Losnedahl, Åse Røynstrand, Anna Elisabeth Westerlund, Asbjørn Brekke, Caroline Lehmann, Arild Haaland, Alv Askeland, Sverre Hausberg, Ingjald Bolstad, Ivar Kleiva, Sigurd Sandvik, Sigmund Torsteinson, Kolbjørn Heggstad, Lars Gjendemsjø, og Sveinung Ones. Til dette kjem dei mange som hev lese eigne dikt og eigne prosastykke.

Bladet "Tuftekallen" hev kome på dei fleste møti og er ein umtykt programpost.

Kappleik. Hordakappleiken i folkemusikk og folkedans vart halden i Gimle, Bergen fredag 22. og laurdag 23. april 1983. Vestmannalaget var saman med spelemannslaget Fjellbekken og Bygdedanslaget i Bjørgvin um tilskipingi. Det var jamn god tilslutnad til kappleiken, ei sers god yngsteklassa av spelemenn, ei sers jamn A-klassa i spel og dans (med berre 1.-premiar), og ei jamn B-klassa i spel. Og det var gjesteklasse frå Sogn og Fjordane i dans, og gjesteklasse frå Sogn og Fjordane og frå Valdres i spel. I hovudnemndi for kappleiken var Ellen Vabø og Ludv. Jerdal valde frå Vestmannalaget. Arne G. Johannessen var formann i kappleiknemndi, og Ludv. Jerdal var kappleikstyrar. Domarar i dans var Anders Rode, Torkel Bjørkheim og Georg Nyborg, domarar i spel var Jostein Mæland, Henrik Børslid og Finn Vabø. Det svikta noko med publikumsframmøtet, men alt i alt var kappleiken vellukka. Ellen Vabø vart kåra til beste dansar i klasse A. I klasse C i spel stod Steinar Rygg, Voss, og Øyvind Vabø, Bergen likt, i klasse A skilde det berre 1 poeng millom Leif Rygg, Voss, og Knut Hamre, Granvin. Klasse D vart vunni av Lars Skjervheim, Vossestrand.

Grundtvig-symposium. Til eit Grundtvig-symposium som Sunnhordland Folkehøgskule på Halsnøy Kloster skipa 17. - 19. septbr. 1982 med den kjende danske høgskulestyraren Niels Højlund frå Ry Højskole til fyrelesar møtte Conrad Clausen og Ludv. Jerdal.

Gåvor og utetlingar: Laget hev teke imot kr. 1000 frå Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking, kr. 1000 frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond, kr. 1000 frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget L/L, og kr. 1000 av kulturmidlar frå Bergen kommune (til den litterære kvelden som vart halden 11. mars 1983). Det hev ytt kr. 500 i tilskot til Kyrkjenemndi i Bergen.

Henrik Krohn og hustrus Legat som laget stjornar, hev no ein midel på kr. 12.578,69.

Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising. Stjorni viser til fyresegnene for dette fondet, som var attgjevne i årsmeldingi i fjor. Det hev vore mykje arbeid med eigedomane på Minde i Fana dette året og. I juni 1982 vart uthuset med flor og løda rive og burtkøyrd. Det kosta 24.000 kr. Etter at det tidlegare - etter søknad til Finansdepartementet hadde lukkast laget å verta friteke for erveavgift, gav Landbruksdepartementet fritaking for konsesjonssøknad. Stjorni sende i august 1982 grunngjeven søknad um dette, og svaret frå departementet kom med brev dagsett 20. septbr. 1982. Deretter fekk laget hjå Byskrivaren i Bergen den 23. september tinglyst heimel på all grunneigedomen som Walle åtte på Nygårdbruket, gards nr. 17, og med 48 bruksnummer.

Som nemnt i årsmeldingi i fjor er festeavgiftene auka frå 1. januar 1982 etter søknad til Bergen Prisnemnd. Men av 44 festarar er det 10 som

ikkje vil leggja dei nye avgiftene. 8 av dei hev teke advokat som skulde krevja skyn. Då han ikkje gjorde meir med dette, hev stjorni sendt desse kravi til inkasso. Det er truleg at det no ber mot skyn. Sorenskrivaren i Midhordland er uppnemnd til skynsformann, og Vestmannalaget hev fenge høgsterettsadvokat Alfred G. Kvamme til å møta for oss. Inkasso er sendt gjenom Creditreform A/S.
Stjorni viser elles til rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond.

Eiga: Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend og i Norsk Bokreidingslag, det stjornar Henrik Krohn og hustrus Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising. Grunneigedomane i Fana som høyrer dette fondet til kan verdsetjast til 600.000 kr. Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" som laget hev fenge i gåva frå Bergen kommune heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen. Det trong ei grundig restaurering, og det lukkast i dette året å få konservator Kaland på Historisk Museum til å gjera dette vølingsarbeidet. Disponent Kåre Kolås i Lagsbruki til Bondeungdomslaget er verd stor takk for medverknaden til dette, og Lagsbruki tok på seg heile kostnaden , som kom på 7000 kr.
Nokre andre målarstykke og bøker og gåveting er lagra hjå formannen. Men dei fleste bøkene, millom deim nærepå 200 av bokverket "Vestmannalaget i 110 år" er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen. Same staden hev Norsk Bokreidingslag sitt lager av bøker.

Heidring: Attåt dei heidringane som er nemnde framfyre, i samband med årmålsdagar, hev formannen bore fram helsing og gåva til sylvbrureparet Ellen og Finn Vabø i desember 1982. Vestlandske Mållag var og med på gåva. Saman med Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag sende Vestmannalaget ein signert krans i norske nasjonalfargar til båra åt diktaren Jørgen Bukdahl i Askov, med "Takk og helsing frå Noreg" på sløyfa. Den danske "målmannen" Jørgen Bukdahl var heiderslagsmann i Vestmannalaget, og med denne store diktaren, kritikaren og brubyggjaren i Norden hev ogso norsk målreising og heile Noreg mist ein av sine varmaste talsmenn. Han døydde 2. november 1982, nær 86 år gamal og vart gravlagd på den tradisjonsrike kyrkjegarden i Askov der so mange åndsens stormenn hev sin siste kvilestad. Vestmannalaget takkar for samband gjenom mange år, og signar minnet. Me minnst og skulestyrar Pål Bakka i Fana som fall ifrå no 28. april 1983, 89 år gamal. Han hev vore trugen lagsmann i ei lang årrekkja
Tri av heiderslagsmennene i Vestmannalaget, Halldor O. Opedal, Conrad Clausen og Eigil Lehmann, vart i juni 1982 heidra med honnørprisen frå Halldor O. Opedals fond, for framifrå innsats i måldyrking. Og i desember 1982 var Ludv. Jerdal utnemnd til heiderslagsmann i Norsk Bladmannalag.

Heiderslagsmenn: Talet på lagsfolk hev auka. Det er no på 97. Av dei er 10 heiderslagsmenn: Skulestyrar Torsteinn T. Viglundsson, Hafnarfjørdur på Island, prost Eirikur J. Eiriksson, Selfoss på Island, lærar og forfattar Halldor O. Opedal, Lofthus i Hardanger, Anna Bjørndal, Bergen, Ingrid Gjelsvik, Bergen, bonde og diktar Knut Horvei, Bolstadøyri, Voss, redaktør og forfattar Conrad Clausen, Askøy i Hordaland, sokneprest og forfattar Eigil Lehmann, Ostereidet i Hordaland, journalist Ludv. Jerdal, Bergen, og journalist og forfattar Gerhard Garatun-Tjeldstø, Natland, Bergen.

Samarbeid med andre samskipnader: Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom Vestlandske Mållag. Det er og med i Håkonshallens Venner og i Bygdelagsnemndi i Bergen, og det vel målsmenn til Kyrkjenemndi i Bergen og til Det Norrøne Grønlandslaget. På möte 15.september heldt mötestyraren, Conrad Clausen, minnetale yver forsæti Islands, dr.Kristjan Eldjarn.

Bjørgvin 2. mai 1983.
I stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal  Conrad Clausen
Nils Haukås
Ingerd Kirkh.
Arne Holm

8

# VESTMANNALAGET

Skipa 21. januar 1868

## Årsmelding 1983/84.

**Stjorni:** På årsmøtet den 5. mai 1983 vart Ludv. Jerdal attvald til
formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ivar
Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart Nils Haukås,
Ellen Vabø og Finn Vabø. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen
til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal.
Varamenn: Sveinung Ones, Finn Vabø og Kjartan Rødland. I Det
Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Conrad Clausen, Ludv.
Jerdal. Varamenn: Malvin Ulvatn og Olava Henrichsen. Kyrkje-
nemndi (valde for tvo år, på val i 1984): Ellen Vabø, varamann
Audun Vik. Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit,
Ivar Kleiva, Sveinung Ones og Leidulv Mundvin. Fanevakter:
Halldor Slettebø og Olav Fjæra. Ettersynsmenn for rekneskapane:
Wilhelm Haaland og Leidulv Mundvin. Målsmann til styret for
Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking var Ludv.
Jerdal med varamann Nils Haukås fram til utgangen av 1983.
Då var det nyuppnemning for 4 år, og stjorni hev uppnemnt
Conrad Clausen, med varamann Leidulv Mundvin.

**Møte og samkomor:** Sidan fyrre årsmøtet er det halde i alt 8 møte, dei
fleste hev vore på Bryggens Museum. Eitt av møti var på Bergen Lærerhøg-
skole på Landås, og eitt sammøte med Foreningen Norden var i Bergen [illegible].
Framøtet hev vore jamt godt, og talet på [illegible] hev auka litt. Men det
syner seg å vera vanskeleg å få dei nyinnmelde til å møta på samkomone,
det er dei trugne som hev vore lengst med som syter for at framøtet held
seg uppe.
Stjorni hev halde 4 møte.
På årsmøtet 5. mai var det attåt årsmøtesakene eit forvitneleg historisk
fyredrag av adjunkt Sverre Mausberg um dei gjæverike Askevoldkarane frå
Sunnfjord, m. a. fortalde han um [illegible]. Askevold som var so glup sogeforteljar
i Vestmannalaget, og elles um Askevoldar heime og ute.
6. oktober tala skuleinspektør Gustav Hantveit um salmedikting og salmar
og gav mange forvitnelege døme på korleis store skaldar kan finna dei
klassiske og rette ordi i ein salme. [illegible] og døme på umsetjingar, m. a.
frå det nye salmebokutkastet som no ligg føre. [illegible] hadde og bladet
denne kvelden.
3. november hadde talaren mistydd og kom ikkje, so bladet som Gustav
Hantveit hadde vart hovudposten på utstyrprogrammet. Men det gjekk godt
likevel. Det kom i stand både ordskifte og attersyn på dei synene som
Anna Elisabeth Westerlund hadde på [illegible]. Millom dei som
hadde ordet var Gerh. Garatun-Tjeldstø, Conrad Clausen, Eigil Lehmann
og andre. Torill Thorstad Hauger var den lagsmannen som var komi lengst
veg til dette møtet, heilt ifrå Oslo.
24. november var møtet lagd til Bergen Lærerhøgskole på Landås. Det var
eit minnemøte for Grundtvig. Sigurd Sandvik fekk sjukdomsforfall, men
rektor Ingjald Bolstad frå Voss, som skulde ha lese av Grundtvig, heldt i
staden eit forvitneleg fyredrag der han serskilt kom inn på den unge Grundt-
-vig og på Grundtvigs tilhøve til Noreg. Formannen Ludv. Jerdal skøytte
på med å fortelja frå ei ferd til danske høgskular, og det vart selde
bøker for Norsk Bokreidingslag. Lærarar og studentar på Bergen Lærerhøg-
skole var innbedne til dette Grundtvigmøtet, men frammøtet derifrå var
ikkje serleg stort. Sveinung Ones hadde "Tuftekallen".
8. desember var det eit minnemøte um dr. Erik Eggen, den kjende lektoren
på Voss off. Landsgymnas, som var stor musikkskapar og komponist. Han
skipa orkesteret "Fossegrimen" på Voss, og han var ogso stor måldyrkar,
noko som både umsetjingane hans frå norrønt mål og hans eigne arbeid
ber vitnemål um. Vestmannalaget hadde bede inn folk frå Erik Eggens ætt.
Det kom mange av dei, og desse gjestene skapte eit sjeldsynt rikt

kunstprogram. Formannen kunde til slutt slå fast at kunstnargivnadene som Erik Eggen og brørne hans åtte i so rik mun, dei givnadene lever, og dei vert dyrka. Det var dotteri Åse Røynstrand frå Voss som batt programmet saman. Ho fortalde um faren i heim og i arbeid, frå Seljordtidi og frå Vossatidi. Og andre i syskinflokken, saman med born og barnebarnsborn førde fram eit kvalitetsprogram med musikk, song, og ei Shakespeare-rolla som Kari Gaarder Losnedahl og Eldrid Skaar spela. Sonen Svein Eggen var komen frå Lillehammer og gav tonefylgje på piano til musikken og songen. Og med i song- og musikkprogrammi var ogso andre frå Voss, frå Oslo, frå Stord og frå Bergen. Tilx slutt hadde Leidulv Hundvin eit godt nr. av "Tuftekallen". At kunstnaren Erik Eggen var tidleg mogen fekk møtelyden ei prøva på då det unge orkesteret i ætti opna med å spela musikk som han skreiv då han var 18 år gamal.

Den 1?. januar 1984 heldt banksjef dr. juris Sjur Lindebrække fyredrag um "Norsk økonomi - velstand eller krise?" Han såg optimistisk på stoda no, trass i arbeidsløysa som skræmer, og han understrika at den Samarbeidsnemnda som i si tid gjorde so godt arbeid bør skipast upp att. Fyredraget løyste ut ei positiv samrøda etterpå, og Ivar Kleiva hadde "Tuftekallen", velspekka med gode tankar, mange av dei i poetisk form.

2?. februar greidde universitetsstipendiat Jon Askeland ut um baskarfolket, minoritetsgruppa i Spania og Frankrike. Han kom inn på målstriden og den politiske frigjeringsstriden som baskarane fører, peika på ein tradisjon for baskars [illegible] [illegible], og nemnde at det millom baskarane er [illegible] [illegible] [illegible] [illegible]-folk. Fyredraget løyste ut mange innlegg etterpå, og til opning av møtet las Ivar Kleiva eit godt nr. av Tuftekallen. [illegible] Olav Lav[illegible] gledde oss med å syngja eit kjærleikskvæde til slutt.

2?. februar var laget innbede til eit samm[illegible]te med den lokale Foreningen Norden, til ein Islandskvald i kantina i Bergen [illegible]hus. Det var godt fram[illegible]ste frå [illegible] [illegible]dene, og Steinn Laursson frå det islandske flugfelaget synte film og ljosbilete frå Island og fortalde um landet. [illegible] hadde og med smakebitar av islandsk mat som alle fekk i kantina. Formannen i Norden, [illegible] [illegible]set, styrde møtet, og Vestmannalaget hadde teke med den islandske tjodsongen og det hyllingskvædet til Island som vestmannen Hans [illegible] skreiv til [illegible]stemna på [illegible] i 1?1?. Dei vart sungne. Frå salen takka Conrad Clausen for eit godt program, han minna um at Islandx er serleg rikt på skaldar og skaldskap, og han las Ivar Orglands umsetjing av eit kjærleiksdikt av Reykjavikskalden Jonas Gudmundsson. Formannen i Vestmannalaget, Ludv. Jerdal, takka for sammøtet og nemnde dei gamle band som Vestmannalaget hev til Island. Ikring 1870 hadde laget meir enn 30 innskrivne lagsmenn på Island, millom deim var framstående skaldar og politikarar, og i vår tid hev me 2 heiderslagsmenn der: Skulestyrar Torsteinn T. Viglundsson i Hafnarfirdi og Sira Eirikur J. Eiriksson i Selfoss.På dei store minnehøgtider for Landnåma hadde Vestmannalaget sendemenn til Island, både på 1000-årshøgtidi i 1874 og på 1100-års-høgtidi i 1974.

<u>Fyredrag og talor:</u> På møti er det halde i alt 12 fyredrag eller talor. Desse hev tala: Sverre Hausberg, Gustav Hantveit, Gerh. Garatun-Tjeldstø, Conrad Clausen, Eigil Lehmann, Ingjald Bolstad, Ludv. Jerdal (2 gonger), Åse Røynstrand, Sjur Lindebrække, Jon Askeland og Steinn Laursson. Bladet "Tuftekallen" er elles eit kjærkome innslag på møti.

<u>Gåvor og utetlingar:</u> Laget hev teke imot kr. 1000 frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond, og kr. 1000 i utetling frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget L/L. Det hev ytt kr. 1000 til minnesmerket yver Olaf Hanssen i Os. Henrik Krohn og Hustrus Legat som laget stjornar hev no ein midel på kr. 14100,69. Det meste er i obligasjonar. Dei er varveitla av Vestlandsbanken.

<u>Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising</u>. Stjorni arbeider no med nye festekontrakter for 3 burettslag som hev bustader på eigedomen etter Fritz Monrad Walle på Nygård, Minde. Stjorni hev søkt juridisk hjelp hjå advokat Helge Hansen. Advokat Tor Helge Gjesdahl i Creditreform A/S. tek i desse dagar ut stemning med krav um skyn i Midhordland skynsrett mot 8 festarar på Walle-eigedomen som ikkje hev lagt dei

auka festeavgiftene, dei som vart fastsette av Bergen Prisnemnd frå 1. januar 1982. Me viser elles til rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond. Rekneskapen syner at det er ytt nokre større tilskot til Norsk Bokreidingslag, til Norrønalaget Bragr og til den nemndi i Os som arbeidde med utgjeving av ei bok um Olaf Hanssen til 100-års-minnet.

Eiga: Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend og i Norsk Bokreidingslag, det stjornar Henrik Krohn og Hustrus Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising. Grunneigedomen i Fana som høyrer til dette fondet kan verdsetjast til 600.000 kr. Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) som laget ~~xxxx~~ hev fenge i gåva frå Bergen kommune heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen. Nokre andre målarstykke og bøker og givetingar er lagra hjå formannen. Men dei fleste bøkene, millom deim nærpå 800 av bokverket "Vestmannalaget i 110 år" er lagra på eit loft på [illegible] skole i Bergen. Same staden hev Norsk Bokreidingslag sitt boklager.

Bokutgjeving: Vestmannalaget var saman med Norsk Bokreidingslag utgjevar av Ludv. Jerdals bok "Grundtvig og folkehøgskulen i dag", som kom til 200-årsminnet for Nikolaj Frederik Severin Grundtvig i september 1983. Boki er på 150 sidor og hev [illegible] bilete. Norsk kulturråd og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising gav tilskot til dette bokverket.

Heidringar: [illegible] stad og Torstein [illegible]. [illegible] ved Conrad Clausen. [illegible] um denne heidringi. Til 80-årsdagen [illegible] vart det bore fram ei blome-korg frå Vestmannalaget og [illegible] og til 70-års-dagen som [illegible] Ingerd [illegible] hadde gav laget [illegible] med Vestlandske Mållag 4-bandsverket "Bergen [illegible] historie". Til 70-årsdagen [illegible] Knut Horvei vart bore fram ei gåva, [illegible] i [illegible] hans på Horvei og var ogso med på [illegible] i Sogn og Fjordane [illegible]. [illegible] frå Vestmannalaget [illegible] vart [illegible] i Osterfjorden, og han var og [illegible] til [illegible] av [illegible] Olaf Hanssen i Os. Til [illegible] desse minnesteinane hev laget ytt tilskot. Til 70-års-jubileet for Kaffistova, Lagsbruki til [illegible], vart det sendt ei blomekorg som varaformannen Conrad Clausen bar fram på ein fest i Tengal.

800 år sidan Fimreiteslaget: Vestmannalaget hev vedteke å vera med på å skipa ei minnestemna på Kristkyrkjetufti på Holmen sundag 17. juni 1984, - 800 år etter slaget ved Fimreite i Sogn der kong Sverre vann sin endelege siger yver baglarane. Laget samarbeider um denne stemna med Håkonshallens Venner, med Kommandanten på Bergenhus og med Nybø skoles musikkorps. Generalmajor Ola Litleskare er vald til formann i stemnenemndi, og frå Vestmannalaget er Ludv. Jerdal og Conrad Clausen med i nemndi.

Vern um det norske målet: Stjorni hev sendt ei fyreteljing til Norsk Språkråd og Kyrkjedepartementet og åtvara mot å blanda nynorsken upp med bokmålsord. Fråsegni vår gjekk i same leid som fråsegnene frå Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Ivar Aasenringen i Oslo. Me bad Språkrådet leggja burt framlegget frå Venåsnemndi, og etter vedtak som Språkrådet seinare hev gjort er det i allfall ikkje fyrebils opna for denne påemna nye målblandingi.

Heiderslagsmenn: Talet på lagsfolk hev auka noko. Det er no 100. Av dei er 10 heiderslagsmenn: Torsteinn T. Viglundsson, Hafnarfirdi og Eirikur J. Eiriksson, Selfoss, båe på Island, Halldor O. Opedal, Anna Bjørndal, Ingrid Gjelsvik, Knut Horvei, Conrad Clausen, Eigil Lehmann, Ludv. Jerdal og Gerhard Garatun-Tjeldstø.

Samarbeid: Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom Vestlandske Mållag, i Håkonshallens Venner og i Bygdelagsnemndi i Bergen.

Bjørgvin 20. mars 1984. I stjorni for Vestmannalaget

Ludv. Jerdal. Ingerd Hirth. Arne Holm

Nils Haukås

# V e s t m a n n a l a g e t .

## Årsmelding 1984/85.

**Stjorni:** På årsmøtet den 22. mars 1984 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart Nils Haukås, Ellen Vabø og Finn Vabø. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås og Ludv. Jerdal. Varamenn: Sveinung Ones, Finn Vabø og Kjartan Rødland. I Det norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Conrad Clausen, Ludv. Jerdal. Varamenn: Malvin Ulvatn og Olava Henrichsen. Kyrkjenemndi (valde for 2 år): Ellen Vabø, med varamann Audun Vik. (Dei er ikkje på val i 1985). Bladstjorn for "Tuftekallen": Gustav Hantveit, Ivar Kleiva, Sveinung Ones og Leidulv Hundvin. Til målsmann i styret for Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking hev stjorni uppnemnt Conrad Clausen, med varamamn Leidulv Hundvin, for ein 4-årsbolk frå og med 1984.

**Møte og samkomor:** Sidan fyrre årsmøtet hev laget halde 8 møte. Alle er haldne på Bryggens Museum, og frammøtet hev auka.
Stjorni hev halde 5 møte, alle i Vestlandsbanken, 8. høgdi.
På årsmøtet 22. mars var det attåt årsmøtesakene eit forvitneleg fyredrag av professor dr. Per Stavang, um parlamentarismen. Det var eit 100 års minne for parlamentarismen i Noreg i 1984, og Stavang synte korleis gjenomføringi gjekk fyre seg hjå oss.
26. april heldt adjunkt Sverre Hausberg eit fyredrag um sjøhelten Peter Wessel Tordenskiold. Det var eit fyredrag med solid historisk bakgrunn i Tordenskiold-tradisjon, og i bøker um Tordenskiold. Hausberg synte korleis sume av sogone um Tordenskiold er skapt i fantasien, og serleg strika han under kor rettvis Tordenskiold var i all si ferd.
På møtet 1. oktober hadde laget vitjing av den islendske folkeminne-granskaren Hallfredur Ørn Eiriksson som tala um den islendske filologen Gudbrandur Vigfusson og hans Noregsferd i fyrre hundradåret. Eiriksson kom i fyredraget inn på dei sterke band som islendingar knytte med vestmennene i fyrre hundradåret. Conrad Clausen las eit kvæde av Johannes ur Køtlum, og formannen gav "Vestmannalaget i 110 år" til talaren, til eit minne um vitjingi hans i laget.
Møtet 25. oktober var eit Holberg-møte, i samband med 300-årsminnet um Ludvig Holberg. Dr. philos. Arild Haaland var i storform. I fyredraget sitt skildra han Holberg som den store filosofen og historikaren, men og som den uvanleg produktive komedieskrivaren, som skapte personar som er gjenomført ekte. Holberg fekk folk til å læ, og det er noko av det mest verdfulle med filosofien, sa Haaland. - Eigil Lehmann las nokre utdrag or Holbergs skrifter, og etterpå var det samtale um Holberg og tradisjonen etter han.
15. november var forfattaren Anna Elisabeth Westerlund i laget og skildra korleis ho såg Fimreiteslaget som var for 800 år sidan. Dette var eit framhald av sogestemna som laget var med og skipa i juni, og Anna Elisabeth Westerlund fekk ordet etter at Conrad Clausen fyrst hadde gjeve ei innføring i norsk soga i tidi framfyre Fimreiteslaget. Mange var med i samtalen etter Westerlunds framstilling, med innlegg og spursmål. Og dette vart eit av dei store møti. Dagen etterpå, den 16. november, var Anna Elisabeth Westerlund med på årsmøtet i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet, og ho vurderte der dei tvo kongane Magnus og Sverre i eit samtaleprogram, og kom til at den klokaste strategen - Sverre - vann, og at det var ei lukkeleg løysing for Noreg.

Fanevaktar: Halldor Slettebö, Olav Tjæra.

Det var 100 år i 1984 sidan Matias Orheim vart fødd, og møtet 6. desember var vigd minnet um den landskjende lekpreikaren, skalden og songaren. Sokneprest Arnfinn Haram skildra livsferdi til Orheim og synte kva kall han kjende til å bera kristentankane fram i tale og i song og salme. Skalden Matias Orheim kom godt fram i dette programmet, med di Haram er ein fin songar. Han song mange Orheimsalmar, mange med folketone, men sume ogso med tonar av Matias Orheim.
Den 16. januar 1985 tala generalmajor Ola Litleskare um Holmen i norsk soga. Han synte ljosbilete til, og Conrad Clausen las ei morosam soga som far til generalen, bonden og historikaren Johan Litleskare, i si tid skreiv i "Norsk Jol". Dette møtet var avskil med Kommandant Ola Litleskare, og han fekk "Vestmannalaget i 110 år" i samband med at han nett hadde fylt 60 år og at Vestmannalaget hev havt godt samarbeid med honom ved tvo historiske stemnor på Holmen. Til slutt synte generalen ikring i Håkonshallen.
Den 21. februar heldt professor dr. Svein Meldal Kile eit forvitneleg fyredrag um "Menneske på reise". Det var jamføringar millom gamal og ny tid, frå menneske i tronge kår fram til velferdssamfundet i dag. Samstundes var det ei maning um å verna gamle nedervde verdiar i ei tid då skrikande musikk møter oss kvar me ferdast, ei tid då me reiser med so stor fart at me må hugsa på at me ogso må ha sjeli vår med oss. Det vart ei interessant samtala etter fyredraget.
"Tuftekallen" hev kome på dei fleste møti, og er jamt ein programpost som me tykkjer godt um.
<u>Fyredrag og talor:</u> På møti er det halde i alt 9 fyredrag eller talor. Desse hev tala: Per Stavang, Sverre Hausberg, Hallfredur Ørn Eiriksson, Arild Haaland, Anna Elisabeth Westerlund, Conrad Clausen, Arnfinn Haram, Ola Litleskare, og Svein Meldal Kile. (Formannen Ludv. Jerdal og Eigil Lehmann hev havt kvar sin time for elevar og lærarar på Danielsens Skole i Bergen, Jerdal fortalde um Vestmannalaget, og Lehmann greidde ut um norrønt mål). Upptaket til dette var gjort av lektor Asbjørn Ystebø på Danielsens Skole.
<u>800 års minne for Fimreiteslaget</u>. I samarbeid med Kommandanten på Bergenhus, Håkonshallens Venner og Nybø Skoles Musikkorps skipa Vestmannalaget ei historisk stemna sundag 17. juni 1984 på Holmen i Bjørgvin, til minne um slaget ved Fimreite i Sogn i juni 1184. Det var fint solskinsver, og stemna var i friluft, nær Kristkyrkjetufti. Mange tusund menneske møtte, og stemna var vellukka. Det var og mange innbedne, med stortingspresident Per Hysing-Dahl og frua i spissen. Generalmajor Ola Litleskare tala til opning, Forsvarets Distriktsmusikkorps Vestlandet spela, gruppa Musica Viva førde fram millomaldermusikk. Professor dr. Knut Helle som er formann i Håkonshallens Venner gav ei sers klår historisk framstelling av Fimreiteslaget og synte kva denne uppgjerdi millom baglarar og birkebeinarar fekk å segja i norsk soga. Talen som kong Magnus heldt vart framførd av skodespelar Bentein Baardson, og skodespelar Sverre Røssummoen førde fram dei tvo kjende talane av kong Sverre. Båe skodespelarane var i historiske drakter som var utlånte frå Den Nationale, og teatersjef Kjetil Bang-Hansen var med i planleggjingi fyreåt. Professor Helle hadde umsett talane frå historiske kjeldor. Etter at sogestemna var slutt, heldt Nybø Skoles Musikkorps fram med Bergen Tattoo, eit stort musikkprogram med mange festlege innslag. Kongens Gardes Musikkorps spela, og det var mange andre programpostar. Det var gjeve ut eit serskilt blad til denne stemna, og det vart eit kostesamt program. Håkonshallens Venner og Vestmannalaget hadde saman trygda for eit tilskot på 12.000 kr. Etter søknad løyvde O. Kavli og Kavlis Almennyttige Fond denne summen. Sorenskrivar Ivar Gjelsvik er formann i fondsstyret for Kavlifondet. Dei fyrebuande møti til sogestemna vart haldne hjå general Litleskare på Holmen, og frå stjorni i Vestmannalaget møtte Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik og Ludv. Jerdal.
<u>Nytt blad, "Vestmannen"</u>. Vestmannalaget hev teke på seg å vera utgjevar av eit nytt månadsblad, "Vestmannen". Det skal koma med fyrste nummeret no i mars. Me reknar dette for ei sers gledeleg hending. Bladet skal

vera talsmann for vestmannasynet på målreising og måldyrking. Det skal skrivast på klassisk nynorsk, men det skal sjølvsagt gjeva rom for meiningsbrytingar. Upptaket til bladet gjorde forfattaren Jostein Krokvik, Fiskåbygd på Sunnmøre i 1984. Han kom i eit brev til Vestlandske Mållag med framlegg um å skipa eit blad som kunde heita "Vestmannen". Det var det namnet som ein annan sunnmøring, bladmannen Rasmus Steinsvik, sette på sitt fyrste blad, som han skipa i Volda i 1887 og som han i 1889 slo saman med "Fedraheimen". Styri i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet dryfte framlegget frå Krokvik, på eit møte i Bergen 29. juni 1984. Dei tvo styri var positive. Og i møte 3. oktober 1984 gjorde so stjorni i Vestmannalaget vedtak um å yta ein startmidel på 20.000 kr. frå Fritz Monrad Walles fond til det nye bladet. Vilkåret var at det fyreåt var skaffa eit tingargrunnlag som gjorde det forsvarleg å gå i gang. I årsmøtet sitt den 16. november 1984 fylgde Vestlandske Mållag upp. Laget løyvde 10.000 kr. i startmidel, på same vilkår som Vestmannalaget. Det vart so sett i gang tingarsanking gjenom skriv til einskildpersonar og folkeboksamlingar. Skrivet hadde dette innhaldet:

# VESTMANNEN - eit nytt blad

## LAT OSS SKAFFA TINGARANE!

Eit nytt månadsblad er i emning. Det skal heita "Vestmannen", og det skal vera talsmann for klassisk nynorsk. Det trengst vakthald um det norske målet no. Stendig fleire kulturmedvitne nordmenn skynar kor viktig det er å taka vare på den arven som Ivar Aasen blenkte upp og gjorde til eit kulturmål. Ideen um bladet "Vestmannen" er komen frå Sunnmøre, og forfattaren Jostein Krokvik, Fiskåbygd, som hev fenge litterære prisar for bøkene sine, skal styra bladet. Han fær hjelp av andre kjende og skriveføre målmenn.

"Vestmannen" skal gjeva upplysning um målspursmål, nøra sansen for alt åndsliv, gjeva rom for litterære innslag, halda uppe nedervde kristne grunn-normer, syna tolsemd i livssynsspursmål, og mana til sjølvstendig tenkjing.

"Vestmannen" kan verta ein verdfull bindelekk for norskdomsfolk og for alle andre kulturelt interesserte dersom me samlar oss um bladet. Det skal koma med 10 eller 11 nr. i året. Vestmannalaget hev lova ein startkapital; men vilkåret er at me tryggjer ein tingarflokk fyreåt.

No bed me alle som fær dette skrivet: Tinga "Vestmannen" sjølv, **og få andre til å tinga det.** Lat oss gjera dugnad! For heile året 1985 skal det kosta kr. 75,—. Bladpengane kan betalast når fyrste numret er kome.

Bergen, i november 1984.

Med helsing

| Ivar Aasen-sambandet | Vestlandske Mållag | Vestmannalaget | Norrønalaget Bragr | Norsk Bokreidingslag |
|---|---|---|---|---|
| Jon Askeland | Sigurd Sandvik | Ludv. Jerdal | Conrad Clausen | Haldor Slettebø |

Fyll ut lista nedanfor med namn på Dykk sjølv og andre, og send ho snarast råd til Anna Sylvia Haukås.

Klypp ifrå — — — — — — — — — — — — — — — — — — — — — — —

Til Anna Sylvia Haukås, Natlandslia 7, 5040 Paradis.

Eg tingar "Vestmannen" og bind meg til å senda kr. 75,— for året 1985 når bladet kjem.

Tilskrift

Vestlandsbanken hjelpte oss stort i dette arbeidet. Prenteverket i banken prenta rundskrivi, og banken hjelpte oss med utsending. Me er mykje takksame for denne verdfulle hjelpi, og me takkar Anna Sylvia Haukås som var mottakar av alle svarbrevi, og lagsfolk som var med på dugnadsarbeid.

Etter at eit forsvarleg tingargrunnlag var tryggja vedtok stjorni i Vestmannalaget i møte 7. februar 1985 at bladet kan setjast i gang, og at Vestmannalaget tek på seg å vera utgjevar i 1985. Utgjevarspursmålet skal dryftast nærare mot slutten av året. Arbeidsutvalet i Vestlandske Mållag sa seg samd i dette. Jostein Krokvik, Fiskåbygd vert redaktør. Bladet skal setjast og prentast i A/S. Dagbladet Dagen , som òg tek seg av utsendingi. Helge Liland, Blomsterdalen er sett til forretningsførar, og Alf R. Lygre, Bergen er lysingssankar.

Færøysk-norsk ordbok. Av gledelege ting elles er å nemna at Eigil Lehmanns "Færøysk-norsk ordbok" er på det næraste ferdig frå prenteverket (Døves Trykkeri A/S.) Boki vert eit nybrotsverk, og det er Sunnmøre Vestmannalag som ber hovudtyngdi av kostnaden med prenting og innbinding. Vestmannalaget hev ytt i alt 12.000 kr. til dette bokverket, kr. 10.000 frå Fritz Monrad Walles fond, og kr. 2000 frå Henrik Krohns og Hustrus Legat. Frå Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking er gjeve 20.000 kr., og Vestlandske Mållag hev ytt 10.000 kr. Men det stod att arbeid med setjing, prenting og innbinding for 173.000 kr. då Sigurd Slyngstad fall ifrå i 1983. Han hadde gjort upp for 67.000 kr. til då. Vestlandske Mållag tok upp tingingar med nokre av ervingane (syskini til Sigurd Slyngstad), og det enda med ei skriftleg avtala um at ervingane skulde bera den kostnaden som ikkje vart dekt av dei nemnde 42.000 kr. Dermed tek ervingane det tyngste økonomiske lyftet, og Sunnmøre Vestmannalag vert utgjevar. Formann i dette laget, som er tilmeldt Vestlandske Mållag, er prost Harald Slyngstad, Molde, og varaformann er lærar Lars Festøy, Tresfjord. Til Olav Nygards Dikt i samling som Norsk Bokreidingslag gav ut til 100-årsminnet for Nygard i 1984 er gjeve kr. 5000 frå Fritz Monrad Walles fond. Laget var og med på ei helsingslista.

Gåvor og utetlingar: Laget hev teke imot 1000 kr. i utetling frå Halldor O. Opedals fond, og 1000 kr. frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond. Um utetlingar viser me til det som er nemnt framandyre.

Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising. Av dei 44 festarane på eigedomen etter Fritz Monrad Walle på Nygård i Fana var det 8 som ikkje godtok dei auka festeavgiftene som Bergen Prisnemnd sette. Det vart skilsdomssak i Midhordland 17. januar 1985, etter at sorenskrivar Arne Mohn Heldal fyrst hadde måtta segja saki ifrå seg av helsegrunnar. Byrettsjustitiarius h. v. Johan Fr. Meyer vart rettsformann, og avgjerdi gjekk Vestmannalaget imot, dei gamle avgiftene gjeld, og laget må greida sakskostnadene. Med tri burettslag som er uppløyste er det vorte semja. Advokat Helge Hansen hev ført tingingane med burettslagi. Me viser elles til rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond.

Eiga: Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend og i Norsk Bokreidingslag, det stjornar Henrik Krohn og Hustrus Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising. Grunneigedomen i Fana som høyrer til dette fondet kan verdsetjast til 600.000 kr. Rekneskapen for Henrik Krohn og Hustrus Legat vert førd av Vestlandsbanken. Ved utgangen av 1984 var midelen på kr. 13.898,39. Det meste stend i obligasonar, og kursverdet er noko mindre enn dette. Stjorni hev vedteke å yta 2000 kr. av legatet til Færøysk-norsk ordbok.

Heidring. Tri heiderslagsmenn i Vestmannalaget er gjengne burt i dette arbeidsåret. Knut Horvei på Bolstadøyri fall ifrå i mars 1984, vel 90 år gamal. Formannen møtte i gravferdi og la signert krans på båra frå tri samskionader: Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Torsteinn T. Viglundsson i Hafnarfjørdur på Island døydde i september 1984, han var nær 85 år gamal. Viglundsson var ein framstående kulturmann på Island, og han hadde halde fylgje med Vestmannalaget heilt sidan han i 1928 tok imot Norrønaferdi på Vestmannaeyjar. Han var heidersborgar av Vestmannaeyjar, og frå Noreg var han heidra med Olavsmedalja. Ingrid Gjelsvik i Bergen døydde i november 1984, 87 år gamal. Ho hadde

halde fylgje med Vestmannalaget i alle sine Bergensår. Det vart sendt signert krans til båra hennar, og formannen møtte i gravferdi. Besse Bønes fylte 80 år i august 1984, og formannen vitja honom på årmålsdagen i heimen i Fana og hadde med ei blomekorg som Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet var saman um. Bønes døydde i oktober 1984, og til båra hans sende dei tri nemnde samskipnadene ein sams krans. Besse Bønes var stjornarmann i Vestmannalaget i mange år, og han var med og skipa Ivar Aasen-sambandet og var stjornarmann der og i lang tid.
Me takkar dei som her er nemnde for idealitet og truskap, og me signar deira minne.
Formannen var av Modalen kulturstyre innbeden til 100-årsstemna for Olav Nygard i Modalen laurdag 30. juni, og til ein storfeld jolefest og årsfest som Anne Gullestad og Wilhelm Haaland heldt i heimen sin Fredrikspris i Bergen for Norrønalaget Bragr 3. joledag 1984.
Trine Reknes vart i samband med 80-årsdagen sin helsa på lagsmøtet 21. februar 1985. Ho fekk ei bokgåva og blomar frå Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet.
<u>Heiderslagsmenn:</u> Talet på lagsfolk hev auka noko. Det er no 115, heiderslagsmennene medrekna.
Laget hev no desse 7 heiderslagsmennene: Eirikur J. Eiriksson, Selfossi, Island, Halldor O. Opedal, Lofthus, Anna Bjørndal, Bergen, Conrad Clausen, Askøy, Eigil Lehmann, Nesttun i Fana, Ludv. Jerdal, Bergen, og Gerhard Garatun-Tjeldstø, Natland i Fana.
<u>Samskipnader:</u> Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom Vestlandske Mållag, i Håkonshallens Venner og i Bygdelagsnemndi i Bergen. *Bergens Folkeakademi.*

Bjørgvin 12. mars 1985.

~~Xxxxxxxx~~
I stjorni for Vestmannalaget:

*Ludv. Jerdal.* *Arne Holm*
*Conrad Clausen* *Nils Haukås.*
*Det var framlegg om høgare årspengar.*

# Vestmannalaget er vorte bladutgjevar

*21/5 85*

[illegible]

om den islandske filologen Gudbrand Vigfusson og hans Nogesferd og samarbeid med vestmennene i førre hundreåret.

På årsmøtet vart Ludv. Jerdal attvald til formann. I stjorni vart attvalde Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Arne Holm og Ingerd Hirth. Varamann vart Kjartan Rødland (ny). Ellen Vabø og Finn Vabø. Målsmenn i Det Norrøne Grønlandslaget vart Arne Holm, Conrad Clause og Ludv. Jerdal, målsmenn i Bygdelagsnemndi (rådet): Nils Haukås, Ludv. Jerdal og Sveinung [illegible]. Varamenn: Finn Vabø, K[illegible] Rødland og Brynhild H[illegible]. Bladstjorn for «Tufteka»: «Ivar Kleiva, Sveinung [illegible], Leidulv Hundvin og Hara[illegible]stad. Ettersynsmenn for [illegible]kapane: Wilhelm Haal[illegible] Leidulv Hundvin.

Varaformannen Conr[illegible]sen styrde årsmøtet, o[illegible]ninga heldt han minne[illegible] prost Hjalmar Tjelta, [illegible]ren frå Jæren som i me[illegible] 45-årige prestetid var s[illegible] i Kinn og prost i Ytre S[illegible]

Programmet attåt å[illegible]kene var ved lektor Ol[illegible] som let laget få urpremi[illegible] film han har teke opp [illegible] minnesamlare fortalde [illegible] filmen om korleis han [illegible] folkeminne og skrive de[illegible] Fjæra hadde teke fleire [illegible]man m.a. ein film om d[illegible] ølbryggjarkunsten som [illegible] vanleg i eldre tid. [illegible] Forfattaren Ivar Klei[illegible] eit sers godt nummer [illegible] handskrivne bladet.

# Vestmannalaget.

## Årsmelding 1985/86.

**Stjorni:** På årsmøtet den 14. mars 1985 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart Kjartan Rødland, Ellen Vabø og Finn Vabø. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås, Ludv. Jerdal og Sveinung Ones. Varamenn: Finn Vabø, Kjartan Rødland og Brynhild Horvei. Det norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Conrad Clausen, Ludv. Jerdal. Varamenn: Malvin Ulvatn og Olava Henrichsen. Kyrkjenemndi: Ellen Vabø, varamann Audun Vik. Bladstjorn for "Tuftekallen": Ivar Kleiva, Sveinung Ones, Leidulv Hundvin og Harald Bolstad. Ettersynsmenn for rekneskapane: Wilh. Haaland og Leidulv Hundvin. Fanevakter: Olav Fjæra og Jon Askeland.

**Møte og samkomor:** Sidan fyrre årsmøtet hev laget halde 10 møte, alle på Bryggens Museum der det er ein uneleg møtesal og hyggjelege vertsfolk. Frammøtet til møti hev auka, og talet på lagsfolk er og aukande. Stjorni hev halde 4 møte, alle i Vestlandsbanken, 8. høgdi.

På årsmøtet torsdag 14. mars 1985 var det attåt årsmøtesakene eit fint film- og ljodbiletprogram ved lektor Olav Fjæra. Han hadde då m. a. urpremiere på den kulturfilmen han hev teke upp um Halldor O. Opedal og samlararbeidet hans./Årsmøtet gjorde vedtak um å auka årspengane til laget frå 20 kr. til 50 kr. Auken gjeld frå og med år 1986.

Torsdag 11. april hadde me vitjing av stortingsmann Oddleif Fagerheim som tala um Jakob Sande og diktingi hans. Det var eit storfelt program, Fagerheim er ikkje berre ein fengjande talar, han er og ein framifrå god upplesar. Me fekk mange fine prøvor på Sandes lyrikk./Dette møtet var elles historisk, med di det fyrste numret av bladet "Vestmannen" låg fyre og vart synt fram.

Torsdag 2. mai var det eit møteprogram um Den Norske Sjømannsmisjon, som nett hadde høgtida jubileet sitt. Krinssekretær, pastor Terje Bjørdal fortalde um arbeidet ute og heime, og han synte film um Sjømannsmisjonen. Det er eit kristeleg, kulturelt og sosialt arbeid som i stor mun byggjer på friviljug og idealistisk innsats, ikkje minst ifrå dei mange kvinnelagi som skaffar so mykje av midlane til arbeidet.

Torsdag 6. juni var laget på synfaring og gjesting på Hansa Bryggeri. Det vart ei forvitneleg vandring gjenom produksjonshaller i fjellet, og ei hyggjeleg bordseta med god mat i festsalen etterpå. Der tala kontorsjef Tore Ludvig Olsen um soga til Hansa Bryggeri og um marknadene heime og ute,/og formannen takka for god orientering og festleg mottaking.

Torsdag 24. oktober var den islendske diktaren Johannes Helgi og huslyden hans, heidersgjester, og Islendingafelagid i Bjørgvin var saman med oss i møtet. Det møtte mange islendingar og. Professor dr. Ole Didrik Lærum gav ei innføring i diktingi til Johannes Helgi,/den islendske universitetslektoren Bödvar Gudmundsson las på islendsk frå bøkene hans Johannes Helgi, og kona Margret Guttormsdottir og yngste sonen hygde møtelyden med fine song- og musikk-innslag.

Torsdag 14. november var den nye fylkesmannen i Hordaland og kona hans innbedne, og dei hadde programmet. Fru Ragnhild Randal fortalde um det storfelde arbeidet som er gjort med Bømloteatret og um den dugnadsåndi som bygdefolket på Bømlo hev synt, og fylkesmann Håkon Randal hadde kalla sitt emne "Tankar frå min ståstad". Det var framtidstankar fylt av optimisme han bar fram um det Hordafylket han no skal tena. Han synte til dei mange uppgåvone som ventar på løysing i fylket, både materielt og kulturelt.

2093

Torsdag 12. desember var laget gjest hjå Vestlandsbanken. 55 var
tilstades i Rådssalen der administrerande direktør Arne Holm tala um
bankarbeid og um soga til Vestlandsbanken./Etterpå var det servering
av varm rett, og i bordseta gjorde "Tuftekallen" stor lukka. Bladet
var laga av Leidulv Hundvin og Harald Bolstad, det hadde både histor-
isk og dagsaktuelt innhald,/og det vart lese av Leidulv Hundvin. Vara-
formannen Conrad Clausen takka for maten i ein poengrik tale.
Torsdag 23. januar 1986 heldt forfattaren Ivar Kleiva eit forvitneleg
historisk fyredrag um Gulatingslovi og kristenretten. På møtet vart
pakka ut eit stort målarstykke som laget hadde fenge i gåva frå bok-
trykkjar Norvald Melvær. Sjå meir um dette i bolken "Gåvor". –
Torsdag 13. februar heldt stortingspresident Per Hysing-Dahl fyredrag
um det norske forsvaret. Emnet var "Vern og tryggleik for fedralandet"
og framburden var ei ålvorsam maning um å verna den fridomen som me va
attende i 1945, og ei hylling til dei motstandsfolki som var viljuge t
å ofra alt,-ogso livet.
Torsdag 6. mars fortalde sekretær Hilde-Marthe Kile um arbeidet i
Vestlandske Teaterlag i nærepå 20 år, eit arbeid som hev vore drive me
småe midlar, men som hev gjeve store resultat. Serleg hev det vore sat
på amatørgruppor og instruksjon. Men arbeidet hev bore frukter ogso i
leid at det er skipa regionteater både i Møre og Romsdal og i Sogn og
Fjordane. Og i oktober 1985 vart Hordaland Teater skipa. Styreformannen
i det nye teatret, redaktør Simon Kringnes, greidde ut um fyrebuingi
av ~~dekx~~ Hordaland Teater, og strika under at dei formelle vedtaki er
hamn, men at det vil krevja store løyvingar å koma i gang. Men me tolk
fråsegner som er komne frå det offentlege positivt, sa Kringnes. I
budsjettframlegget for Hordaland fylke for 1987 er det ført upp eit
tilskot på 1,5 mill. kr., og i dei tvo etterfylgjande åri er årleg
løyving ført upp med 3 millionar kroner.
Fyredrag og talor: På møti er det halde i alt 12 fyredrag eller talor.
Desse hev tala: Lektor Olav Fjæra, stortingsmann Oddleif Fagerheim,
krinssekretær, pastor Terje Bjørdal, kontorsjef Tore Ludvig Olsen,
professor dr. Ole Didrik Lærum, teaterinstruktør Ragnhild Randal,
fylkesmann Håkon Randal, adm. direktør Arne Holm, forfattaren Ivar
Kleiva, stortingspresident Per Hysing-Dahl, sekretær Hilde-Marthe Kile,
og redaktør Simon Kringnes. Det hev oftast vore samtalor etter fyredrag
Og bladet "Tuftekallen" hev vore fast gjest på møti.
Eiga: Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend, i Norsk Bok-
reidingslag og i Vestlandsbanken,/det stjornar Henrik Krohn og Hustrus
Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising. Grunneigedomen
i Fana som høyrer til dette fondet kan verdsetjast til 600.000 kr.
Walles fond hev ytt tilskot til Norsk Bokreidingslag til bokutgjeving,
til Vestmannalaget,og 10.000 kr. til Færøysk-norsk Ordbok. Me viser
elles til rekneskapen som vert lagd fram. Henrik Krohn og Hustrus Legat
hev ytt 2000 kr. til Færøysk-norsk Ordbok. Vestlandsbanken varveitlar
midlane i dette legatet og fører rekneskapen. Ved utgangen av 1985 var
midelen i legatet på kr. 12680,56. Det meste stend i obligasjonar, og
kursverdet er noko mindre enn dette. - Målarstykket "Kong Olav kristnar
i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) som laget hev fenge i gåva frå
Bergen by, heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen. Nokre andre målar-
stykke og bøker og gåveting er lagra hjå formannen, og målarstykket av
Sigurd Melvær heng hjå Harald Bolstad på Voss. Men dei fleste bøkene,
millom deim nærepå 200 av bokverket "Vestmannalaget i 110 år", er lagra
på eit loft i Nygård skole i Bergen. Same staden hev Norsk Bokreidingsla
sitt boklager. Vestlandsbanken hev gjeve oss rom i eit bygg som banken
eig på Laksevåg til det som er arkivert av fyrste årgangen av bladet
"Vestmannen".
Utetlingar: Laget hev teke imot 1000 kr. i utetling frå Halldor O.
Opedals fond, 5000 kr. frå Fritz Monrad Walles fond, og 1000 kr. frå
Lagsbruki til Bondeungdomslaget.

Gåvor: Boktrykkjar Norvald Melvær, Bergen hev gjeve Vestmannalaget eit stort målarstykke. Det er måla av far hans, boktrykkjar Sigurd Melvær som hadde mange store kunstutstillingar, i Sunnfjord, i Bergen og andre stader. Sigurd Melvær var født i 1886 og døydde i 1953. Det målarstykket som Vestmannalaget no fekk er eit portrett av Sigurd Wigdal. Det var ferdig til Wigdals 80-årsdag i 1910. Både Sigurd Melvær og Wigdal var aktive i Vestmannalaget. Dette målarstykket vart pakka ut på lagsmøtet 23. januar. Det syner ein staut 80-åring av den gamle garde, og det var serskilt gledeleg at det var kome til årmålsdagen åt Vestmannalaget (118 år etter skipingi). Etter som laget ikkje hev eige hus, spurde formannen um nokon av lagsfolki hadde ledig veggplass, og Harald Bolstad på Voss sa seg viljug til å skaffa kunstverket ein heidersplass i heimen sin.

"Vestmannen". Bladet "Vestmannen" kom i gang frå april 1985, og det er kome 11 nummer i 1985. Stjorni hev gjort vedtak um at Vestmannalaget kan taka på seg å vera utgjevar i 1986 òg. Bladet hev vorte godt motteke. Mange skriv i "Vestmannen", bladstyrar Jostein Krokvik styrer det sers godt, og forretningsførar Helge Liland hev lagt fram ein rekneskap med eit bra yverskot for fyrste driftsåret. Me viser elles til rekneskapen for bladet. "Vestmannen" er talsmann for klassisk nynorsk på Ivar Aasen-grunnen.

Færøysk-norsk Ordbok. Diverre er denne store ordboki av Eigil Lehmann enno ikkje komi. Døves Trykkeri A/S. i Bergen hev det meste arbeidet ferdigt; men korrekturlesing som vert gjort av Johan W. Poulsen på Færøyane hev teke uvanleg lang tid. Andre vanskar hev òg meldt seg. Soleis døydde prost Harald Slyngstad i januar 1986. Han var formann i Sunnmøre Vestmannalag som er utgjevar. Det er likevel von um at boki kan koma i 1986. Vestmannalaget hev gjeve 10.000 kr. av Fritz Monrad Walles fond og 2000 kr. av Henrik Krohn og Hustrus Legat til bokverket. Pengane vart sende til Sunnmøre Vestmannalag i 1985.

Ættarstemna for Askevold-ætti. Askevold-ætti frå Askvoll i Sunnfjord hev ættgreiner spreidde i mange land, i Tyskland, USA, Canada, Sveits, forutan i Noreg. Den store ættfaren er målaren Anders Monsen Askevold, som var med og skipa Vestmannalaget og som var i den fyrste nemndi som samla inn pengar til atterreising av Håkonshalli. Askevold-folket heldt ei stor ættarstemna i Waldeck i Tyskland i 1985, og vil skipa ei ny stemna i Bergen i månadsskiftet juli/august 1987. Språkläraren Sigurd Askevold i Canada hev vendt seg til Vestmannalaget um hjelp til å få bruka Håkonshalli til ein festkveld då, og formannen hev etter samråding i stjorni lova å hjelpa til med dette, eventuelt soleis at laget søkjer um å få bruka halli, og vert medtilskipar. Han hev teke kontakt med fylkesmann Håkon Randal um dette, og møtt stor velvilje.

Heidring: Laget hev i dette året mist nokre av sine trufaste og velvyrde lagsmenn. Forlagsekspeditør Malvin Ulvatn døydde 9. april 1985, 84 år gamal. Han hadde i mange år havt sin andre heim i Vestmannalaget, og han hadde gjort målsaki store tenestor, ogso i andre samskipnader. Serleg må nemnast det store arbeidet han gjorde då han var ekspeditør for Norsk Bokreidingslag. Til gravferdi hans i Manger kyrkja 15. april møtte Eigil Lehmann og lagde ein krans på båra frå Norsk Bokreidingslag, Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Vestmannalaget.–
Rektor Matias Skrede fall burt i desember 1985, 80 år gamal. Han hadde ein lang arbeidsdag i skulen, lengste tidi i dansk og norsk folkehøgskule.–
Heiderslagsmannen vår, folkeminnesamlaren Halldor O. Opedal i Ullensvang fylte 90 år 26. mai 1985. Styret i Halldor O. Opedals fond skipa då ei festmottaking for honom på Ullensvang Aldersheim. Formannen møtte, og laget var med på ei kunstgåva som ei rad samskipnader gav til 90-åringen. Halldor O. Opedal døydde 18. januar 1986. Varaformannen Conrad Clausen møtte i gravferdi 24. januar, og Vestmannalaget var saman med andre samskipnader um ein krans som var send til båra (Vestl. Ml. og Aasen-samb.)
Me takkar for gjævt verk, og me signar minnet. -

Heiderslagsmenn: Talet på lagsfolk hev auka. Det er no 132, av dei er 6 heiderslagsmenn: Eirikur J. Eiriksson, Selfossi, Island, Anna Bjørndal, Bergen, Conrad Clausen, Askøy, Eigil Lehmann, Nesttun, Ludv. Jerdal, Bergen og Gerhard Garatun-Tjeldstø, Natland i Fana.—Laget er med i Vestlandske Mållag, Aasen-sambandet, Håkonshallens Venner og Bygdelagsnemndi. Folkeakademi
I stjorni: [illegible]

# Vestmannalaget.

## Årsmelding 1986/87.

**Stjorni:** På årsmøtet den 24. april 1986 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart Kjartan Rødland, Ellen Vabø og Finn Vabø. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås, Ludv. Jerdal og Bodvar Barsnes. Varamenn: Finn Vabø, Kjartan Rødland og Brynhild Horvei. Det Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Conrad Clausen, Ludv. Jerdal. Varamenn: Leidulv Hundvin og Olava Henriksen. Kyrkjenemndi: Ellen Vabø, varamann Audun Vik. Bladstjorn for "Tuftekallen": Ivar Kleiva, Sveinung Ones, Leidulv Hundvin og Eigil Lehmann. Ettersynsmenn for rekneskapane: Wilh. Haaland og Leidulv Hundvin. Fanevakter: Olav Fjæra og Jon Askeland.

**Møte og samkomor:** Sidan fyrre årsmøtet hev laget halde 9 møte, dei fleste på Bryggen Museum. Eitt møte var i Auditoriet på Haukeland Sykehus av di det var soga til sjukehuset som samla oss. Og eitt møte var i kantina til Hordaland Vegkontor i Fyllingsdalen av di programmet krinsa um vegbyggjing i fylket. Stjorni hev halde 5 møte, alle i Vestlandsbanken, 8. høgdi.

På årsmøtet torsdag 24. april 1986 var det attåt årsmøtesakene fyredrag av direktør Ove Hellem i Hordaland Industriforening, um den plassen industrien hev i fylket, og um dei framtidsvoner me kan hysa, no i "oljealderen".

Torsdag 15. mai var det møte på Haukeland Sykehus, i samarbeid med Medisinsk Historisk Selskap og Bergens Historiske Forening. Professor dr. med Ole Didrik Lærum fortalde frå det gamle Haukeland Sykehus, delvis i samtalor med professor dr. med. Erik Waaler og andre veteranar på dette sjukehuset, og med direktør Otto Birkeland. Og fylkesmann Lars Leiro fortalde um fyrearbeidet med planleggjing og vedtak um det nye og moderne Haukeland. Det var forvitnelege historiske attersyner.

Fyrste møtet um hausten var torsdag 18. september, og det møtet var hjå Hordaland Vegstell i Fyllingsdalen. Der fekk me rulla upp minne um det som er gjort med vegbyggjing og brubyggjing i Hordafylket gjenom ei lang rad av år. Driftssjef Jann. B. Jensen, økonomikonsulent Per Myhren og yveringeniør Magnus Natås gav utgreidingar, og synte gode ljosbilete til. Og Ivar Kleiva hadde eit nummer av "Tuftekallen" som fall godt inn i møteprogrammet elles. Johs. Revheim skøytte til med personlege upplevingar han hadde havt i samband med betring av samferdsla.

Torsdag 16. oktober tala professor dr. med. Johan A. Aarli um "Ein austlandsdiktar på Vestlandet". Det var stilisten Tryggve Andersen han tok fyre seg, og det vart ei forvitneleg vurdering av diktingi til Tryggve Andersen, samstundes som det bygde på grundige studiar av helsetilstandet til diktaren, i ei tid då t. d. epilepsi var lite kjend millom folk flest.

Torsdag 13. november var det eit Ørjasæter-program, i samband med at det i 1986 var 100 år sidan Tore Ørjasæter vart fødd. Sokneprest Eigil Lehmann gav ei innføring i diktingi hans, og han las av Ørjasæters malmfulle kvæde. Lehmann hadde og det handskrivne bladet.

Torsdag 11. desember mintest laget at det var 150 år sidan Elias Blix vart fødd. Sokneprest Arnfinn Haram tala um salmeskalden og livsverket hans, og han song mange Blix-salmar. Dertil hadde Leidulv Hundvin laga eit Blix-nummer av "Tuftekallen".

Torsdag 22. januar 1987 var det festmøte for tvo lagsmenner som fylte 80 år nokre dagar seinare, og dei tvo hadde hovudtyngdi av programmet. Adjunkt Sverre Hausberg heldt fyredrag um "Severin Eskeland og Målvinarlaget". Det var ei fin historisk attersyn på gode år i målreisingssoga. Og sokneprest Eigil Lehmann hadde "Tuftekallen", eit

nummer med fin blanding av ålvor og skjemtetale.- Formannen Ludv. Jerdal tala for dei tvo heidersgjestene, og med blomar og bokverket "Ei bok om Hans Mo" bar han fram takk til Hausberg og Lehmann frå Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Norsk Bokreidingslag og Nord- og Midhordland Sogelag. Conrad Clausen og andre skøytte på med gode takkeord til dei tvo jubilantane.-
Torsdag 26. februar heldt sjefredaktør Kjartan Rødland fyredrag um "Pressa fyrr og no", og rulla upp eit utuleg sterkt umskifte frå dei små bygdebladi som bygde på det lokale, og til moderne storblad i dag, med kjempetitlar og store bilete, men med færre og færre adjektiv. Og i ei samrøda etter fyredraget var det mange som ottast framtidi for det norske målet. Målet i bladi vert stødt ringare, til slutt hev me vel ikkje bruk for ord og bokstavar. Rødland trudde på ei ny framtid for det skrivne, ikkje minst når nærradio vert utbygd. Aldri hev det vore ~~lese~~ lese so mykje i Noreg som i dag, sa han. Og fram til 1990-talet vil det framleis vera rom for nye blad.
På møtet torsdag 19. mars tok professor dr. juris Mons Sandnes Nygard ei forvitneleg yversyn yver dei tri lovjubileum som fall inn i 1987: Norske Lov frå 1687, formannskapslovene frå 1837, og lovi som me fekk i 1887. Og i ordskiftet etterpå var m. a. professor Harald Trefall og redaktør Conrad Clausen med.

<u>Fyredrag og talor</u>: På møti er det halde i alt 16 fyredrag eller talor. Desse hev tala: Direktør Ove Hellem, professor dr. med. Ole Didrik Lærum, professor dr. med. Erik Waaler, direktør Otto Birkeland, fylkesmann Lars Leiro, driftssjef Jann B. Jensen, økonomikonsulent Per Myhren, yveringeniør Magnus Natås, professor dr. med. Johan A. Aarli, sokneprest Eigil Lehmann, sokneprest Arnfinn Haram, adjunkt Sverre Hausberg, Ludv. Jerdal, sjefredaktør Kjartan Rødland, redaktør Conrad Clausen, og professor dr. juris Mons Sandnes Nygard. Det hev oftast vore samtalor etter fyredragi. Og bladet "Tuftekallen" hev vore fast gjest på møti.- Eit utval or "Tuftekallen" hev ~~x~~ vorte prenta i "Vestmannen".-

<u>Eiga:</u> Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend, i Norsk Bokreidingslag og i Vestlandsbanken, det stjornar Henrik Krohn og Hustrus Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising. Grunneigedomen i Fana som høyrer til dette fondet kan verdsetjast til minst 600.000 kr. Henrik Krohn og Hustrus Legat hadde ved utgangen av 1986 ein midel på kr. 10.747,17. Det meste stend i obligasjonar, og Vestlandsbanken varveitlar midlane og fører rekneskapen. Kassastyraren i Vestmannalaget fører rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond. - Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) som laget hev fenge i gåva frå Bergen by, heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen. Nokre andre målarstykke og bøker og gåveting er lagra hjå formannen. Det målarstykket ~~xx~~ (portrettet) av Sigurd Wigdal som laget fekk i gåva i januar 1986 frå bokprentar Norvald Melvær heng no i heimen til lagsmannen Eigil Lehmann. Målarstykket er av Sigurd Melvær som var far til Norvald Melvær. Både Sigurd Wigdal og Sigurd Melvær var aktive i Vestmannalaget, og Sigurd Melvær, som ogso var ein kjend målar, hadde ferdig målarstykket til 80-årsdagen for Sigurd Wigdal i 1910. Det syner ein rank og staut 80-åring.- Dei fleste bøkene som Vestmannalaget eig, er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen, same staden som Norsk Bokreidingslag hev sitt boklager. Men det hev ikkje lukkast å finna fast lagringsplass for upplaget av "Vestmannen". Me ~~tk~~ tek med takk imot gode idear.

<u>Utetlingar</u>: Laget hev teke imot 1000 kr. i tiletling frå Halldor O. Opedals ~~x~~ fond for norsk målreising og måldyrking, 1500 kr. frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget, og 3000 kr. frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond (den siste summen er for tvo år, 1985 og 1986).

<u>"Vestmannen"</u>. Bladet Vestmannen kom med 11 nummer i 1986 og. Bladet er godt styrt av bladstyrar Jostein Krokvik, og han hev mange trugne medarbeidarar. Bladpengane for 1987 er auka til 100 kr., og bladet er vorte større (auke frå 8 til 12 sidor). Det skal koma 10 nr. i år. Helge Liland er forretningsførar og Alf R. Lygre er lysingssankar. Stjorni hev gjort vedtak um at Vestmannalaget fyrebils held fram med å vera utgjevar. Me viser elles til rekneskapen for bladet.

**Bøker.** "Ei bok om Hans Mo" er eit fagnaverk som Ørsta Mållag gav ut i 1986. Det er ei fin hylling til ein av dei som var med og skipa Vestmannalaget, sat lenge i stjorni og var formann. Lektor Terje Aarset og professor Reidar Djupedal hev teikna eit sant og ekte bilete av denne skulemannen og vestmannen, og mykje av diktingi hans er med i boki.
Færøysk-Norsk Ordbok av Eigil Lehmann var ferdig frå prenteverket (Døves Trykkeri i Bergen) no ved årsskiftet 1986/87. Boki er til innbinding i Moss Bokbinderi og er venta ferdig no i vår.
Til båe desse bokverki hev Vestmannalaget ytt tilskot, noko av lagskassa og noko frå dei tvo fondi som laget stjornar (Henrik Krohn og Hustrus Legat og Fritz Monrad Walles fond).

Askevold-stemna sumaren 1987. Askevold-ætti frå Sunnfjord, og ættene Gran og Grov hev lenge emna på ei ættarstemna i Bjørgvin dette året. I fyrste rekkja vil etterkomarane heidra minnet um den store målaren Anders Monsen Askevold, og det er soneson hans, språklæraren og forfataren Sigurd Askevold i Canada som stend i brodden for tilskipingi. Det synte seg å vera vanskar med å få Håkonshalli til festsamkoma, og etter di Anders Askevold var med og skipa Vestmannalaget og var med i den nemndi som samla inn midlar til atterreising av Håkonshalli, frå 1871 og utyver, tok Vestmannalaget på seg å søkja um Håkonshalli. Søknaden vart stetta, men ein ny søknad um fritaking for leiga av halli fekk avslag i Kultur- og Vitskapsdepartementet. Leiga av heile anlegget i Håkonshallen kostar 12.000 kr., sjølve festhallen kostar 7000 kr. Dertil kjem utlegg til vakthald m. m., truleg ikring 10.000 kr. Stjorni hev søkt fylkeskulturstyri i Sogn og Fjordane og Hordaland um å yta dei 10.000 kr. Ættarstemna kjem til å samla folk frå Canada, USA, Sveits, Tyskland, Island og Noreg, truleg uppimot 150 menneske. Lagsfolk i Vestmannalaget fær høve til å vera med på alt eller noko av programmet, etter ynskje, og mot å kjøpa billett. Det byrjar med ei samkoma i Fensal fredag 31. juli, held fram med fest i Håkonarhalli laurdag 1. august. Og sundag 2. august skal dei tilreisande saman med norske gå til messa i Mariakyrkja kl. 11. Det vert ei norsk-tysk messa ved sokneprest Tore Tangen og truleg eit par tyske prestar som høyrer til Askevold-ætti.
Ein viktig lekk i denne ættarstemna vert ei utstilling i Bryggen Museum som opnar 31. juli. Det er Islands vicekonsul i Bjørgvin, direktør Arne Holm, som hev gjort dette mogeleg, og universitetslektor Magnus Stefansson hev hjelpt til med planleggjingi. Det kjem målarstykke av Louisa Matthiasdottir, islendsk målar som er gift i USA, og dertil hev me fenge utlånt Askevold-kunst frå Bergen Billedgalleri og Rasmus Meyers Samlinger, takka vere velvilje frå direktør Jan Askeland. Det er og planar um at denne utstillingi etterpå kan synast i nokre bygder i Sogn og Fjordane, m. a. i Askvoll som var heimbygdi til Anders Askevold. Adjunkt Sverre Hausberg hev samrådd med ordføraren i Askvoll, som vil slå saman denne vitjingi av Askevold-ætt med jubileet for formannskapslovene. Sverre Hausberg hev og kome med ideen um eit festnummer av "Vestmannen", og eit 14-sidig nummer skal koma i juli og kan seljast på stemna. Stjorni i Vestmannalaget hev gjeve bladstyrar Jostein Krokvik fullmakt til å setja dette i verk, og Sverre Hausberg kjem til å skriva det meste i dette nummeret.

Heidring: Attåt festtilskipingi for 80-åringane Sverre Hausberg og Eigil Lehmann er det sendt helsingar, blomar og andre gåvor til lagsfolk som fylte "runde år". Til 90-årsdagen hans Gustav Hantveit var laget saman med Vestlandske Mållag um ei blomehelsing, til Halvard Foss vart sendt helsing på 95-årsdagen, til Olava Henrichsens 85-årsdag var laget saman med Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Norrønalaget Bragr og Nord- og Midhordland Sogelag. Formannen var innbeden til Bergens Handelsforening då direktør Joh. Henr. Bollmann takka av, og han bar fram bokverket "Vestmannalaget i 110 år". Formannen vitja professor Thorolf Rafto på Haukeland Sykehus, og var med i gravferdi.

Laget vyrdslar um gravi til bladstyrar Johs. Lavik på Møllendal kyrkjegard.
I januar 1987 fekk me det syrgjebodet frå Island at heiderslagsmannen vår, Sira Eirikur J. Eiriksson i Selfossi, brått xx var avliden, vel 75 år gamal. Laget sende krans med blomar i norske nasjonalfargar til båra hans, og kransen vart boren like etter kista av born til Sira Eirikur, på vegen til siste kvilestad. Og i talen vart det nemnt at Eirikur J. Eiriksson var heiderslagsmann i Ungmannafelag Islands og i det norske Vestmannalaget.
Med professor Thorolf Rafto og Sira Eirikur J. Eiriksson hev Vestmannalaget mist tvo lagsmenn som hadde internasjonalt format. Me takkar for truskap og arbeidshug, og me signar minnet.
<u>Heiderslagsmenn:</u> Laget hev no 128 lagsfolk. Av dei er 5 heiderslagsmenn: Anna Bjørndal, Bergen, Conrad Clausen, Ask i Hordaland, Eigil Lehmann, Nesttun, Ludv. Jerdal, Bergen, og Gerhard Garatun-Tjeldstø, Natland i Fana. - Laget er med i Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Håkonshallens Venner, Bygdelagsnemndi i Bergen, og i Bergen sentrum Folkeakademi.

Bjørgvin 23. april 1987.

I Stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal. Ingerid Hirth.
Conrad Clausen.

25 til stades på årsmøtet.
Kjartan Rødland, Gunnar Gilberg og Sveinung Ones vart valde til varamenn til styret. Nils Haukås " mann " Kyrkjenemndi.
Bjarne Strand vert etterfylgjaren til Ivar Kleiva som sa upp i „Tuftekallen"
Joh. Henr. Bollmann vart vald til ettersynsmann etter Wilh. Haaland

## Vestmannalaget.

### Årsmelding 1987 - 88.

**Stjorni:** På årsmøtet den 23. april 1987, som vart halde i festsalen i Vestlandsbanken, vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni vart valde: Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart Kjartan Rødland, Gunnar Gilberg og Sveinung Ones. Stjorni skipa seg seinare med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** [illegible] i Bygdelagsnemndi: Nils Haukås, Ludv. Jerdal og Bodvar [illegible]. Varamenn: Finn Vabø, Kjartan Rødland og [illegible]. Det Norrøne [illegible]laget: Arne Holm, [illegible]. Varamenn: Leidulv [illegible] Conrad Clausen og Ludv. [illegible]. Bladstjorn for "Lyftekallen": [illegible] og [illegible]. Bjarne [illegible] Lehmann, Sveinung Ones, Leidulv [illegible] og [illegible] [illegible] "Vestmannen" [illegible] [illegible]. (Stjorni [illegible] [illegible] [illegible] [illegible] [illegible] til varamann). [illegible] [illegible] [illegible] [illegible] nr. 4 [illegible] [illegible], [illegible] [illegible] [illegible]

**[illegible] og S[illegible]:** [illegible] i [illegible], [illegible] [illegible]. Stjorni [illegible] [illegible] [illegible] og [illegible] Jonsen [illegible]. [illegible] i Fokus Bank. [illegible] [illegible] i [illegible] [illegible] april. [illegible] Direktør Arne Holm [illegible] [illegible] frå [illegible] og [illegible] [illegible] det eit [illegible] [illegible] [illegible] [illegible] Det var [illegible] [illegible] [illegible] [illegible] vart [illegible] [illegible] Jerdal. Spelemannslaget var [illegible] spela mange slåtter i kon-tradisjon.

Torsdag 17. september vart det halde ein minnekveld i Mariakyrkja for folketonesamlaren, komponisten og organisten Ludvig M. Lindeman. Det var 175 år sidan han vart fødd og 100 år sidan han gjekk burt. Fyrsteamanuensis og styrar av Arne Bjørndals Samling på Universitetet, Ingrid Gjertsen, tala um Ludvig M. Lindeman og livsverket hans med å samla religiøse folketonar, og med å skapa nye melodiar. Sokneprest Arnfinn Haram song salmar med Lindeman-tonar, og organist Dag Fluge spela koralar på orgelet. Det vart ei stemningsfull minnestund, som vart innleidd med eit nr. av "Lyftekallen", lese av Eigil Lehmann.

Torsdag 1. oktober var det eit minnemøte på Bryggens Museum for spelemannen Per Berge. Enkja etter Per Berge, Torghild Berge, son og soneson og andre i ætti var med på møtet, og Olav Berge og Ingjald Bolstad fortalde personlege minne um Per Berge. Formannen Ludv. Jerdal tala um Per Berge og Vossaspelet, og det vart spela upptak frå 100-årsgildet i Vestmannalaget der Per Berge var ein glup kjøkemeister.

Torsdag 5. november var møtet vigd Island og Færøyane. Formannen Ludv. Jerdal fortalde frå desse gamle norrøne landi, og fotograf Finn Tøllefsen synte gode ljosbilete frå ei sumarferd i 1987. Skalden Roy Patursson var tilstades på møtet, og han las på færøysk eit kvæde av Hans Andrias Djurhuus, skrive til Norrønastemna som Vestmannalaget skipa på Færøyar i 1911. Møtet var på Bryggens Museum.

Torsdag 10. desember var det jolemøte i Vestlandsbanken, som no hadde bytt namn til Fokus Bank. Direktør Arne Holm fortalde um ferder i Peru, og leidaren av utgravingsarbeidet på banktufti i Skostretet, Jochen Komber, fortalde um dei forvitnelege funn som vart gjort der. Til bæe fyredragi vart synt ljosbilete. Me var gjester hjå Fokus Bank til ei fin bordseta.

Torsdag 21. januar 1988 var det 120 år sidan Vestmannalaget vart skipa. Dagen vart høgtida med eit minnemøte på Bryggens Museum der mange

nbedne var med, millom deim var målsmenn frå Hordaland fylke og frå
mskipnader i Bergen og Hordaland. Det vart spela eit upptak frå 100-
sgildet i Håkonshalli i 1968, og professor Eirik Sundvor hadde trumba
d og spela mange av dei gamle tamburslåttane. Finn Vabø spela slåttar
hardingfela. Og alle dei frammøtte var gjester ved ei bordseta. Det var
mne helsingar frå Inger Indrebø Eidissen og Ivar Aasen-ringen i Oslo, og
å toneskalden Harald Sæverud. Bladet "Vestmannen" kom med eit fest-
ummer, med soga um Vestmannalaget, og 52 institusjonar og samskipnader
dde helsa Vestmannalaget, gjenom ei sams lysing i dette bladet. Fylkes-
dførar Ole Drandal takka for maten i ein tale der han ogso hylla
estmannalaget for stor kulturell innsats. Fylkesordføraren strika under
r viktig det er at me dyrkar målet og brukar det godt. Til formannen gav
n fylkesmerket, det skjoldet som vestmannen [illegible] hev teikna.
[illegible] 3. mars heldt dr. philos [illegible] eit [illegible] fyredrag um
[illegible] Hamsun - spenningar og [illegible]". Det var ein analyse av [illegible]
[illegible] Hamsun [illegible] og [illegible] for dei merkelege namn Hamsun valde på [illegible] av perso-
ner, og [illegible] sine. [illegible] er ein av dei [illegible]
me våre, og ein stilist som nådde [illegible]. - Sverre Hausberg, [illegible]
[illegible], Conrad Clausen og Ludv. Jerdal var med i ein [illegible]
[illegible]. [illegible] var på Bryggens Museum.

[illegible] Askevoll.

[illegible] stora [illegible] som [illegible] var med og [illegible] med folk frå [illegible]
[illegible], [illegible] og [illegible] juli, 1. og [illegible] august [illegible]
[illegible] likevel den store hendingi i dette arbeidsåret. [illegible]
[illegible] og [illegible] Sigurd Askevold i [illegible]
[illegible] til Anders [illegible], og [illegible] um [illegible].
[illegible] gjort eit stort [illegible], og hadde [illegible]
[illegible] frå dei tri [illegible], [illegible], Canada, USA, [illegible]
[illegible]. Vestmannalaget fekk [illegible] med, og [illegible] søkte um å
[illegible] Håkonshalli til ein festival. [illegible]
[illegible] og bar noko av kostnadene. [illegible]
[illegible] festlyden var på [illegible]. Det var tale av formannen Ludv. [illegible],
[illegible] Johan Askevold, Conrad Clausen og Sigurd Askevold, [illegible]
[illegible] (flygel) og av [illegible] Finn Vabø (hardingfela).
[illegible] var Sigurd Askevold, som fortalde [illegible]
byndtalaren var Sigurd Askevold, som fortalde forvitneleg [illegible]
en store målaren som kom frå Askvoll i Sunnfjord og var med i Vestmann-
laget alt ifrå skipingsåret.

Askevoldstemna byrja elles med opning av ei stor utstilling av Askevold-
kunst og kunstverk av den islendske målaren Louisa Matthiasdottir som no
bur i USA, og kunstverk av Jon Grov i Førde. Det var ei storfeld kunst-
utstilling, i Bryggens Museum, og utstillingi gjekk seinare på sumaren
til Førde og til Askvoll. Askevold-målarstykki var utlånte frå Rasmus
Meyers Samlinger, Bergens Billedgalleri og frå Riksgalleriet i Oslo.
Islands vicekonsul i Bergen, direktør Arne Holm og Vestlandsbanken Fjorde
hjelpte til å få denne utstillingi i stand, og Islands sendemann i Oslo,
Sigurdsson, heldt opningstalen. Dagen etterpå heldt den amerikanske
professoren Leland Bell, mannen til Louisa Matthiasdottir, eit spirituelt
fyredrag um franske ekspresjonistar.

Og sundag 2. august var det norsk-tysk messa i Mariakyrkja ved sokneprest
Tore Tangen i Maria og den tyske presten Rüdiger Haertwig. Presten
Haertwig dirigerte og eit songkor som han hadde samla millom stemne-
deltakarane.

Til denne Askevoldstemna kom bladet "Vestmannen" med eit stort Askevold-
nummer. Det var auka til det dobbelte, til 24 sidor. Sverre Hausberg hadde
skrive det meste i bladet, det var og artiklar av Sigurd Askevold og av
Ludv. Jerdal. Sverre Hausberg hadde teke på seg arbeidet med å sanka
lysingar til festnumret. Hausberg må og nemnast som idegjevar til dette
umframtbladet.

Fyredrag og talor: På møti og Askevoldstemna er det halde i alt 20
fyredrag eller talor. Desse hev halde: Arne Holm (3 fyredrag), Kjell
Thomsen, Oddmund Dale, Ludv. Jerdal (5 fyredrag), Ingrid [illegible], Olav
Berge, Ingjald Bolstad, Jochen Komber, Ole Drandal, Arild [illegible],
Sigurd Askevold, Johan Askevold, Conrad Clausen, ambassadør Sigurdsson
og professor Leland Bell.

**Eiga:** Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Gula Tidend, i Norsk Bokreidingslag og i Fokus Bank, det stjornar Henrik Krohns og Hustrus Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising og måldyrking. Grunneigedomen i Fana som høyrer til dette fondet kan verdsetjast til minst 600.000 kr. Henrik Krohn og Hustrus Legat hadde ved utgangen av 1987 obligasjonar til pålydande kr. 10.000, og innskot i Fokus Bank kr. 3103,35. Fokus Bank varveitlar midlane og fører rekneskapen. Kassastyraren i Vestmannalaget fører rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond. - Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) som laget hev fenge i gåva frå Bergen by heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen. Det målarstykket (portrettet) av Sigurd Wigdal som laget fekk i gåva i januar 1986 frå bokprentar Norvald Melvær heng no i heimen til lagsmannen Eigil Lehmann. Målarstykket er laga av Sigurd Melvær, far til Norvald Melvær. Det var ferdig til Sigurd Wigdals 80-årsdag og syner ein rak 80-åring. Dei fleste bøkene som Vestmannalaget eig er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen, same staden som Norsk Bokreidingslag hev sitt boklager. Men det hev ikkje lukkast å finna fast lagringsplass for upplaget av "Vestmannen". Me tek med takk imot gode ideer. Nokre gåvesting, serleg dei som kom til 100-årshøgtidi, er lagra hjå formannen. Hjå han heng og tvo målarstykke, som er gåvor frå Frida Rusti.

**Utetlingar:** Laget hev teke imot 2000 kr. i tiletling frå Halldor O. Opedals fond, 1500 kr. frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget, og 1500 kr. frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond.

**Bøker:** Ei storhending var det at Færøysk-norsk Ordbok av Eigil Lehmann vart ferdig og kunde sendast ut på vårparten 1987. Det er eit gjævt verk med yver 50.000 ord, og det fyrste store ordbokverket som jamfører færøymålet med klassisk norskt mål. Vestmannalaget ytte tilskot til bokverket frå Fritz Monrad Walles fond. Frå same fondet vart det og ytt til Askevoldstemna i Håkonshalli, og likeeins til det sjeldsynt fine bokverket av Anders O. Klakegg, "Astrup, Hinck - og Holster", som Norsk Bokreidingslag gav til jol 1987.

**"Vestmannen"**, Bladet "Vestmannen" er no inne i ... årgangen. Det kom med 10 nummer i 1987, av dei eit dubbeltnummer på ... sidor som vart gjeve ut til Askevoldstemna og som vart selt på stemna og ... i Askvoll. Bladstyraren Jostein Krokvik hev skapa eit kvalitetsblad, og han hev mange gode medarbeidarar. Sidetalet vart frå 1. januar i fjor auka frå 8 til 12 sidor, og bladpengane til 100 kr. året. Helge Liland er forretningsførar og Alf ... Lygre er lysingssankar. Bladet er vorte godt motteke, og mange av tingarane sender gåvor, i tillegg til bladpengane. Vestmannalaget er utgjevar. Det må og nemnast i denne samanhangen at laget hev det eldste handskrivne (eller no maskinskrivne) bladet i landet: "Tuftekallen" fyller i år sine 80 år, og hev kome trufast på kvart møte.

**Helsingar:** Til 90-årsdagen til Anna Bjørndal sende laget blomehelsing, saman med Spelemannslaget "Fjellbekken", og på 25-årshøgtidi for Vestlandske Teaterlag ~~xxx~~ 5. desember 1987 bar formannen fram bokverket "Vestmannalaget i 110 år", saman med ei helsing frå Vestmannalaget. På 85-årsdagen til Conrad Clausen 11. november 1987 bar formannen fram eit bokverk "Norges Konger". Saman med Vestmannalaget um den gåva var Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Norsk Bokreidingslag.

**Heiderslagsmenn:** Talet på lagsfolk hev auka noko. Det er no 132. Av dei er 5 heiderslagsmenn: Anna Bjørndal, Bergen, Conrad Clausen, Ask i Hordaland, Eigil Lehmann, Nesttun, Ludv. Jerdal, Bergen, og Gerhard Garatun-Tjeldstø, Natland i Fana. - Laget er med i Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Håkonshallens Venner, Bygdelagsnemndi i Bergen, og i Bergen sentrum Folkeakademi. Bjørgvin 24. mars 1988.

I Stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal Ingerid Hertle
Conrad Clausen Kristian ... Arne Holm

# V e s t m a n n a l a g e t .

## Årsmelding 1988 - 89.

**Stjorni:** På årsmøtet den 24. mars 1988 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ivar Gjelsvik, Ingerd Hirth og Arne Holm. Varamenn vart:Kjartan Rødland, Gunnar Gilberg og Sveinung Ones. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

**Målsmenn:** Rådet i Bygdelagsnemndi: Bodvar Barsnes, Ludv. Jerdal og Finn Vabø. Varamenn: Brynhild Horvei, Kjartan Rødland og Ingeborg Gilberg. Det Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Conrad Clausen, Ludv. Jerdal. Varamenn: Leidulv Hundvin og Olava Henrichsen. Kyrkjenemndi: Ellen Vabø. Varamann: Ingeborg Gilberg. Bladstjorn for "Tuftekallen": Eigil Lehmann, Bjarne Strand, Leidulv Hundvin og Sveinung Ones. Ettersynsmenn for rekneskapane: Leidulv Hundvin og Bodvar Barsnes. For "Vestmann"-rekneskapen: Leiv Flesland. Fanevakter: Olav Fjæra og Jon Askeland.

**Møte og samkomor:** Siden fyrre årsmøtet hev laget halde 9 møte, dei
fleste på Bryggens Museum (Restaurant "Ullskoen"). Eitt møte var ei
utestemna på Ålreksstad, eitt møte var i festsalen i Fokus Bank, og
eitt var i Gimle. Stjorni hev halde 4 møte, alle i Fokus Bank.
På årsmøtet ~~xxxxxx~~ torsdag 24. mars var det attåt årsmøtesakene fyre-
drag av professor Oddvar Nes um "Tri store ordbokskrivarar frå Bergen".
Det var John Brynildsen, og prestane Johan Fritzner og Eigil Lehmann
og deira ordbokverk som vart skildra, og møtet vart ei hylling til
Eigil Lehmann i samband med at Færøysk-Norsk Ordbok er komi i hamn.
Torsdag 21. april var møtet hjå lagsmannen sivilingeniør Bjarne Instanes
i Storetveitvegen 96 på Minde. Bjarne Instanes fortalde um arbeidet i
eit rådgjevande ingeniørfirma, og synte ljosbilete av vegar, bygg og
bruer, og av arbeid på Svalbard og mange andre stader. Spelemenn frå
"Fjellbekken" var med og spela slåttar på hardingfela, og Instanes
gav ei middagsbordstea for heile lyden.
Sundag 8. mai var stemna i hagen på Årstad skule, Årstadgjeilen 25.
Varaformannen Conrad Clausen tala um Ålreksstad kongsgard i gamal
stordomstid, professor Eirik Sundvor kom med gamle tambursláttar på
trumba, og Finn Vabø spela slåttar og "Budeigjone på Vikafjell" på
hardingfela. Det var ein fin solskinsdag, og stemnelyden vedtok ei
fråsegn imot å øydeleggja miljøet Ålreksstad- og Fløen-umrådet med den
påemna vegtunnelen gjenom Ålreken, og å setja i stand minnet um
Ålreksstad konsgard etter den planen som professor Haakon Shetelig la
fram (um ein minnepark) i 1927. Bergen historiske Forening var med på
fråsegni, som gjekk til Bergen formannskap, Hordaland fylke, Universitetet
i Bergen, Kyrkje- og Undervisningsdepartementet og til Miljøvern-
departementet, og med kopi til Riksantikvaren. Laget hadde bede inn
Bergen formannskap til stemna, men ingen derifrå møtte. Men i formann-
skapet vart det litt etterpå fleirtal for å få tunnelprosjektet betre
utgreidd, so det vonleg ikkje kjem med på den Norsk Vegplan som skal
gå fram til 1993. Etter denne stemna, som samla kring 80 menneske,
fylgde fleire folkemøte i Fløen-umrådet. Då var Conrad Clausen, Ludv.
Jerdal og lækjar Jørund Straand talarar. *Bygdefolk fører arbeidet vidare.*
Måndag 19. september var det møte i Gimle. Då hadde me vitjing av den
kjende danske høgskulemannen og forfattaren Finn Slumstrup som tala
um forfattaren Jørgen Bukdahl og "Det skjulte Norge". Slumstrup var
då ferdig med ei forvitneleg bok um Bukdahl som vart utgjevi på
Gyldendal Forlag i København. Ved opningi av møtet sa formannen minne-
ord um fru Magnhild Ødvin Bukdahl, Stavangergjenta som førde Jørgen
Bukdahl til møtes med norsk dikting og norsk kultur på breidt grunnlag.

Torsdag 20. oktober var det eit minnemøte for geologen professor Sjur Sexe frå Ullensvang. Det var 100 år sidan Sexe gjekk burt, og sokneprest Eigil Lehmann fortalde um den gåverike hardingen og synte til viktige uppdagingar han gjorde. Dertil var Sjur Sexe skald, han var ~~Shakespeare-~~ HOMER umsetjar, og han hev skrive forvitnelege ting, både på det som var vanleg bokmål i hans tid, og på bygdemål ifrå Sørfjorden i Hardanger.

På møtet torsdag 17. november på Bryggens Museum vart det nye store bokverket av sokneprest Eigil Lehmann, "Norsk-gresk ordbok for det Nye Testamentet", lagd fram av fyrstelektor Tormod Eide, som hadde sterke lovord til Lehmann for dette verket. Og Lehmann fortalde um bakgrunnen for arbeidet. Noko av den bakgrunnen var å "sementera" Seippel- og Indrebø-bibelen og det norske målet der. Det er eit verkeleg nynorsk riksspråk, eit riksspråk som er tynt i den siste nynorsk-bibelen. I den Bibelen er det gjort herverk imot norskt mål, sa Lehmann.

Torsdag 15. desember var det jolemøte i Fokus Bank. Stjornarmannen adm. direktør Arne Holm var vert og ynskja velkomen i den nye 9. høgdi i bankbygget. Biskop dr. Per Lønning tala um "Liberal" eller "gamaltruande" - merkelappar i Kyrkja". Det var bordseta, talar ved bordet, og bladet "Tuftekallen". Conrad Clausen takka for maten.

Torsdag 19. januar 1989 hadde me eit Vossaprogram på Bryggens Museum. Tvo kjende Vossakunstnarar, ordførar Peder Vangsnes og bonde Eirik Røthe, fortalde um Vossabygdi og vessene og gav prøvor på den servorne Vossa-humoren.

Torsdag 23. februar var det eit Orknøyar-program på Bryggens Museum. Arkivar og forfattar Christopher Harris fortalde gamalt og nytt frå Orknøyane, og synte gode ljosbilete. Og lektor, forfattar Nils Kvilekval tala um den store Orknøydiktaren George Mackai Brown, og las mange dikt som Kvilekval hev umsett til norsk.

Bladet "Tuftekallen" hev kome på alle samkomone, og stykke frå dette bladet kjem no i bladet "Vestmannen".

<u>Fyredrag og talor:</u> På møti er det halde i alt 12 fyredrag eller talor. Desse hev tala: Professor Oddvar Nes, sivilingeniør Bjarne Instanes, forfattar og redaktør Conrad Clausen, forfattaren Finn Slumstrup, sokneprest Eigil Lehmann (2 fyredrag), fyrstelektor Tormod Eide, biskop dr. Per Lønning, ordførar Peder Vangsnes, bonde Eirik Røthe, arkivar og forfattar Christopher Harris, forfattar, lektor Nils Kvilekval.

<u>Eiga:</u> Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Norsk Bokreidingslag og i Fokus Bank, det stjornar Henrik Krohns og Hustrus Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising og måldyrking. Grunneigedomen i Fana som høyrer til dette fondet kan verdsetjast til minst 600.000 kr. Henrik Krohn og Hustrus Legat hadde ved utgangen av 1988 obligasjonar for kr. 13.000,- og på bankbok kr. 2,360,23. Fokus Bank varveitlar midlane og fører rekneskapen. Kassastyraren i Vestmannalaget fører rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond. Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) heng i Grillstova på Hotell Hordaheimen. Eit målarstykke av Sigurd Wigdal heng hjå Eigil Lehmann, og nokre andre målarstykke, bøker og gåveting er lagra hjå formannen. Dei fleste bøkene som laget eig er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen, same staden som Norsk Bokreidingslag hev sitt lager. "Vestmannen" er fyrebils lagra hjå formannen og hjå Sigurd Olsen Boktrtkkeri A/S.

<u>Utetlingar og ytingar.</u> Laget hev teke imot eit tilskot frå Bergen kommune (gjenom Bygdelagsnemndi) på kr. 1700,-, ei utetling frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen på kr. 1667,-, eit tilskot frå Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking på kr. 2000,- (for 2 år), og kr. 4000,- frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond. Til bladet "Vestmannen" fekk me kr. 10.000,- i tilskot frå Halldor O. Opedals fond og kr. 1000,- frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond.

Frå Fritz Monrad Walles fond er ytt 15000 kr. til Norsk Bokreidingslag til utgjeving av Eigil Lehmanns "Norsk-gresk ordbok for Det Nye Testamentet", 3000 kr. til Ørsta Mållag til ny utgåva av Henrik Straumsheims diktbok "Ro stilt langsmed landet", og til Norsk Bokreidingslag 15.000 kr. til nyutgjeving av Ragnvald Vaages roman "Paa botnen", i samband med 100-årsminnet for Vaage. Frå Walles fond hev Norrønalaget Bragr fenge eit tilskot på 2000 kr. til den nye Bragr-boki Schiller: "Songen um Klokka" der

vestmennene Edv. G. Johannesen, Olav Hammer, Olav Gullvåg og Eigil Lehmann er millom umsetjarane.

**Heidring:** Formannen bar fram helsing på 100-årsdagen til Bergens Forsvarsforening i Håkonshallen, og hadde med boki "Vestmannalaget i 110 år". Han hev havt ei rådleggjing med språklæraren og litteraten Sigurd Askevold frå Canada um ei bok um målaren Anders Monsen Askevold som no er ferdig i manuskript. På årsmøtet i 1988 bar varaformannen Conrad Clausen fram blomar til formannen som hadde ein "rund" dag like etterpå. Det er bore fram gåvor og helsing til vyrde lagsmenn som hev havt "runde" årmålsdagar: Til Ivar Kleiva på 85-årsdagen, til Olav Lavik på 70-årsdagen, til Kjartan Rødland på 50-årsdagen, og til Ivar Gjelsvik på 60-årsdagen.

Laget hev i mange år vyrdsla um gravi til bladstyrar Johs. Lavik på Møllendal kyrkjegard. No stod gravi i fåre for å verta utsletta, og laget hev etter søknad til Kyrkjeseksjonen i Bergen fenge gravi og den sermerkte steinkrossen freda.

(**Bladet "Vestmannen")** Laget er med i Bygdelagsnemndi i Bergen, i Håkonshallens Venner, og i Ivar Aasen-sambandet gjenom Vestlandske Mållag. Det gjev ut "Vestmannen" som kom med 10 nr. i 1988 og vert godt motteke. Bladstyrar Jostein Krokvik gjer eit framifrå godt arbeid og skaper eit levande og fargerikt blad, og han hev mange gode medarbeidarar. Helge Liland er forretningsførar. Nokon ny lysingssankar hev bladet ikkje fenge etter at Alf N. Lygre fall ifrå. På lagsmøtet 15. desember 1988 vart etter framlegg frå stjorni vedtekne fyresegner for bladet.

Vedtaket lyder:

"Møte i Vestmannalaget 15. desember 1988 godkjenner utkast til fyresegner for bladet "Vestmannen", slik dei er rita upp i vedlegg til denne saki.

§ 1 – NAMN.

Namnet på bladet skal vera "VESTMANNEN".

§ 2 – FYREMÅL.

Fyremålet for bladet er å reisa og odla norskt mål og gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil, skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Bladet skal og arbeida for å fremja norrøn og norsk kultur, gjera kjent og verna um grunnsynet soleis som det er utforma i lover og fyresegner for Vestmannalaget ("Vestmannasynet").

§ 3 – STJORN.

Stjorni i Vestmannalaget er stjorn for bladet "Vestmannen". Bladstyraren og forretningsføraren hev møte- og talerett i bladstjorni.

§ 4 – BLADSTYRAR.

Stjorni i Vestmannalaget tilset bladstyrar og forretningsførar. Bladstyraren skal i alt sitt arbeid verna um og fremja fyremål og grunnsyn for bladet, og elles ha rettar og plikter i samsvar med "Redaktørplakaten".

§ 5 – EIGNALUTER.

"Vestmannen" er utgjeve av Vestmannalaget; men bladet ber sjølv andsvaret for eignaluter og skuld. Dersom bladstjorni skulde finna det uråd å gjeva ut bladet vidare, skal eignalutene gå yver til Vestmannalaget. Um Vestmannalaget skulde verta uppløyst og bladstjorni ikkje ser seg råd med å gjeva ut bladet lenger, skal eignalutene gå yver til Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking.

§ 6 – BRIGDE I FYRESEGNENE.

Fyresegnene er fastsette etter vedtak i Vestmannalaget 15. desember 1988. Dei kan brigdast berre med tvo tridjedels fleirtal av dei frammøtte på vanleg årsmøte i Vestmannalaget".

– – –

Heiderslagsmenn. Laget hev no 125 lagsfolk. Av dei er 5 heiderslagsmenn: Anna Bjørndal, Bergen, Conrad Clausen, Ask i Hordaland, Eigil Lehmann, Nesttun, Ludv. Jerdal, Bergen, og Gerh. Garatun-Tjeldstø, Natland i Fana.

Bjørgvin 28. mars 1989.

I Stjorni for Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal. Ingerd Hirth. Conrad Clausen [illegible]

Arne Holm

Til Bergen bystyre.

Ad framlegget om tunnel gjenom Ulrikken.

Saksdetalj om sjølve inntaket.

I samband med den aktuelle planen om ein framtidig tunnel gjenom Ulrikken, vil Vestmannalaget få minna det vyrde bystyret om at det påtenkte INNTAKET i si noverande form vil rasera Bergens historiske opphav: kongsgarden Ålrekstad.

Det var som kjent frå Ålrekstad Olav Kyrre "sette kaupstad i Bjørgvin". Frå det kongelege administrasjonssenteret på Ålrekstad kom tiltaket om det storfelde utbyggingsprogrammet på Holmen - i sin epoke det største i vårt land - med det geistlege grunnlaget i Den store Kristkyrkja, Vestlandskatedralen i 400 år.

Det er ein historisk kjensgjerning at Harald Hårfagre såg Ålrekstad som sin fornemste residens då han hadde samla alt landet til eitt rike. Før Haralds tid hadde Ålrekstad 500 års kongeleg historie bak seg. Jamsides det politiske maktveldet hadde Ålrekstad ei høg stjerne blant dei kreative kunstnarane millom Edda-skaldane i vår fyrste litterære gullalder. Vår eldste namnkjende diktar, Brage, Hadde sitt publikum på Ålrekstad. Og frå Ålrekstad for to kongssøner til Island med norsk historie og norske skaldekvad.

Tidleg på 1100-talet bygde kong Eystein ny kongsgard på Holmen, men Ålrekstad var framleis kongens private eigedom. Og då Håkon Håkonsson administrerte heile det store Noregsveldet, tok han imot utanlandske sendemenn på Ålrekstad.

Då kong Magnus Lagabøtar i 1277 testamenterte Ålrekstad til Nonnesæter kloster, var det i tillit og truskap at Noregs eldste kongsgard i all framtid skulde haldast ved like i akt og i ære.

Men dette vart dessverre ikkje gjort i dei lange låke tidene etter reformasjonen - og heller ikkje etter at Bergen kommune vart ansvarleg eigar av Årstad.

Professor Haakon Shetelig la fram ein plan for ein verdig sogepark på Ålrekstad. Bystyret bør no få den realisert.

Men gjer bystyret no vedtak om å rasera Ålrekstad, så er kongeriket Noreg det einaste blant alle Europas frie statar som med vitande vilje slettar ut av sitt eige kart ein unik historisk heilagdom.

# Vestmannalaget.

## Årsmelding 1989 - 90.

Stjorni: På årsmøtet 30. mars 1989 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart valde Conrad Clausen, Ingerd Hirth, Arne Holm og Sveinung Ones. Varamenn vart Kjartan Rødland, Gunnar Gilberg og Ivar Gjelsvik. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivar og kassastyrar.

Målsmenn: Rådet i Bygdelagsnemndi: Bodvar Barsnes, Ludv. Jerdal og Finn Vabø. Varamenn: Brynhild Horvei, Kjartan Rødland og Ingebjørg Gilberg. Det Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Conrad Clausen og Ludv. Jerdal. Varamenn: Leidulv Hundvin og Olava Henrichsen. Kyrkjenemndi: Ellen Vabø, varamann Ingebjørg Gilberg. Bladstjorn for "Tuftekallen": Eigil Lehmann, Bjarne Strand, Leidulv Hundvin og Sveinung Ones. Ettersynsmenn for rekneskapane: Leidulv Hundvin og Bodvar Barsnes, for "Vestmannen"-rekneskapen: Leiv Flesland. - Fanevakter: Olav Fjæra og Jon Askeland.

Møte og saksomor: Sidan fyrre årsmøtet hev laget halde 9 møte, dei fleste på Bryggens Museum (Restaurant "Gullskoen"). Eitt møte var på Os Gymnas, eitt i Bergens Billedgalleri, og eitt i festsalen i Fokus Bank. Stjorni hev halde 4 møte, alle i Fokus Bank.
Torsdag 30. mars vart årsmøtet halde, med vanlege årsmøtesaker.
Torsdag 11. mai var laget på utferd til Os Gymnas der rektor Henning Henriksen og hans folk tok godt imot oss. Ordførar Ole Haakon Lunde gav ei skildring av Osbygdi i gamal og ny tid og kom inn på dagsaktuelle uppgåvor. Rektor Henning Henriksen fortalde frå den 20-årige soga til Os Gymnas, og forfattaren Conrad Clausen skildra den ideriks Olaf Hanssen som kom ifrå Hegglandsdalen i Os og vart ein vegbrøytar og eit samlingsmerke for so mange ideelle saker. Fyre møtet hadde lyden samla seg i hagen til museet, der Ståle Kyllingstads monument yver Olaf Hanssen hev fenge ein vyrdeleg plass.
Torsdag 28. september heldt politimeister Oskar Hordnes eit historisk fyredrag um Bergen Politikammer, med forvitneleg attersyn yver farne hundradår. På dette møtet tala elles formannen Ludv. Jerdal um redaktør Einar Breidsvoll, øysterdølen som vart fødd i Chikago for 100 år sidan og som vart ein av dei fremste i den norske målfylkingen. Han styrde i mange år Den 17de Mai, og seinare bladet Noreg.
Torsdag 19. oktober var møtet lagd til Bergen Billedgalleri, Stenersens Samling. Der såg me på dei fine kunstskattane, og professor dr. Arild Haaland og lagdomar Wilh. Haaland fortalde um då Rolf Stenersen gav den store kunstsamlingi til Bergen by, og um Bergens Sparebank som reiste nybygget for Stenersens Samling. Kaare Meland som var banksjef i Bergens Sparebank på den tid, var innbeden til møtet.
Torsdag 16. november vart det halde eit minnemøte for professor dr. philos. Gustav Indrebø, 100 år etter at han vart fødd. Lærar Inger Indrebø Eidissen fortalde um far sin i ei samrøda med formannen Ludv. Jerdal. Det vart personlege skildringar, og den tidlegare formannen i Vestmannalaget kom oss so nær. Frå Jølsterbygdi som Indrebø rekna for "si" bygd og der minnesmerket hans er reist, helsa forfattaren Anders O.Klakegg med ein hjarteleg tale. Det vart og lese ei helsing til møtet frå Firda Mållag, skrivi av formannen Einar Gautefall. Boki "På norsk grunn" med artiklar av Indrebø og ein fullstendig bibliografi yver kjende Indrebø-arbeid var komi frå Norsk Bokreidingslag til dette møtet. Og dertil vart nye bøker frå Eides Forlag A/S. og Norsk Bokreidingslag lagde fram til orientering. Millom debutantane hjå Norsk Bokreidingslag var vestmannen Gunnar Gilberg med diktsamlingi "Sjå attum". Fylkeskonservator Nils Georg Brekke fortalde um det påemna bokverket um dei gamle postvegane.

Og lagsmenn bar fram personlege minne um måldyrkaren Gustav
Indrebø. Tvo dagar etter, laurdag 18. november, vart Indrebø-
minnet høgtida på det sams årsmøtet i Vestlandske Mållag og Ivar
Aasen-sambandet. Talar på det møtet var fyrsteamanuensis dr.
philos. Jarle Bondevik. Inger Indrebø Eidissen var med på
det møtet og. Attåt desse minnemøti i Bergen var det høgtider i
Oslo, tilskipa av Norsk Målungdom, Oslo mållag og Studentmållaget,
og i Trondheim der Norsk Målungdom og Studentmållaget stod fyre.
Torsdag 14. desember var det jolemøte i festsalen i Fokus Bank
der direktør Arne Holm ynskte velkomen ein stor møtelyd. Den
nyvalde universitetsrektoren, professor dr. Ole Didrik Lærum,
tala um bygdekunstnarar på Vestlandet. I midpunktet for fyredraget
stod vossakunstnaren Magnus Dagestad som Lærum hev skrive ei
forvitneleg bok um. Lærum hadde ei mengd gode ljosbilete med. Ved
den festlege bordseta kom det mange spursmål til Lærum, og til
slutt takka varaformannen Conrad Clausen i skjemtande ordelag for
maten.
Torsdag 18. januar 1990 var det eit Lerheim-program. Magne Lerheim
hadde nyleg fylt 60 år og takka av frå Universitetsdirektør-
uppgåva på Universitetet i Bergen. No fortalde han i samtale med
organisasjonsdirektør Kjartan Rødland um eit aktivt liv innan
kulturarbeid, organisasjonsliv og politisk verksemd.
Torsdag 8. februar hadde laget bede tri lyrikarar fortelja um
diktekunst og lesa eigne og umsette dikt. Trikløveret var Eigil
Lehmann, Kolbjørn Fjellanger og Gunnar Gilberg, og kvelden vart
eit rikt møte med skaldskap og måldyrking.
Torsdag 15. mars nevrokirurg Haldor Slettebø um heile og heile-
forsking. Han synte ljosbilete til, og fekk mange spursmål etter
fyredraget. Elles fortalde Jon Askeland um verksemdi til Norsk
Bokreidingslag.
__Fyredrag og talor:__ På møti er det halde i alt 20 fyredrag eller
talor. Desse hev tala: Ordførar Ole Haakon Lunde, rektor Henning
Henriksen, forfattaren Conrad Clausen (2 fyredrag), politimeister
Oskar Hordnes, professor dr. philos. Arild Haaland, lagdomar
Wilh. Haaland, lærar Inger Indrebø Eidissen, formannen Ludv. Jerdal
(2 fyredrag), forfattaren Anders O. Klakegg, fylkeskonservator
Nils Georg Brekke, universitetsrektor Ole Didrik Lærum, universi-
tetsdirektør Magne Lerheim, organisasjonsdirektør Kjartan Rødland,
lyrikarane Eigil Lehmann, Kolbjørn Fjellanger og Gunnar Gilberg,
nevrokirurg Haldor Slettebø og universitetslektor Jon Askeland.
Spelemannen Finn Vabø hev vore spelemann på eit møte. Bladet
"Tuftekallen" er eit kjærkome innslag i møteprogrammi, og mykje av
det som denne "kallen" ber fram vert seinare prenta i "Vestmannen".
__Eiga:__ Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Norsk Bokreidings-
lag og i Fokus Bank, det stjornar Henrik Krohns og Hustrus Legat
og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising og måldyrking.
Grunneigedomen i Fana som høyrer til Walles fond kan verdsetjast
600.000 kr. Kassastyraren i Vestmannalaget fører rekneskapen for
fondet, Fokus Bank varveitlar midlane til Krohn-legatet. Målar-
stykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen (av Nils Bergslien)
heng i Hordastova på Hotell Hordaheimen. Eit målarstykke av Sigurd
Wigdal heng hjå Eigil Lehmann, og nokre andre målarstykke, bøker
og gåveting er lagra hjå formannen. Dei fleste bøkene som laget
eig er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen, same staden som
Norsk Bokreidingslag hev sitt lager. Upplag av "Vestmannen" er
fyrebils lagra hjå formannen og hjå Sigurd Olsen Boktrykkeri A/S.
__Gåvor og ytingar.__ Laget hev teke imot ei tiletling frå Dr. Kari
Øpstads Nynorskfond på 5000 kr., og dertil 1500 kr. til bladet
"Vestmannen". Frå Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen er
kome 1667 kr., frå Halldor O. Opedals fond for målreising og mål-
dyrking 4000 kr. (for 1988 og 1989). Vestmannalaget hev styrkt
Henrik Krohns og Hustrus Legat med 10.000 kr. i tilskot. Til
Vestlandske Folkekunstlag er det frå Fritz Monrad Walles fond ytt

eit tilskot på 4038 kr. til ei stor utstilling av folkekunst som dette laget skipa i salane på Bryggens Museum. Det er arbeidt noko med å få heimelen til Fritz Monrad Walles fond (gardsnr. 17) på Nygård i Fana) i orden. Tingingar med Byskrivaren i Bergen førde fram.
Til Norsk Bokreidingslag er det til boki "På norsk grunn" som kom til Indrebø-høgtidi i november 1989 ytt 18000 kr. frå Fritz Monrad Walles fond og 2000 kr. frå Henrik Krohns og Hustrus Legat. Til Idrottslaget Gular er frå Walles fond gjeve eit tilskot på 500 kr. til umframtkostnad med skiping av NM i Bergen. Frå Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hev laget fenge 5000 kr. i tilskot til bladet "Vestmannen". Frå tingarane er komne mange gåvor til bladet, noko rekneskapen vil syna.
<u>Heidringar:</u> Tri lagsmenn i Vestmannalaget, Eigil Lehmann, Jostein Krokvik og Ludv. Jerdal, er i år heidra med "honnørprisen" frå Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Den prisen kan etter fyresegnene for fondet etlast til personar som brukar nynorskt mål i si beste form og som er med til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval. Saman med dei hine lagi i Bygdelagsnemndi i Bergen var laget med på ei gåva til Bondeungdomslaget i Bergen til 80-årshøgtidi og ei gåva til Bygdelagsnemndi til 50-års-høgtidi. Til Bygdelagsnemndi vart dessutan ytt ei gåva på 1500 kr. Formannen Ludv. Jerdal skreiv 50-årssoga til Bygdelagsnemndi og han var millom talarane på 50-årsgildet på Hotel Norge 4. oktober 1989 der han gav glyttar attende frå skipingi og framvoksteren åt dette samarbeidsorganet for norskdomslagi. På 90-årshøgtidi til Bondeungdomslaget Ervingen bar formannen fram ei bokgåva frå "moderlaget" Vestmannalaget. Det er sendt blomar til varaformannen Conrad Clausen, og saman med Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet vart det bore fram ei blomekorg til Trine Reknes på 85-årsdagen hennar. Det er gjeve ei bokgåva til universitetsdirektør Magne Lerheim i samband med 60-årsdagen. Til lagsmannen generalmajor Ola Litleskare vart sendt ei bokgåva til 65-årsdagen.
Formannen i Vestmannalaget var innbeden til det festmøtet som Det Norske Samlaget heldt på Magnus Dagestad-museet på Voss 2. oktober 1989 då universitetsrektor Ole Didrik Lærums bok um Dagestad og vestnorsk folkekunst vart lagd fram. Og formann og varaformann i Vestmannalaget var innbedne av Islands konsul Arne Holm til ein storfeld Islandskveld i Fokus Bank 10. oktober der sendiherra Haraldur Krøyer og fruva var med, og det var program for alle norderlendske tjodar. Og attåt programmet islendsk hangikjøt og andre godsaker.
<u>Bladet "Vestmannen":</u> Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom Vestlandske Mållag, i Bygdelagsnemndi i Bergen, i Håkonshallens Venner, og gjenom Hordaland Folkeopplysningsråd med i Bergen sentrum folkeakademi.) Det er utgjevar av "Vestmannen" som kom med 10 nr. i 1989 og er vel umtykt. Serskilt er det grunn til å takka bladstyrar Jostein Krokvik for god styring.
<u>Ymist:</u> Etter utetlingi av "målprisar" frå Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking sende stjorni ein protest til fondsstyret mot at Per Håland var ein av prisvinnarane. I skrivet vart det vist til at han førde Gula Tidend yver til a-mål og ny rettskriving og at han var med i aksjonane i 1960-åri for å uppløysa dei lagi som held på klassisk Aasen-mål, millom deim i fyrste rekkja Vestmannalaget og Vestlandske Mållag.
<u>Heiderslagsmenn.</u> Laget hev no 128 lagsfolk. Av dei er 5 heiderslagsmenn: Anna Bjørndal, Bergen, Conrad Clausen, Ask, Eigil Lehmann, Skjoldtun, Ludv. Jerdal, Bergen og Gerh. Garatun-Tjeldstø, Natland.

Bjørgvin 19.4. 1990. Stjorni i Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal

# V e s t m a n n a l a g e t .

## Årsmelding 1990 - 91.

<u>Stjorni:</u> På årsmøtet 19. april 1990 vart Ludv. Jerdal attvald til formann, og i stjorni elles vart vald Conrad Clausen, Ingerd Hirth, Arne Holm og Sveinung Onès. Varamenn vart Leidulv Hundvin, Gunnar Gilberg og Ivar Gjelsvik. Stjorni skipa seg med Conrad Clausen til varaformann, og Ingerd Hirth til skrivsr og kassastyrar.- Conrad Clausen døydde i mai, og 1. varamann, Leidulv Hundvin, vart fast mann i stjorni. Han vart vald til ny varaformann.

<u>Målsmenn:</u> Rådet i Bygdelagsnemndi i Bergen: Ludv. Jerdal, Finn Vabø og Brynhild Horvei. Varamenn: Ingebjørg Gilberg, Ellen Vabø og Jenny Evjenth. Det Norrøne Grønlandslaget: Arne Holm, Conrad Clausen og Ludv. Jerdal. Varamenn: Leidulv Hundvin og Olava Henrichsen. Kyrkjenemndi i Bergen: Ellen Vabø, varamann Ingebjørg Gilberg. Bladstjorn for "Tuftekallen": Eigil Lehmann, Bjarne Strand, Leidulv Hundvin og Sveinung Ones. Ettersynsmenn for rekneskapane: Bjørn Evjenth og Bodvar Barsnes, varamann Torolv Hustad, for "Vestmannen"-rekneskapen: Leiv Flesland. Fanevakter: Olav Fjøra, Ingi Toftatun og Jon Askeland.

<u>Møte og samkomor:</u> Sidan årsmøtet i 1990 hev laget halde 8 samkomor, dei fleste på Bryggens Museum (Restaurant "Fullskoen"), som er ein sers hyggjeleg møtestad. Eitt møte var i Festsalen i Fokus Bank der me var gjester hjå banken, og ei av samkomone var ei messa i Fantoft stavkyrkja i Fana,- ei onnor var ein Grundtvigkveld i Johanneskyrkja i Bergen.
Stjorni hev halde 4 møte, alle i Fokus Bank.
Torsdag 19. april vart årsmøtet halde. Attåt dei vanlege årsmøtesakene vår det eit forvitneleg fyredrag av 92-åringen, skulemannen Gustav [illegible]ntveid. Han tala med eld og glod um redaktøren og forfattaren Olav [illegible]llvig
Sundag 20. mai skipa laget ei messe i Fantoft stavkyrkja. Lagsmannen vår, prost Alv Askeland, heldt messe. Gamleliturgien vart nytta, og organist Sigmund Skage sat ved orgelet. Formannen Ludv. Jerdal var klokkar og las inngangsbøn og utgangsbøn. Veret var solfyllt og kyrkja var stappfull. Mange stog i gangane og utanfyre kyrkja. Spelemannslaget "Fjellbekken" var med og spela. Inne i kyrkja spela Oddmund Dale og Finn Vabø, og på haugen utanfyre kyrkja spela eit samla spelemannslag, etter messa. På kyrkjebakken las politimeister Oskar Nordnes offentlege kunngjeringar. Han var i gamal uniform, frå 1793. Norsk Telegrambyrå hadde sendt journalist og fotograf som melde til bladi um denne messa, ei messa som og vart ei sterk påminning um kor rik ein skatt me hadde i den gamle kyrkjeliturgien og det klassiske Aasen-målet.
Torsdag 20. september skipa laget eit minnemøte på Bryggens Museum for dr. Kari Øpstad, 100 år etter at ho vart fødd. Mange frå Fusa og Samnanger var med på dette møtet, og det var talor av varaordførar Anders Holmefjord i Fusa, varaordførar Nils Gåsdal i Samnanger, elverksjef Sverre Sjursen, organist Lars Holdhus, Liv Grytøyr og av formannen Ludv. Jerdal. Fusa-kunstnaren Oddvar Storli synte ljósbilete av teikningar han hadde laga av dr. Øpstad, av heimen hennar og av andre stader i Fusa. Varaordførar Anders Holmefjord hadde med ein litografi laga av Oddvar Storli, det var ei gåva frå Fusa herad til Inga Storli, -den dugande kontorsysteri til dr. Øpstad. Og til formannen i Vestmannalaget bar Margareth Samnøen fram ein litografi som var ei gåva frå Fusa overformynderi. Alt i alt vart dette møtet ei verdeleg hylling til ei norskdomskvinna som det lever rike

minne um, og som skipa eit nynorskfond som skal yta tilskot til arbeid med å fremja og dyrka Ivar Aasens mål. Prost Alv Askeland las eit sjeldsynt fint festnummer av "Tuftekallen", og "Vestmannen" hadde gjeve ut eit Øpstad-nummer som gjekk til alle husstandar i Fusa og Samnanger, der Kari Øpstad hadde si lengste yrkesaktive tid. Bladet Os & Fusaposten kom og med eit fint Øpstad-nummer.–

Torsdag 25. oktober heldt laget minnemøte på Bryggens Museum for meisterspelemennene Anders Kjerland, Sigbjørn Bernhoft Osa og Torleiv H. Bjørgum. Spelemannen Leif Rygg og spelemennene Ingeleiv Kjerland Kvammen og Olav Kvammen spela slåttar i tradisjon etter dei tri store meistrane, og Leif Rygg tala um Anders Kjerland og Sigbjørn Bernhoft Osa. Ludv. Jerdal tala um Torleiv H. Bjørgum. Mange spelemenn frå "Fjellbekken" var med på møtet og spela slåttar. Sers gledeleg var det at Anne Osa var med på dette møtet, og at Torgny Skeie og Ingjald Bolsted òg kom frå Voss, og las hyllingskvæde til Osa og Kjerland.

Torsdag 15. november var det møte på Bryggens Museum. Då heidra me miljøvernarar. Forfattaren Christopher John Harris tala inspirert og forvitneleg um dei gamle reperbanor i Bergen, dei som i si tid var største arbeidsstaden i byen. Han synte gode ljosbilete til. Og murmeister Ingv. Rognaldsen fortalde um kampen som han saman med andre hev ført imot vegbyggjarar og andre byråkratar, ein kamp som vart vunnen då Miljøverndepartementet slo fast at reperbana i Fjøsangervegen på Minde skal stå, bana skal ikkje raserast for ei breidare veglina. Andre gode kulturvernarar var og innbedne til dette møtet.

Torsdag 13. desember var me gjester hjå Fokus Bank i festsalen i S. Høgdi. Då tala forfattaren Gunnar Hilberg um "Rhododendron - ei slekt som trivst på Vestlandet". Han skildra den rikdomen me hev i prydvekstrane, og denne rikdomen vart understrika med ei mengd fine fargeljosbilete. Direktør Bjarne Lieberg og andre som hev gjort ein innsats til å gjera Fjellsida i Bergen meir livfull og fargerik var innbedne, og av dei bar direktør Alf Hundersen fram ei takk for mottakingi, samstundes som han upplyste at det kjem fleire gåvor til prydnad av Fjellsida i Bergen.

Torsdag 17. januar 1991 møttest me på Bryggens Museum. Varaformannen, avdelingssjef Leidulv Hundvin heldt eit fyredrag um nasjonalskalden Per Sivle, som gav ei rik innsyn i livet til denne skalden som skreiv dei udøyelege sogekvadi, og som var med og las kvad i Håkonshalli då Vestmannalaget i 1898 innvigde kongshalli etter atterreisingi.

Onsdag 20. februar skipa laget i samarbeid med Johannes kyrkjelyd ein Grundtvigkveld i Johanneskyrkja. Programmet er laga av sokneprest Svein E. Kvamsdal i Ullensvang. Han er no formann i Vestlandske Mållag. Kvamsdal spelar sjølv Grundtvig, og cand. theol. Evy Lisa Kvamsdal er forteljar. Organist Eli Johanne Rønnekleiv sat ved orgelet. Både ho og sokneprest Kvamsdal hadde fine songnummer, og lyden fekk vera med på å syngja Grundtvigsalmar.- Programmet hev titelen "Strengen er af Guld. Grundtvig i ord og tonar". Me er takksam mot Johannes kyrkjelyd for det gode samarbeidet um dette kvalitetsprogrammet.

Bladet "Tuftekallen" hev kome på alle møti, og artiklar og anna frå dette bladet vet no prenta i bladet "Vestmannen".

<u>Fyredrag og talor</u>: På møti er det halde i alt 15 fyredrag eller talor. Desse hev tala: Skuleinspektør Gustav Hantveit, prost Alv Askeland, varaordførar Anders Holmefjord, varaordførar Nils Gåsdal, elverksjef Sverre Sjursen, organist Lars Holdhus, Liv Grytøyr, Ludv. Jerdal (2 fyredrag), spelemannen Leif Rygg, forfattaren Christopher John Harris, murmeister Ingv. Rognaldsen, forfattaren Gunnar Hilberg, avdelingssjef Leidulv Hundvin, og sokneprest Svein E. Kvamsdal.

<u>Eiga</u>: Laget hev luter i Det Norske Teatret, i Norsk Bokreidingslag og i Fokus Bank, det stjornar Henrik Krohns og Magnus Legat og Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising og måldyrking. Grunneigedomen i Fana som høyrer til Walles fond kan verdsetjast til 300.000 kr. Stjorni hev med godkjenning av laget fyrebudd rettssak mot nokre festarar som ikkje hev gjenge med på regulering av festeavgiftene,

og advokat Helge Hansen hev teke på seg å føra saki for Vestmannalaget. Rekneskapen for fondet vert førd av kassastyraren i Vestmannalaget, og Fokus Bank var veitlar midlane til Krohn-legatet.
Målarstykket "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) heng i Hordastova på Hotell Hordaheimen. Eit målarstykke av Sigurd Wigdal heng hjå Eigil Lehmann, og nokre andre gåveting, målarstykke, bøker og anna er lagra hjå formannen. Dei fleste bøkene som laget eig, m. a. restupplaget av "Vestmannalaget i 110 år", er lagra på eit loft på Nygård skole i Bergen, same staden som Norsk Bokreidingslag hev sitt lager. Upplag av "Vestmannen" er fyrebils lagra hjå formannen og hjå Rhema Grafisk A/S. i Bergen. - Sylvkransen som laget la på båra til kunstmålar Olav Rusti i 1920 var i fjor komen på kunstauksjon hjå kunsthandlar Mohn, og stjorni baud fyreåt 1000 kr., og fekk tilslaget på auksjonen. Me ynskte ikkje at den sylvkransen skulde koma på vidvanke.
Gåvor og ytingar: Frå dr. Kari Øpstads Nynorskfond hev laget teke imot kr. 15.000,-. Når tiletlingi vart so stor dette året, kom det av at Fusa Overformynderi ynskte at Vestmannalaget skulde markera 100-års minnet um Kari Øpstad. Og av dei 15.000 kr. skulde 10.000 kr. nyttast til uppdrag for målaren og teiknaren Oddvar Storli. 6500 kr. vart bruka til jubileumsuppdrag, og 3500 kr. er til rådvelde for seinare uppgåvor.- Me viser elles til meldingi framafyre um Kari Øpstad-møtet. Frå Øpstadfondet kom og 1500 kr. til bladet "Vestmannen". Og frå Halldor O. Opedals fond hev laget teke imot dei lovfeste kr. 2000,-. I tilskot til kulturarbeid fekk laget kr. 1200,- frå Bergen kommune.
Heidringar: Lagsmannen Gunnar Gilberg fekk i meldingsåret Heidersgåva av Kjelsvikfondet for diktsamlingi "Sjå attum". På jolemøtet i desember bar formannen fram blomar og ynskte Gilberg til lukka med denne sjeldsynte måldyrkarprisen. - Varaformannen Conrad Clausen døydde i mai 1990. I ei lang årrekkja hadde han vore eit samlande midpunkt i nasjonalt og kulturelt arbeid. I det siste halve året sleit han med helsevanskar; men til årsmøtet i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-Sambandet i Gimle i Bergen 5. mai 1990 greidde han å møta til ei feststund like etter årsmøtet. Då bar Islands konsul i Bergen, Arne Holm, fram Riddarkrossen av Islands Falkeorden til Clausen, saman med heidersbrev frå Forseti Islands, Vigdis Finnbogadottir. Og frå Ivar Aasen-Sambandet, Vestlandske Mållag, Norsk Bokreidingslag og Vestmannalaget bar Ludv. Jerdal fram ei blomekorg til den nyslegne Falkeriddaren. Conrad Clausen takka med ein hjartevarm tale og sende helsing til Forseti Islands. Men alt i slutten av same månaden var livdagen all. På båra i Ask kapell den 1. juni møtte Vestmannalaget med fana i flor, og formannen la krans frå laget. Prost Alv Askeland gjorde tenesta og heldt ein sjeldsynt fin tale um den kulturmannen og kunstnaren som rørsla vår hadde mist. Conrad Clausen skreiv mykje, og han var ein meister i talekunst. Ord var for honom heilag kunst. Han vilde læra folket å kjenna seg sjølv, sin identitet og si fortid. Fred breidde seg alle stader der Conrad Clausen ferdast.
Bladet "Vestmannen". Vestmannalaget er med i Ivar Aasen-sambandet gjenom Vestlandske Mållag, i Bygdelagsnemndi i Bergen, i Håkonshallens Venner, og gjenom Hordaland Folkeopplysningsråd med i Bergen sentrum folkeakademi. Det er utgjevar av "Vestmannen" som kom med 10 nr. i 1990 og er vel umtykt. Serskilt er det grunn til å takka bladstyrar Jostein Krokvik for stor innsats og klok styring.
Heiderslagsmenn: Laget hev no 128 lagsfolk. Av dei er 4 heiderslagsmenn: Anna Bjørndal, Bergen, Eigil Lehmann, Skjoldtun, Ludv. Jerdal, Bergen og Gerh. Garatun-Tjeldstø, Natland.

Bjørgvin 14. mars 1991.

Stjorni i Vestmannalaget:

Ludv. Jerdal. Ingerd Hirth. [illegible]